

	Skjåk kommune	Møteinnkalling
--	----------------------	-----------------------

Utval: Skjåk kommunestyre
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 26.09.2019
Tid: 18:00

Forfall skal meldast til utvalssekretær som syrgjer for innkalling av varamedlemmar. Varamedlemmar møter berre ved spesiell innkalling.

Saksliste

Saksnr	Innhald	Lukka
PS 56/19	Referatsaker	
RS 1/19	Årsmelding og årsregnskap 2018 Regionrådet Nord-Gudbrandsdal	
PS 57/19	Skjåk Energi AS. Frå kommunalt selskap til aksjeselskap.	
PS 58/19	ROS-analyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune	
PS 59/19	Plan for miljøretta helsevern i Skjåk kommune	
PS 60/19	Plan for helsemessig og sosial beredskap i Skjåk kommune	
PS 61/19	Smittevern- og pandemiplan for Skjåk kommune	
PS 62/19	Plassering av inntekter i investeringsrekneskapen	
PS 63/19	Tilstandsrapport barnehage 2018/19	
PS 64/19	Tertialrapport haust 2019	
PS 65/19	Oppseiing av avtale - Personvernombud	
PS 66/19	Nytt treningssenter i Skjåk	
PS 67/19	El-sykelstig Dønfoss - Langvatn	
PS 68/19	Revisjon av reglar for folkevalde 2019	
PS 69/19	Vurdering av skredfare frå Bosmeberget	

PS 56/19 – Referatsak

Årsmelding og årsreknesap 2018 Regionrådet Nord-Gudbrandsdal



Skjåk kommune

Arkivsak: 2018/68-8
Arkiv: 200
Saksbehandlar: Ivar Bø
Dato: 11.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
50/19	Formannskapet	17.09.2019
57/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Skjåk Energi AS. Frå kommunalt selskap til aksjeselskap.

Saksdokument

Rapport frå referansegruppa for utarbeiding av styringsdokument for Skjåk Energi AS

Saksutgreiing

Bakgrunn

Kommunestyret og formannskapet i Skjåk kommune gjorde slike vedtak forsommaren 2019:

«Vedtak i Skjåk kommunestyre - 25.04.2019

1. Skjåk Energi KF blir omdanna til Skjåk Energi AS, der innmaten i Skjåk Energi KF vert skoten inn i Skjåk Energi AS som tingsinnskott.
2. Ansvarleg lån frå kommunen på 93.024.804,70 kroner, blir transportert frå Skjåk Energi KF over til Skjåk Energi AS.
3. Styret i Skjåk Energi KF får fullmakt til å signere transporterklæring av lån og overføring av heimlar, rettar og forpliktingar, frå Skjåk Energi KF til Skjåk Energi AS
4. Skjåk Energi KF vert oppløyst og sletting av selskap vert gjennomført, når omdanninga er ferdig, og etter at alle heimlar, rettar og forpliktingar er overført. «

Det er vidare vedteke at formannskapet skal vere referansegruppe for det vidare arbeidet med den praktiske gjennomføringa. Det inneber mellom anna å utarbeide styringsdokumenta for generalforsamlinga si styring av selskapet i åra framover.

I formannskapsmøtet 11. juni 2019 vart det fatta slik vedtak:

«Den vidare prosessen i arbeidet med omdanning av Skjåk Energi KF til AS blir slik:

13.august: utkast til styringsdokument blir sendt som saksdokument til referansegruppa/
formannskapet

20.august: møte i referansegruppa/formannskapet

27.august: revidert utkast til referansegruppa/formannskapet

03.september: andre møte i referansegruppa/formannskapet
17.september: sluttbehandling i formannskapet, innstilling til kommunestyret
26.september: behandling i kommunestyret. «

Skjåk kommunestyre har vedteke endra versjonar av dei ovanfor nemnde avtalene. Denne rapporten omhandlar først og fremst regulering av forholdet mellom eigar, Skjåk kommune og styret i Skjåk Energi AS.

Formannskapet i Skjåk har, slik vedtaket seier, vore referansegruppe i arbeidet. Desse har delteke i arbeidet:

Elias Sperstad (SP)

Per Lars Lien (SP)

Edel Kveen (SP)

Odd Joar Plassen (uavhengig)

Eva Terese Hyrve (AP).

Frå administrasjonen: Ivar Bø (kommunedirektør) og Eli Johanne Lundemo (sekretær).

I arbeidet har administrasjonen samarbeidd med Skjåk Energi AS og hatt hjelp frå Ernst & Young.

Ulike type styringsdokument

Skjåk Energi har til nå vore organisert som eit kommunalt føretak. Det er reglane i kommunelova som har vore gjeldande for tilhøvet mellom eigar og verksemd. Frå 1.januar 2021 vil den nye energilova bli sett i verk. Den krev at nettselskap skal vere eigne juridiske einingar, og ikkje eigd av selskap som sel kraft. Det er dette som er eit selskapsmessig skilje mellom nettverksemd og anna kraftforvaltning. Lovendringa gjer at Skjåk Energi må omdannast til eit aksjeselskap, og seinare til eit konsern der nett og kraftomsetnad ligg i kvar sine dotterselskap. Eit aksjeselskap er vesensforskjellig frå eit kommunalt føretak. I eit aksjeselskap er det reglane i aksjelova som gjeld, sjølv om selskapet som i dette tilfelle er hundre prosent kommunalt eigd.

Styringsforma er forskjellig i dei forskjellige selskapstypene. Verksemda i eit aksjeselskap må tuftast på forretningsmessige prinsipp. Kommunen sitt styringsgrep i aksjeselskap vil måtte skje gjennom vedtak i generalforsamlinga, krav til styret og i form av ulike styringsdokument. Det er ei rekkje styringsdokument som har ulik rangordning og funksjon, som vedtekter, aksjonæravtale, styreinstruks og eigarmelding. Desse har ulik rettsleg binding, og generalforsamlinga må ta stilling til kva som skal nedfellast i dei ulike dokumenta. Under er først ei generell vurdering av dei ulike dokumenttypene før det i neste del er utkast til konkrete styringsdokument for Skjåk Energi AS.

Det er ei rekkje avtaler som regulerer Skjåk kommune sin rett til kraftuttak enten i form av konsesjonskraft eller avtalekraft. Desse vil ligge fast sjølv om selskapsforma til Skjåk Energi endrar seg. Men det er og avtaler som handlar om leiingsnett og overføringsliner. Alt dette må ein gå gjennom for å sikre at det ikkje er noko som bryt med den nye selskapsforma.

I stiftingsdokument for eit aksjeselskap skal det liggje ved eit sett med vedtekter for verksemda. Vedtekter er altså eit obligatorisk sett med reglar som skal inngå i stiftingsgrunnlaget til ei verksemd. Innanfor lova sine rammer er dei bindande for selskapet. Det er inga grense for kva som inngår i vedtektene så sant dei ikkje er i strid med ufråvikelege rettsreglar. Etter aksjelova §2-2 er minstekravet til vedtektene at følgjande er med:

- Selskapet sitt namn
- Kva som er selskapet sitt føremål
- Storleiken på aksjekapitalen
- Kva som er pålydande for aksjen.

Generalforsamlinga må ta stilling til om det også skal inn ei utdjuping av føremålet med verksemda og måten verksemda skal drivast på, eller om det skal utdjupast nærare i underliggjande dokument.

Etter at vedtektene er på plass er det ikkje uvanleg at eigarane i tillegg inngår ei aksjonæravtale. Ei verksemd er ikkje pålagt å ha ei aksjonæravtale. Omgrepet har difor ikkje nokor rettsleg meining i seg sjølv, men er å sjå som ein del av den alminnelege kontraktsretten.

Ei aksjonæravtale har som formål å regulere særskilte forhold mellom aksjonærane eller mellom aksjonærer og andre som skal ha spesielle rettar i verksemda, som t.d. framtidige eigarar eller långjevarar. Innhaldet i ei slik avtale kan vere forkjepsrett til aksjar, røysterett i generalforsamling eller aksjonærane sin rett til å drive konkurrerande verksemd, for å nemne noko.

Aksjonæravtaler er ofte nytta ved overgang frå ansvarleg selskap til aksjeselskap for å sikre tidlegare eigarar si vedtaksmynde, og ved generasjonsskifte for å sikre arvingars rettar. I små verksemdar kan ei slik avtale regulere arbeids- og lønstilhøva mellom eigarane, styresamansetting og aksjonærane sin lojalitet i verksemda. Slike avtaler skal regulere forholdet mellom ulike aksjonærer i eit selskap. I tilfellet Skjåk Energi AS med ein aksjonær, er det ikkje nødvendig med ei aksjonæravtale. Dette er heller ikkje ei lovpålagt plikt. Derimot er det eit krav i aksjelova (§6-23) at verksemdar der dei tilsette er representert i styret har ein styreinstruks. Dagleg leiar sine arbeidsoppgåver og plikt blir fastsett i styreinstruksen. I motsetnad til aksjonæravtale så er ei verksemd pålagt styreinstruks der dei tilsette er representerte i styret, som altså i dag er tilfelle for Skjåk Energi AS. Styreinstruksen skal regulere kva saker som skal styrebehandlast og dagleg leiar sine arbeidsoppgåver og plikter overfor styret. Instruksen skal også ha reglar for innkalling og møtebehandling. Det er styreleiar som tek initiativ til utarbeiding av styreinstruks og som sørgjer for at denne blir oppdatert jamleg. Styret og daglig leiar må avklare kva for fullmakter dagleg leiar skal ha i den daglege drifta av selskapet og kva som skal handsamast i styret.

Aksjelova set ikkje krav til eigarmelding. Det gjer heller ikkje den gamle kommunelova. I ny kommunelov er det derimot ein paragraf som omhandlar kommunalt eigarskap.

For eit aksjeselskap som Skjåk Energi AS som er heileigd av Skjåk kommune, vil den formaliserte delen av eigarstyringa regulerast av den generelle lovgivinga som gjeld for

selskapsforma. Dette er lovreglar som gjeld for alle eigarar. Aksjelova har reglar om vedtekter ved stifting av selskap og om generalforsamling. Lov om interkommunale selskap har reglar om selskapsavtale ved oppretting av interkommunale selskap og om representantskapsmøtet.

Den delen av kommunens si eigarstyring som kjem i tillegg til dette, kan for eksempel vere direkte kontakt med selskapet gjennom eigarmøte mellom kommunen og selskapet si leiing. Det kan også vere ved utarbeiding av styringsdokument som inneheld prinsipp for eigarstyring, eigarstrategi for det enkelte selskapet og eigarskapsmelding. Korleis dette skal skje er ikkje lovregulert.

I eit aksjeselskap er det altså ikkje nødvendig med ei eigarmelding. Men i verksemda der ein kommune har fullt eigarskap til aksjane i verksemda er det fornuftig med ei eigarmelding. Denne treng ikkje tinglysast, og vil kunne reviderast jamleg i takt med nye krav og endringar.

For å unngå for mange styringsdokument og uklåre grenseflater mellom desse både når det gjeld styringskraft, formalitet og nivå, tilrår referansegruppa at tilhøvet mellom eigar Skjåk kommune og selskapet Skjåk Energi AS blir regulert av vedtekter og eit dokument som viser dei overordna styringsprinsippa for verksemda.

Kommunen skal lage eigarmelding for dei kommunale selskapa uavhengig av eigarform, og i denne eigarmelding skal også Skjåk Energi AS ha ei oppdatert omtale. Ei slik eigarmelding bør leggast ved årsmelding og rekneskap for det enkelte år, første gong våren 2020.

Vurdering

Ved stiftinga av Skjåk Energi AS 5. januar 2018 vart det utarbeidd vedtekter for det nye selskapet. Referansegruppa har med hjelp frå revisor i Ernst og Young AS og Skjåk Energi AS hatt ein gjennomgang av vedtektene, og legg her fram forslag til reviderte vedtekter. Slik dei nå er utforma, fyller dei aksjelovas krav til innhald, samstundes som dei er gjort langt enklare enn dagens vedtekter. For at eigar skal sikrast nødvendig og ønskjeleg styring utover vedtektene, har referansegruppa utforma eit sett med overordna styringsprinsipp i eit eige dokument, som også ligg i denne saka. Vedtektene må tinglysast, det må ikkje tilleggsdokumentet. Men det er likevel ønskjeleg at eigar sine overordna krav til verksemda blir offentlege og tinglyste. Difor bør også det siste dokumentet tinglysast.

Kommunedirektøren si tilråding er at Skjåk kommunestyre behandlar kvart punkt i vedtektene og dokumentet for overordna styring. Difor ligg desse inne som forslag til vedtak. I tillegg kom det i den siste høyringsrunden i referansegruppa framlegg til endringar i det overordna styringsdokumentet. Dette har ikkje vore behandla av referansegruppa samla, og er difor her sett opp som eit diskusjonspunkt.

Framlegg til nye vedtekter:

§ 1 Namn og forretningsadresse

Namnet på selskapet er Skjåk Energi AS

§ 2 Føremål

Skjåk Energi AS skal forvalte kratrettane til det beste for Skjåk kommune. Skjåk Energi skal sikre god og langsiktig avkastning av kraftsal. Selskapet skal medverke til utvikling og vekst i kommunen.

Skjåk Energi AS skal sikre kundane i sitt konsesjonsområde eit godt og stabilt nett.

Skjåk Energi AS skal kunne drive med anna verksemd som er naturleg for selskapet, t.d. utbygging av fiber og kjelder for fornybar energi.

§ 3 Selskapet sitt forretningskontor

Forretningskontoret til selskapet er i Skjåk.

§ 4 Leiing

Selskapet si generalforsamling er selskapet sitt øvste organ. Selskapet skal leiaast av eit styre. Dagleg leiar, everksjefen, skal tilsetjast av Skjåk Energi AS sitt styre.

§ 5 Styre

Styret skal bestå av leiar og 4 medlemmar med personlege varamedlemmer. Eit styremedlem med varamedlem skal veljast av og blant dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar for styret. Funksjonstida for medlemene i styret er 4 år. Første gong skal 2 av medlemene som er valt, ha ei funksjonstid på 2 år.

§ 6 Styremøte

Styret held møte så ofte styreleiaren eller dagleg leiar finn det naudsynt, eller når eit styremedlem krev det. Styreleiaren kallar inn til styremøte. Så langt det er råd, skal innkallinga nemne dei sakene som skal handsamast.

Dagleg leiar har ansvar for å førebu sakene, og har rett og plikt til å vere til stades på styremøta. Dagleg leiar har tale- og framleggsrett, men ikkje røysterett.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades. Ved lik røysting, er styreleiaren si røyst avgjerande. Det skal førast protokoll frå styret sine møte.

§ 7 Styret sine gjeremål

Styret leier selskapet i tråd med vedtektene. Det høyrer under styret å forvalte selskapet sine saker og syte for at selskapet si verksemd er forsvarleg organisert. Styret leier selskapet i samsvar med gjeldande lover og vedtekter.

Styret kan delegere til dagleg leiar å ta avgjerd i enkelte saker. Styret kan gje prokura.

§ 8 Styret sitt ansvar

Styret skal sikre at Skjåk Energi AS vert drive på ein teknisk, økonomisk og forretningsmessig forsvarleg måte.

§ 9 Selskapets kapital

Selskapets kapital er kr 10 020 000 fordelt på 30 000 aksjer med pålydende kr 334,-, pr aksje.

§ 10 Signaturbestemmelse

Selskapet vert teikna av styreleiar saman med dagleg leiar.

Styringsdokument med overordna prinsipp for eigarstyring

Skjåk kommunestyre har i dag, som eigar av 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS, vedteke overordna prinsippa for styring av Skjåk Energi AS. Dette er ei utdjuping av relasjonen mellom generalforsamling og styret slik den er nedfelt i vedtektene for selskapet.

Eigarforhold

Selskapet har i dag ein eigar, Skjåk kommune, som eig 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS.

Skjåk kommunestyre i plenum er generalforsamling.

Føremål.

Skjåk Energi AS skal vere:

- Eit energiselskap som produserer, transporterar, og sel fornybar energi.
- Ein lokal samfunnsbyggjar og ha sterk lokal identitet.
- Eit energikonsern i Skjåk som gjev lokal verdiskaping og stabilt utbytte til eigar.
- Eit selskap som utviklar og byggjer kompetanse og nyttar eigne og lokale ressursar så langt det er rasjonelt.
- Eit selskap som sikrar god forsyningsikkerheit.
- Ein stabil og attraktiv arbeidsplass.
- Eit selskap som tek ansvar og medverkar til samfunnets bevissthet rundt fornybar og bærekraftig energi.

Skjåk Energi AS skal kunne drive med anna verksemd som er naturleg for selskapet.

Alternative formuleringar:

- Skjåk Energi AS skal sikre kraftforsyning til kundar i Skjåk, og til andre som vil kjøpe kraft.
- Skjåk Energi AS skal kjøpe og selje energi (elektrisitet) til konkurransedyktige prisar og stå for naudsynt energifordeling

Sal/eigarskifte

Skjåk kommune eig 100 pst av aksjane. Skal ein del av aksjane i selskapet seljast, kravst minst 2/3 fleirtal i to kommunestyre.

Det same gjeld ved eit eventuelt sal av dotterselskap som eig eller forvaltar kraftrettane for Skjåk kommune. Ved eventuelt sal av aksjar i dotterselskap, må ein sikre at det ikkje er noko som kan hindre eigar å selja til rett tid, om økonomiske forhold tilseier det. Sal av aksjar i dotterselskapa skal vedtakast i generalforsamlinga for Skjåk Energi AS.

Arbeidsforhold

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er Skjåk kommunestyre. Generalforsamlinga skal arbeide for mest muleg einskapleg styring av selskapet.

Vedtak i formannskap og kommunestyre skal formidlast til styret i verksemda på ein eintydig måte. Dette skal skje i skriftleg form.

Styret

Styret rapporterer til generalforsamlinga minst ein gong i året, i samband med årsmelding og rekneskap. Dette skal skje innan utgangen av juni kvart år. Utover dette vil generalforsamlinga kunne be om å bli orientert om verksemda si utvikling i løpet av budsjettåret.

Ordførar og kommunens administrative leiar har møte- og talerett i styret. Det skal vere ein kontinuerleg dialog i saker som krev tettare oppfølging.

Dagleg leiar

Skjåk Energi AS skal ha ein dagleg leiar som er ansvarleg for den daglege drifta, og som har ansvar for å rapportere attende til styret om utviklinga i verksemda. Etter aksjelova §6-15 skal dagleg leiar minst kvar fjerde månad gje styret ei orientering om verksemda, selskapet si stilling og resultat. Dette kan skje oftare om styret finn det føremålstenleg

Dagleg leiar skal vere lojal mot verksemda sine vedtekter, styreinstruksen og styret sine vedtak.

Utbytte

Skjåk kommune som eigar kan hente ut utbytte frå Skjåk Energi AS.

Det blir lagt til grunn at minst 50 pst av resultat etter skatt skal overførast til eigar, Skjåk kommune, som utbytte kvart år. Dette er likevel avhengig av at selskapet har forsvarleg eigenkapital og likviditet. Styret vurderer i kva grad resterande 50 pst skal overførast som utbytte til eigar eller overførast til Skjåk Energi AS sin eigenkapital ut frå kapitalbehov. Fordeling av utbytte skal gå fram av eiga note i rekneskapen.

Kompetanse

Skjåk Energi AS skal ha nødvendig kompetanse om nettdrift, kraftforvaltning og sal av overskotskraft. Selskapet skal sjølv vere i stand til å selje overskotskraft i den opne kraftmarknaden.

Skjåk Energi AS skal utvikle kompetanse på fornybar energi og klimarettete energiformer.

Prispolitikk

Styret i Skjåk Energi AS har fullmakt til å fastsette nett-tariffar og pris på straum til kundane. Skjåk Energi AS skal til kvar tid vurdere om kundane i Skjåk kommune kan få tilbod om kraftpris, som ligg under marknadsprisen, men prispolitikken må også vurderast i lys av god lønnssemd og skattemessige tilhøve.

Tilhøvet til konkurrerende verksemdar

Skjåk Energi AS skal ikkje inngå samarbeid med konkurrerende verksemdar som gjev tap av råderett over kraftrettane.

Eigar sine krav til styret

Styret skal

- etterleve aksjelova sine krav til styre, jamfør kapittel 6 i aksjelova
- føre tilsyn med at e-verket vert drive på ein forsvarleg og forretningsmessig måte
- foreta ein årleg gjennomgang av strategi og handlingsplan, formulere mål og gje retning for selskapet si drift
- sørge for at det vert utarbeid budsjett og langsiktige planar
- leggje fram årsmelding og rekneskap for generalforsamlinga med forslag om disponering resultat ut frå dei prinsipp som ligg i det overordna styringsdokumentet
- gjennom periodiske rapportar sikre at selskapet fyller oppsette mål, og gjennomføre korrigerande tiltak dersom dette er nødvendig
- sørge for at selskapet er rett organisert og har nødvendige ressursar for å nå vedtekne mål
- å fremje forslag for generalforsamlinga om godkjenning av kraftkjøp- og kraftsalskontrakter. Skjåk kommune er kontraktspart for kraftrettane og oppbevarer originaldokumenta. Kontraktene blir gått gjennom og supplert minst ein gong i året. Skjåk kommune er ansvarleg for revisjon av kraftrettane.
- å gje innstilling i alle saker som skal til handsaming i generalforsamlinga
- det skal utarbeidast eit risikodokument med ein sikringsstrategi knytt til kraftpris, valuta, fullmakter mv.

Strategi

Styret for Skjåk Energi AS skal utarbeide ein fireårig strategi for verksemda.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er ansvarleg for at drift og utvikling av Skjåk Energi AS skjer etter gjeldande regel- og lovverk, og elles av det som ligg som føringar for verksemda.

Hovudverksemda

Energiselskapet Skjåk Energi AS har ansvar for å forvalte Skjåk kommune sine kraftrettar slik at det gjev optimalt utbytte til beste for innbyggjarane.

Selskapet har eit selskapsmessig skilje mellom nettverksemd og anna verksemd.

Skjåk Energi AS er morselskap for dotterselskap som driv nettverksemd, dotterselskap som driv med sal av kraft og eventuelt dotterselskap som driv annan verksemd.

Etiske retningslinjer

Skjåk Energi AS skal ha etiske retningslinjer for verksemda. Disse skal vere eit eigna verkty for å skape ein god kultur i verksemda.

Valkomité

Generalforsamlinga (kommunestyret) vel ein valkomité på 3 medlemmer og ein varamedlem. Dei skal og velja leiar i valkomiteen. Valet skal skje blant generalforsamlinga sine medlemmer. Valet gjeld for 2 år. Valkomiteen skal førebu valet av medlemmer og varamedlemmer til styret, generalforsamlinga og valkomiteen. Valkomiteen skal grunngje si innstilling.

Kommunedirektøren si innstilling

1. Skjåk kommunestyre vedtek desse vedtektene for Skjåk Energi AS:

§ 1 Namn og forretningsadresse

Namnet på selskapet er Skjåk Energi AS

§ 2 Føremål

Skjåk Energi AS skal forvalte krattrettane til det beste for Skjåk kommune. Skjåk Energi skal sikre god og langsiktig avkastning av kraftsal. Selskapet skal medverke til utvikling og vekst i kommunen.

Skjåk Energi AS skal sikre kundane i sitt konsesjonsområde eit godt og stabilt nett.

Skjåk Energi AS skal kunne drive med anna verksemd som er naturleg for selskapet, t.d. utbygging av fiber og kjelder for fornybar energi.

§ 3 Selskapet sitt forretningskontor

Forretningskontoret til selskapet er i Skjåk.

§ 4 Leiing

Selskapet si generalforsamling er selskapet sitt øvste organ. Selskapet skal leiast av eit styre. Dagleg leiar, everksjefen, skal tilsetjast av Skjåk Energi AS sitt styre.

§ 5 Styre

Styret skal bestå av leiar og 4 medlemmar med personlege varamedlemmer. Eit styremedlem med varamedlem skal veljast av og blant dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar for styret. Funksjonstida for medlemene i styret er 4 år. Første gong skal 2 av medlemene som er valt, ha ei funksjonstid på 2 år.

§ 6 Styremøte

Styret held møte så ofte styreleiaren eller dagleg leiar finn det naudsynt, eller når eit styremedlem krev det. Styreleiaren kallar inn til styremøte. Så langt det er råd, skal innkallinga nemne dei sakene som skal handsamast.

Dagleg leiar har ansvar for å førebu sakene, og har rett og plikt til å vere til stades på styremøta. Dagleg leiar har tale- og framleggsrett, men ikkje røysterett.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades. Ved lik røysting, er styreleiaren si røyst avgjerande. Det skal førast protokoll frå styret sine møte.

§ 7 Styret sine gjeremål

Styret leier selskapet i tråd med vedtektene. Det høyrer under styret å forvalte selskapet sine saker og syte for at selskapet si verksemd er forsvarleg organisert. Styret leier selskapet i samsvar med gjeldande lover og vedtekter.

Styret kan delegere til dagleg leiar å ta avgjerd i enkelte saker. Styret kan gje prokura.

§ 8 Styret sitt ansvar

Styret skal sikre at Skjåk Energi AS vert drive på ein teknisk, økonomisk og forretningsmessig forsvarleg måte.

§ 9 Selskapets kapital

Selskapets kapital er kr 10 020 000 fordelt på 30 000 aksjer med pålydende kr 334,-, pr aksje.

§ 10 Signaturbestemmelse

Selskapet vert teikna av styreleiar saman med dagleg leiar.

2. Skjåk kommunestyre vedtek desse eigarstyringsprinsippa for Skjåk Energi AS

Skjåk kommunestyre har i dag, som eigar av 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS, vedteke overordna prinsippa for styring av Skjåk Energi AS. Dette er ei utdjuping av relasjonen mellom generalforsamling og styret slik den er nedfelt i vedtektene for selskapet.

Eigarforhold

Selskapet har i dag ein eigar, Skjåk kommune, som eig 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS.

Skjåk kommunestyre i plenum er generalforsamling.

Føremål.

Skjåk Energi AS skal vere:

- Eit energiselskap som produserer, transporterar, og sel fornybar energi.
- Ein lokal samfunnsbyggjar og ha sterk lokal identitet.
- Eit energikonsern i Skjåk som gjev lokal verdiskaping og stabilt utbytte til eigar.
- Eit selskap som utviklar og byggjer kompetanse og nyttar egne og lokale ressursar så langt det er rasjonelt.
- Eit selskap som sikrar god forsyningsikkerheit.
- Ein stabil og attraktiv arbeidsplass.
- Eit selskap som tek ansvar og medverkar til samfunnets bevissthet rundt fornybar og bærekraftig energi.

Skjåk Energi AS skal kunne drive med anna verksemd som er naturleg for selskapet.

Alternative formuleringar:

- Skjåk Energi AS skal sikre kraftforsyning til kundar i Skjåk, og til andre som vil kjøpe kraft.
- Skjåk Energi AS skal kjøpe og selje energi (elektrisitet) til konkurransedyktige prisar og stå for naudsynt energifordeling

Sal/eigarskifte

Skjåk kommune eig 100 pst av aksjane. Skal ein del av aksjane i selskapet seljast, kravst minst 2/3 fleirtal i to kommunestyre.

Det same gjeld ved eit eventuelt sal av dotterselskap som eig eller forvaltar kraftrettane for Skjåk kommune. Ved eventuelt sal av aksjar i dotterselskap, må ein sikre at det ikkje er noko som kan hindre eigar å selja til rett tid, om økonomiske forhold tilseier det. Sal av aksjar i dotterselskapa skal vedtakast i generalforsamlinga for Skjåk Energi AS.

Arbeidsforhold

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er Skjåk kommunestyre. Generalforsamlinga skal arbeide for mest muleg einskapleg styring av selskapet.

Vedtak i formannskap og kommunestyre skal formidlast til styret i verksemda på ein eintydig måte. Dette skal skje i skriftleg form.

Styret

Styret rapporterer til generalforsamlinga minst ein gong i året, i samband med årsmelding og rekneskap. Dette skal skje innan utgangen av juni kvart år. Utover dette vil generalforsamlinga kunne be om å bli orientert om verksemda si utvikling i løpet av budsjettåret.

Ordførar og kommunens administrative leiar har møte- og talerett i styret. Det skal vere ein kontinuerleg dialog i saker som krev tettare oppfølging.

Dagleg leiar

Skjåk Energi AS skal ha ein dagleg leiar som er ansvarleg for den daglege drifta, og som har ansvar for å rapportere attende til styret om utviklinga i verksemda. Etter aksjelova §6-15 skal dagleg leiar minst kvar fjerde månad gje styret ei orientering om verksemda, selskapet si stilling og resultat. Dette kan skje oftare om styret finn det føremålstenleg

Dagleg leiar skal vere lojal mot verksemda sine vedtekter, styreinstruksen og styret sine vedtak.

Utbytte

Skjåk kommune som eigar kan hente ut utbytte frå Skjåk Energi AS.

Det blir lagt til grunn at minst 50 pst av resultat etter skatt skal overførast til eigar, Skjåk kommune, som utbytte kvart år. Dette er likevel avhengig av at selskapet har forsvarleg eigenkapital og likviditet. Styret vurderer i kva grad resterande 50 pst skal overførast som

utbytte til eigar eller overførast til Skjåk Energi AS sin eigenkapital ut frå kapitalbehov. Fordeling av utbytte skal gå fram av eiga note i rekneskapen.

Kompetanse

Skjåk Energi AS skal ha nødvendig kompetanse om nettdrift, kraftforvaltning og sal av overskotskraft. Selskapet skal sjølv vere i stand til å selje overskotskraft i den opne kraftmarknaden.

Skjåk Energi AS skal utvikle kompetanse på fornybar energi og klimarett energiformer.

Prispolitikk

Styret i Skjåk Energi AS har fullmakt til å fastsette nett-tariffar og pris på straum til kundane. Skjåk Energi AS skal til kvar tid vurdere om kundane i Skjåk kommune kan få tilbod om kraftpris, som ligg under marknadsprisen, men prispolitikken må også vurderast i lys av god lønssemnd og skattemessige tilhøve.

Tilhøvet til konkurrerande verksemder

Skjåk Energi AS skal ikkje inngå samarbeid med konkurrerande verksemder som gjev tap av råderett over kraftrettane.

Eigar sine krav til styret

Styret skal

- etterleve aksjelova sine krav til styre, jamfør kapittel 6 i aksjelova
- føre tilsyn med at e-verket vert drive på ein forsvarleg og forretningsmessig måte
- foreta ein årleg gjennomgang av strategi og handlingsplan, formulere mål og gje retning for selskapet si drift
- sørge for at det vert utarbeid budsjett og langsiktige planar
- leggje fram årsmelding og rekneskap for generalforsamlinga med forslag om disponering resultat ut frå dei prinsipp som ligg i det overordna styringsdokumentet
- gjennom periodiske rapportar sikre at selskapet fyller oppsette mål, og gjennomføre korrigerande tiltak dersom dette er nødvendig
- sørge for at selskapet er rett organisert og har nødvendige ressursar for å nå vedtekne mål
- å fremje forslag for generalforsamlinga om godkjenning av kraftkjøp- og kraftsalskontrakter. Skjåk kommune er kontraktspart for kraftrettane og oppbevarer orginaldokumenta. Kontraktene blir gått gjennom og supplert minst ein gong i året. Skjåk kommune er ansvarleg for revisjon av kraftrettane.
- å gje innstilling i alle saker som skal til handsaming i generalforsamlinga
- det skal utarbeidast eit risikodokument med ein sikringsstrategi knytt til kraftpris, valuta, fullmakter mv.

Strategi

Styret for Skjåk Energi AS skal utarbeide ein fireårig strategi for verksemda.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er ansvarleg for at drift og utvikling av Skjåk Energi AS skjer etter gjeldande regel- og lovverk, og elles av det som ligg som føringar for verksemda.

Hovudverksemda

Energiselskapet Skjåk Energi AS har ansvar for å forvalte Skjåk kommune sine kraftrettar slik at det gjev optimalt utbytte til beste for innbyggjarane.

Selskapet har eit selskapsmessig skilje mellom nettverksemd og anna verksemd.

Skjåk Energi AS er morselskap for dotterselskap som driv nettverksemd, dotterselskap som driv med sal av kraft og eventuelt dotterselskap som driv annan verksemd.

Etiske retningsliner

Skjåk Energi AS skal ha etiske retningsliner for verksemda. Desse skal vere eit eigna verkty for å skape ein god kultur i verksemda.

Valkomit 

Generalforsamlinga (kommunestyret) vel ein valkomit  p  3 medlemmer og ein varamedlem.

Dei skal og velja leiar i valkomiteen. Valet skal skje blant generalforsamlinga sine medlemmer.

Valet gjeld for 2  r. Valkomiteen skal f rebu valet av medlemmer og varamedlemmer til styret, generalforsamlinga og valkomiteen. Valkomiteen skal grunngje si innstilling.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2019

Endringsforslag frå formannskapet:

Alternative formuleringar utgår.

Teksten i § 10 Signaturbestemmelse, pkt.2 endrast frå:

«Eigarforhold

Selskapet har i dag ein eigar, Skjåk kommune, som eig 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS, vedteke overordna prinsippa for styring av Skjåk Energi AS.»

Endrast til:

«Eigarforhold

Selskapet har ein eigar, Skjåk kommune, som eig 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS, vedteke overordna prinsippa for styring av Skjåk Energi AS.»

Kommunedirektøren si innstilling med endringsforslag frå formannskapet samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 17.09.2019

Innstilling til kommunestyret:

1. Skjåk kommunestyre vedtek desse vedtektene for Skjåk Energi AS:

§ 1 Namn og forretningsadresse

Namnet på selskapet er Skjåk Energi AS

§ 2 Føremål

Skjåk Energi AS skal forvalte kratrettane til det beste for Skjåk kommune. Skjåk Energi skal sikre god og langsiktig avkastning av kraftsal. Selskapet skal medverke til utvikling og vekst i kommunen.

Skjåk Energi AS skal sikre kundane i sitt konsesjonsområde eit godt og stabilt nett.

Skjåk Energi AS skal kunne drive med anna verksemd som er naturleg for selskapet, t.d. utbygging av fiber og kjelder for fornybar energi.

§ 3 Selskapet sitt forretningskontor

Forretningskontoret til selskapet er i Skjåk.

§ 4 Leiing

Selskapet si generalforsamling er selskapet sitt øvste organ. Selskapet skal leiast av eit styre. Dagleg leiar, everksjefen, skal tilsetjast av Skjåk Energi AS sitt styre.

§ 5 Styre

Styret skal bestå av leiar og 4 medlemmar med personlege varamedlemmer. Eit styremedlem med varamedlem skal veljast av og blant dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar for styret. Funksjonstida for medlemene i styret er 4 år. Første gong skal 2 av medlemene som er valt, ha ei funksjonstid på 2 år.

§ 6 Styremøte

Styret held møte så ofte styreleiaren eller dagleg leiar finn det naudsynt, eller når eit styremedlem krev det. Styreleiaren kallar inn til styremøte. Så langt det er råd, skal innkallinga nemne dei sakene som skal handsamast.

Dagleg leiar har ansvar for å førebu sakene, og har rett og plikt til å vere til stades på styremøta. Dagleg leiar har tale- og framleggsrett, men ikkje røysterett.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades. Ved lik røysting, er styreleiaren si røyst avgjerande. Det skal førstast protokoll frå styret sine møte.

§ 7 Styret sine gjeremål

Styret leier selskapet i tråd med vedtektene. Det høyrer under styret å forvalte selskapet sine saker og syte for at selskapet si verksemd er forsvarleg organisert. Styret leier selskapet i samsvar med gjeldande lover og vedtekter.

Styret kan delegere til dagleg leiar å ta avgjerd i enkelte saker. Styret kan gje prokura.

§ 8 Styret sitt ansvar

Styret skal sikre at Skjåk Energi AS vert drive på ein teknisk, økonomisk og forretningsmessig forsvarleg måte.

§ 9 Selskapets kapital

Selskapets kapital er kr 10 020 000 fordelt på 30 000 aksjer med pålydende kr 334,-, pr aksje.

§ 10 Signaturbestemmelse

Selskapet vert teikna av styreleiar saman med dagleg leiar.

2. Skjåk kommunestyre vedtek desse eigarstyringsprinsippa for Skjåk Energi AS

Skjåk kommunestyre har, som eigar av 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS, vedteke overordna prinsippa for styring av Skjåk Energi AS. Dette er ei utdjuping av relasjonen mellom generalforsamling og styret slik den er nedfelt i vedtektene for selskapet.

Eigarforhold

Selskapet har ein eigar, Skjåk kommune, som eig 100 pst av aksjane i Skjåk Energi AS.

Skjåk kommunestyre i plenum er generalforsamling.

Føremål.

Skjåk Energi AS skal vere:

- Eit energiselskap som produserer, transporterar, og sel fornybar energi.
- Ein lokal samfunnsbyggjar og ha sterk lokal identitet.
- Eit energikonsern i Skjåk som gjev lokal verdiskaping og stabilt utbytte til eigar.

- Eit selskap som utviklar og byggjer kompetanse og nyttar egne og lokale ressursar så langt det er rasjonelt.
- Eit selskap som sikrar god forsyningssikkerheit.
- Ein stabil og attraktiv arbeidsplass.
- Eit selskap som tek ansvar og medverkar til samfunnets bevissthet rundt fornybar og bærekraftig energi.

Skjåk Energi AS skal kunne drive med anna verksemd som er naturleg for selskapet.

Sal/eigarskifte

Skjåk kommune eig 100 pst av aksjane. Skal ein del av aksjane i selskapet seljast, kravst minst 2/3 fleirtal i to kommunestyre.

Det same gjeld ved eit eventuelt sal av dotterselskap som eig eller forvaltar kraftrettane for Skjåk kommune. Ved eventuelt sal av aksjar i dotterselskap, må ein sikre at det ikkje er noko som kan hindre eigar å selja til rett tid, om økonomiske forhold tilseier det. Sal av aksjar i dotterselskapa skal vedtakast i generalforsamlinga for Skjåk Energi AS.

Arbeidsforhold

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er Skjåk kommunestyre. Generalforsamlinga skal arbeide for mest muleg einskapleg styring av selskapet.

Vedtak i formannskap og kommunestyre skal formidlast til styret i verksemda på ein eintydig måte. Dette skal skje i skriftleg form.

Styret

Styret rapporterer til generalforsamlinga minst ein gong i året, i samband med årsmelding og rekneskap. Dette skal skje innan utgangen av juni kvart år. Utover dette vil generalforsamlinga kunne be om å bli orientert om verksemda si utvikling i løpet av budsjettåret.

Ordførar og kommunens administrative leiar har møte- og talerett i styret. Det skal vere ein kontinuerleg dialog i saker som krev tettare oppfølging.

Dagleg leiar

Skjåk Energi AS skal ha ein dagleg leiar som er ansvarleg for den daglege drifta, og som har ansvar for å rapportere attende til styret om utviklinga i verksemda. Etter aksjelova §6-15 skal dagleg leiar minst kvar fjerde månad gje styret ei orientering om verksemda, selskapet si stilling og resultat. Dette kan skje oftare om styret finn det føremålstenleg

Dagleg leiar skal vere lojal mot verksemda sine vedtekter, styreinstruksen og styret sine vedtak.

Utbytte

Skjåk kommune som eigar kan hente ut utbytte frå Skjåk Energi AS.

Det blir lagt til grunn at minst 50 pst av resultat etter skatt skal overførast til eigar, Skjåk kommune, som utbytte kvart år. Dette er likevel avhengig av at selskapet har forsvarleg eigenkapital og likviditet. Styret vurderer i kva grad resterande 50 pst skal overførast som utbytte til eigar eller overførast til Skjåk Energi AS sin eigenkapital ut frå kapitalbehov. Fordeling av utbytte skal gå fram av eiga note i rekneskapen.

Kompetanse

Skjåk Energi AS skal ha nødvendig kompetanse om nettdrift, kraftforvaltning og sal av overskotskraft. Selskapet skal sjølv vere i stand til å selje overskotskraft i den opne kraftmarknaden.

Skjåk Energi AS skal utvikle kompetanse på fornybar energi og klimarettede energiformer.

Prispolitikk

Styret i Skjåk Energi AS har fullmakt til å fastsette nett-tariffar og pris på straum til kundane. Skjåk Energi AS skal til kvar tid vurdere om kundane i Skjåk kommune kan få tilbod om kraftpris, som ligg under marknadsprisen, men prispolitikken må også vurderast i lys av god lønssemnd og skattemessige tilhøve.

Tilhøvet til konkurrerande verksemdar

Skjåk Energi AS skal ikkje inngå samarbeid med konkurrerande verksemdar som gjev tap av råderett over kraftrettane.

Eigar sine krav til styret

Styret skal

- etterleve aksjelova sine krav til styre, jamfør kapittel 6 i aksjelova
- føre tilsyn med at e-verket vert drive på ein forsvarleg og forretningsmessig måte
- foreta ein årleg gjennomgang av strategi og handlingsplan, formulere mål og gje retning for selskapet si drift
- sørge for at det vert utarbeid budsjett og langsiktige planar
- leggje fram årsmelding og rekneskap for generalforsamlinga med forslag om disponering resultat ut frå dei prinsipp som ligg i det overordna styringsdokumentet
- gjennom periodiske rapportar sikre at selskapet fyller oppsette mål, og gjennomføre korrigerande tiltak dersom dette er nødvendig
- sørge for at selskapet er rett organisert og har nødvendige ressursar for å nå vedtekne mål
- å fremje forslag for generalforsamlinga om godkjenning av kraftkjøp- og kraftsalskontrakter. Skjåk kommune er kontraktspart for kraftrettane og oppbevarer originaldokumenta. Kontraktene blir gått gjennom og supplert minst ein gong i året. Skjåk kommune er ansvarleg for revisjon av kraftrettane.
- å gje innstilling i alle saker som skal til handsaming i generalforsamlinga
- det skal utarbeidast eit risikodokument med ein sikringsstrategi knytt til kraftpris, valuta, fullmakter mv.

Strategi

Styret for Skjåk Energi AS skal utarbeide ein fireårig strategi for verksemda.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er ansvarleg for at drift og utvikling av Skjåk Energi AS skjer etter gjeldande regel- og lovverk, og elles av det som ligg som føringar for verksemda.

Hovudverksemda

Energiselskapet Skjåk Energi AS har ansvar for å forvalte Skjåk kommune sine kraftrettar slik at det gjev optimalt utbytte til beste for innbyggjarane.

Selskapet har eit selskapsmessig skilje mellom nettverksemd og anna verksemd.

Skjåk Energi AS er morselskap for dotterselskap som driv nettverksemd, dotterselskap som driv med sal av kraft og eventuelt dotterselskap som driv annan verksemd.

Etiske retningsliner

Skjåk Energi AS skal ha etiske retningsliner for verksemda. Desse skal vere eit eigna verkty for å skape ein god kultur i verksemda.

Valkomit 

Generalforsamlinga (kommunestyret) vel ein valkomit  p  3 medlemmer og ein varamedlem. Dei skal og velja leiar i valkomiteen. Valet skal skje blant generalforsamlinga sine medlemmer. Valet gjeld for 2  r. Valkomiteen skal f rebu valet av medlemmer og varamedlemmer til styret, generalforsamlinga og valkomiteen. Valkomiteen skal grunngje si innstilling.



Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
58/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

ROS-analyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune

Saksdokument

Vedlegg

- 1 ROS-analyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune

Saksutgreiing

Fylkesmannen i Innlandet har varsla at dei vil halde samordna tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Skjåk kommune i oktober 2019.

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivil beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret §29, forskrift om kommunal beredskapsplikt §10, Lov om statlige tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. §2,2, jf. Lov om helsemessig og sosial beredskap §2-1.

Tema for tilsynet er Skjåk kommune si oppfyljing av pliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelsesloven, forskrift om kommunal beredskapsplikt, samt helseberedskapsloven § 2-2, 1.

ledd, jf. lov om folkehelsearbeid § 28, 2. ledd, forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. §§ 1 til 9, folkehelseloven § 27 og smittevernloven § 7-1 og § 7-2.

I arbeidet med tilsynet ser vi at ROS-analyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune er utdatert og må vedtakast på nytt.

Vi har difor utarbeida ei ny ROS-analyse for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune, analysa bygger på dokumentet «Helhetlig ROS-analyser for Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk»

I Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid m.v. etter lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juli 2001 blir kommunens ansvar gjort tydeleg i § 3:

"Virksomheten skal gjennom risiko- og sårbarhetsanalyser skaffe oversikt over hendelser som kan føre til ekstraordinære belastninger for virksomheten. Risiko- og sårbarhetsanalysen skal ta utgangspunkt i og tilpasses virksomhetens art og omfang. Risiko- og sårbarhetsanalysen skal alltid omfatte selve virksomheten, virksomhetens ansvarsområde og lokale forhold som innvirker på virksomhetens sårbarhet. Forutsetningene risiko- og sårbarhetsanalysen bygger på skal dokumenteres. (...)."

Føremålet med risiko- og sårbarheitsanalyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune er å:

- Gje ein oversikt over risiko- og sårbarheitsforhald i helse- og sosialsektoren, og korleis dei påverkar kommunen
- Avdekke sårbarheit og gjensidige avhengigheitar
- Føreslå tiltak for korleis risiko og sårbarheit kan reduserast og handterast
- Gje planleggingsgrunnlag og beslutningsstøtte i sektoren sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap

Vurdering

Det er viktig at vi jobber førebyggjande for å ha ein god beredskap i Skjåk kommune. Det er viktig at ein har tenkt gjennom kvar ein er sårbar, slik at ein på denne måten kan redusere risikoen for at innbyggjarane vert utsett for krisesituasjonar. Ved å ha eit godt planverk, som alle er kjent med, kan ein syte for at lokalsamfunnet er attende til normalsituasjon så raskt som mogleg om krisa skulle koma.

Kommunedirektøren si innstilling

ROS-analyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune blir vedteke. Denne skal oppdaterast ein gong kvart år, og om naudsynt rullerast i løpet av neste kommunestyreperiode.

2019

ROS-analyser for helse- og
sosialsektoren i Skjåk kommune

INNLEIING

Dette dokumentet omfattar ROS-analysar inkludert forslag til tiltak (tiltakskort) for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune og bygger på dokumentet «Helhetlig ROS-analyser for Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk».

1. Lovgrunnlaget

I Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid m.v. etter lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juli 2001 tydeleggjer kommunen sitt ansvar i § 3:

“Virksomheten skal gjennom risiko- og sårbarhetsanalyser skaffe oversikt over hendelser som kan føre til ekstraordinære belastninger for virksomheten. Risiko- og sårbarhetsanalysen skal ta utgangspunkt i og tilpasses virksomhetens art og omfang. Risiko- og sårbarhetsanalysen skal alltid omfatte selve virksomheten, virksomhetens ansvarsområde og lokale forhold som innvirker på virksomhetens sårbarhet. Forutsetningene risiko- og sårbarhetsanalysen bygger på skal dokumenteres. (...)”

Føremålet med risiko- og sårbarhetsanalyser for helse- og sosial i Skjåk kommune er å:

- Gje ein oversikt over risiko- og sårbarheitsforhald i helse- og sosialsektoren, og korleis dei påverkar kommunen
- Avdekke sårbarheit og gjensidige avhengigheitar
- Føreslå tiltak for korleis risiko og sårbarheit kan reduserast og handterast
- Gje planleggingsgrunnlag og beslutningsstøtte i sektoren sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap

2. Avgrensing

Helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune har vurdert kva for uønska hendingar som kan kome til å skje. Dei uønska hendingane blir deretter vurdert utifrå sannsynlegheita for at den uønska hendinga vil inntreffe, sårbarheita ved system som påverkar sannsynlegheita og konsekvensane, kva for konsekvensar hendinga eventuelt vil få og usikkerheita knytt til vurderingane, det vil seie kor god kunnskap vi har om fenomenen som blir vurderte. I analysene er det og teke med forslag til tiltak for å samle alt i eitt plandokument som skal være tilgjengeleg for alle tilsette i helse- og sosialsektoren.

Å identifisere kva for uønska hendingar som kan inntreffe, er ein viktig del av arbeidet med å utarbeide heilheitlege risiko- og sårbarheitsanalyser for helse og sosialsektoren i Skjåk kommune.

I denne ROS-analyse vil det analyserast primært uønska hendingar som:

- Har potensielt store konsekvensar
- Berører fleire sektorar/ansvarsområde og som krev samordning
- Går ut over kommunen sin kapasitet til handtering ved hjelp av ordinære rutinar og redningsteneste
- Skaper stor frykt og eller bekymring i befolkninga

3. Sannsynlegheits- og konsekvenskategoriar

Følgjande sannsynlegheits- og konsekvenskategoriar er brukt i analysene:

Sannsynlegheitskategoriar

Kat.	Tidsintervall (kommune eller region)	Sannsynlegheit (år)	Forklaring (primært region)	Tal pr. år (landsbasis)
A	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 1000 år	< 0,1 %	Svært låg, hendinga kan nær utelukkast	< 0,4
B	1 gong i løpet av 100 til 1000 år	0,1 – 1 %	Lpg, hendinga kan ikkje utelukkes	0,4 – 4
C	1 gong i løpet av 50 til 100 år	1 – 2 %	Middels, hendinga har skjedd	4 – 8
D	1 gong i løpet av 10 til 50 år	2 – 10 %	Høg, kjenner ein eller fleire hendingar	8 – 40
E	Oftare enn en gong i løpet av 10 år	> 10 %	Svært høg, hendinga skjer ofte	Fleire enn 40

Konsekvenskategoriar

	Liv og helse	Natur og miljø	Materielle verdjar	Stabilitet samfunn*
Små	Ingen eller få / små personskadar	Ubetydeleg påverknad av luft, jord eller vatn, oppretteleg skade	Skader opp til 100.000,-	Ubetydeleg svikt i samfunnsviktige funksjonar Produksjonsstans mindre enn ei veke
Middels	Alvorleg personskade eller dødsfall	Langvarig lokal påverknad av luft, jord eller vatn	Skader opp til 1.000.000,-	Svikt i samfunnsviktige funksjonar nokre dagar Produksjonsstans mindre enn ein måned
Store	Fleire døde og alvorleg skadde	Langvarig regional påverknad av luft, jord eller vatn	Skader opp til 10.000.000,-	Svikt i samfunnsviktige funksjonar inntil ein måned Produksjonsstans < 1 år
Svært store	Hendingar utover det den regionale beredskapen kan handtere	Varig regional påverknad av luft, jord eller vatn	Skader over 10.000.000,-	Varig svikt i meir enn ein måned for fleire samfunnsviktige funksjonar Produksjonsstans > 1 år

4. ROS-analyser av uønska hendingar

Det blir fyrst gjeven ei kort omtale av kvar av dei uønska hendingane helse- og sosialsektoren. Deretter blir hendingane vurdert og analysert i kvart sitt analyseskjema som er fortløpande nummererte.

1. Naturkatastrofar – flaum, snø, ras, storm

Flaum i Bismo; vegnettet bryt saman, tilsette får problem med å kome seg til jobb. Omsorgsbustader og andre lokale påverka. Eldre må evakuerast.

Snø; tilsette får ikkje levert ut livsnødvendige medisinar og mat. Tilsette kjem seg ikkje på jobb. Ambulanse kjem ikkje fram. Tilsette innesnødd på jobb/heime.

Storm; lause gjenstandar i lufta, trampolinar, tak etc. Farleg å ferdast ute. Delar av heimesjukepleia sitt nedslagsfelt vil kunne vere utilgjengeleg.

Jord- og snøras; personskadar, skade på stengte vegar, offentlege bygg, bustader mm.

Lokale forhold; vind og snø som lett hemmar transport. Flaum har vorte eit større problem også i Skjåk pga klimaendringar. Avgrensa område vil kunne få problem med transport.

2. Pandemi

Spreiing av smittsam sjukdom. Eit eksempel er ein ny influensavariant som befolkninga ikkje har immunitet mot. I ein slik situasjon vil mange i befolkninga kunne bli sjuke på same tid og ha behov for helsehjelp, samstundes vil store deler tilsette være sjuke og ikkje tilgjengelege til å gje helsehjelp. Under ein pandemi vil 30 – 50 % av befolkninga være smitta innan 6 mnd. Hendinga vil kunne føre til mange dødsfall. Viktige samfunnsfunksjonar vil bli ramma, både i kommunen og i resten av samfunnet. Det betyr at ein ikkje vil kunne spele på støtte frå nabokommunar og andre i same grad som ved andre uønska hendingar.

3. Smitte: dyr – menneske, import av farlige smittsame sjukdommar, smitte via mat/vatn

Stor spreiiing av bakterie (t.d. Campylobacter, Salmonella, E-coli, Shigella, Yersinia), virus (t.d. Norovirus) eller parasittar (f.eks. Toxoplasmosel) gjennom mat og/eller vatn. Mange sjuke med diaré som krev sjukhusinnlegging. Enkelte alvorlegare sjukdomar og dødsfall – fyrst og fremst blant spesielt utsette grupper som små barn, skrøpeleg eldre, gravide, fostre og personar med nedsett immunforsvar. Ei stor gruppe helse- og pleiepersonell er blant dei smitta.

4. Akutt smittsam sjukdom kommunal verksemd

Det oppstår akutt, nyoppdaga smittsam sjukdom i kommunal verksemd. Eksemplar er skular, barnehagar og helseinstitusjonar. Sjukdomen kan være diare og oppkast/omgangssjuke, smittsom meningokokk, tuberkulose eller MRSA.

Dei fleste tilfelle vil kunne handterast i lina og med ordinære rutinar. Det blir ein beredskapssituasjon dersom omfanget blir så stort at situasjonen ikkje kan handterast på ordinær måte.

5. Store ulykker (trafikk, tunnel, fly) – i kommunen

Det har skjedd ulykker med bussar i kommunen, med alvorlege skader. Det er pr. i dag mange bussar på til dels svært trafikkerte vegar i kommunen. Ei rekke skolebussar kjører på til dels smale og dårlege vegar. Hastigheita er ofte høg på ekspress- og turistbussar.

Døme på hendingar:

Trafikk; buss som kjører utfor vegen, mange bilar som krasjar, krasj som involverar buss og/eller trailer.

Ulykke i tunnel; Alle typer ulykke inkludert brann i periodar med stor trafikk. Verst tenkeleg scenarie: Skadde og omkomne i tunnelen.

Fly, helikopter som krasjar; Teknisk svikt. Menneskeleg feil. Dårlig vær. Fysiske hindringar.

Slike uønska hendingar, med meir enn 3 alvorlig skadde, overskrid kommunen sin beredskapskapasitet til handtering av skadde.

6. Langvarig bortfall av straumforsyning, data og/eller tele

Ved bortfall av straumforsyning over 8 - 12 timar blir Regiondata berørt. Straumutkobling over lengre tid vil føre til svikt i datakommunikasjon på alle tenestenivå og gjev store utfordringar for all kommunal tenesteyting. Stor påverknad av heile lokalsamfunnet – varme, lys, handel mm.

Telefonliner, mobilliner, naudnett og internett ligg nede og/eller mister kontakt med server med pasientinformasjon. Dette kan være kritisk for helse og omsorg i situasjonar der det å ha oversikt over relevante pasientopplysningar (medisin, sjukdomar og liknande) er avgjerande.

Handtering av tryggleiksalarmar vil kunne påverkast. Dette vil gå ut over heimebuande eldre og/eller funksjonshemma som ikkje vil klare å varsle at dei treng hjelp. Dersom lina til legevakta ikkje fungerer kan det bli svært kritisk.

7. Brann i kommunal bustad og/eller institusjon med heildøgns drift

Feil ved /feil bruk av elektrisk anlegg, LPG-anlegg, levende varme/lys, røyking, påsett brann, tørrkoking, lynnedslag ved:

- Skjåkheimen
- Omsorgs-/trygdebustader
- Prestgarden avlastningsplassar (fram til januar 2020)
- Helsesenteret

Ein slik situasjon kan gje store dersom det for eksempel gjeld Skjåkheimen, omsorgsbustader i eller rundt Skjåkheimen eller Prestgarden. Dersom bygning blir totalskadd, må alle bebuarar evakuerast, og behovet for alternative lokale vil være stort og krevje mykje av beredskapen i kommunen.

8. Terrorangrep

Angrep på menneske i samband med større arrangement og besøk av VIP, men også angrep på spesielt viktige objekt eller ordinære verksemder (skule, barnehage, kommunehus, kafe- og overnattingsstader). Eks. skyting, bombe, brannstifting, ABC (atom, biologisk, kjemisk trussel). Mange skadde og døde.

9. Cyberangrep/hacking

Angrep på Telenor sitt landsdekkande transportnett for elektronisk kommunikasjon. Konsekvensen er at sentrale tele- og datanett fell ut i fem døgn. Fasttelefon, mobiltelefon og internett ikkje vil fungere eller være svært ustabil i heile landet. Ettersom Broadnet og Telenor har ein del felles infrastruktur i sine transportnett, fell også Broadnet ut i fem døgn.

10. Overgrep/vald/alvorlig trussel utført av brukar/pasient/pårørande

Det kan oppstå situasjonar der brukarar/pasientar i helse og sosial utfører overgrep/vald/alvorleg trussel mot andre brukarar/pasientar og/eller mot tilsette i kommunen. Dette kan gjelde truande og ustabile pasientar, personar med rus-/psykiatriproblem, sinte pårørande.

Situasjonen kan oppstå når personale prøver å gje hjelp, men den det gjeld, føler seg trua eller misforstår situasjonen.

11. Gisselsituasjon/kidnapping

Pasient/brukar psykisk helse og rusvern eller busett flyktning tek gissel eller kidnappar ein person for å oppnå noko. Vedkomande kan forsøke å sikre seg pengar, medikament/rusmidlar, familiegjenforeining. Handlinga er eit verkemiddel for å oppnå noko. Forelder/føresett som er involvert i ein barnevernssak og/eller barnefordelings sak, gisseltaking/kidnapping barn og/eller tidlegare partner. Utsette stader kan være barnehage/skule, NAV, legekontor, avdelingar i institusjonar med medisinerom, fosterheim. Ei slik hending vil forårsake stor frykt i befolkninga, og er difor teke med som uønska hending.

12. Forsvunne pasient

Aktuelle hendingar:

- Forvirra pasient har forsvunne frå Skjåkheimen. Er ikkje i stand til å ta vare på seg sjølv.
- Bebuar på heildøgns bustad for funksjonshemma har forsvunne. Er ikkje i stand til å ta vare på seg sjølv eller gjere greie for kven vedkomande er eller bur.
- Unge på avlastningsopphald forsvinn frå Prestgarden.

Ros-analyse – Analyseskjema - helse og sosial Skjåk kommune

Nr. 1 Naturkatastrofar – flaum, snø, ras, storm									
<p>Flaum i Bismo; vegnettet bryt saman, tilsette får problem med å kome seg til jobb. Skjåkheimen og omsorgsbustader blir påverka. Eldre må evakuerast.</p> <p>Snø; stengte vegar, tilsette får ikkje levert ut livsnødvendige medisinar og mat. Tilsette kjem seg ikkje på jobb. Ambulanse kjem ikkje fram.</p> <p>Steinras; skader på personar og bustader mm. Sjå for øvrig over</p> <p>Orkan/storm; lause gjenstandar i lufta, trampolinar, m.m. Farleg å ferdast ute. Delar av heimesjukepleia sitt nedslagsfelt vil kunne være utilgjengeleg.</p>									
Årsaker									
Klimatiske forhold									
Eksisterande sannsynlegheits eller konsekvensreducerande tiltak									
<ul style="list-style-type: none"> • Førebygging – inkludert tilsyn - langs vassdraga • Flaumvarslingstenesta frå NVE • Rutinar for befolkningsvarsling • Kartlegging av særleg sårbare område • Auka fokus på sikring av privat og offentleg infrastruktur • Kalle inn ekstra personell i beredskap, jfr. Plan for helsemessig og sosial beredskap • Transportmidlar tilgjengeleg for å kunne evakuere. • Pasientar med stort hjelpebehov leggst inn på Skjåkheimen, alternativt Skjåk turistheim, ev. Skjåkhallen, viss Skjåkheimen vil måtte evakuerast. 									
Sannsynlegheit					A	B	C	D	E
								X	
<p>Sjølv om Skjåk kommune er ein av dei mest nedbørsfattige kommunane i Noreg, vil ekstrem nedbør vil kunne skje, t.d. hausten 2018 da heile eller delar av Bismo blei lagt under vatn når elva gjekk over sine bredder. Store snømengder, spesielt på Grotli, stenger jamnleg heilårsvegane. Fleire stormar, t.d. tak på kommunehus blei flerra av hausten 2018.</p>									
Vurdering av sårbarheit									
Stengde og øydelagde vegar, bortfall av strøm og vannforsyning i periodar – ei generell svekking av infrastrukturen utfordrar kapasiteten i kommunen i forhold til oppretthald av tenester (brøyting, helse- og omsorgstenester):									
Konsekvenser	1	2	3	4	1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store				
Liv og helse	x								
Natur og miljø		X							
Materielle verdier			x						
Stabilitet samfunn		X							
Behov for befolkningsvarsling					Ja				
Behov for evakuering					Ja, går ikkje utover kapasitet i kommunens plan for EPS				

Forslag til nye tiltak

- Syte for lokal overvåking / forsterking av flaumverk ved krisesituasjonar
- Oppgradere eksisterande flaumverk til «200 år»
- Gjennomføre tiltak i regional plan (FylkesROS) (også konsekvensreducerende)
- Utøve kommunalt påtrykk for utbetring av kritiske vegstrekningar
- Varsle innbyggjarar om førebuing på store nedbørsmengder – ved bruk av kommunen si heimeside, Varsling24 og FB, jf. Plan for helsemessig og sosial beredskap
- Lage oversikt over aktuelle bustader som kan måtte evakuerast (evakueringsplanar) basert på overvatnsplanar og faresonekart.
- Syte for midlertidige flaumsikringstiltak
- Sikre sidevassdrag og oppgradere eksisterande flaumvern

Overførbarhet

Andre hendingar med behov for generell evakuering.

Nr 2. Pandemi

Virus som få/ingen har immunitet mot, vaksine er ikkje utvikla. 30- 50 % av innbyggjarane blir smitta i løpet av det fyrste halve året. Halvparten av desse blir sjuke og eit ukjent tal døyr. Sjukefråværet i alle kommunale verksemdar er høgt og skuldast personar som har influensa, men også at personar som ikkje er smitta må pleie sjuke familiemedlemmar.

Viktige samfunnsfunksjonar vil bli ramma, både i kommunen og i resten av samfunnet. Det betyr at ein ikkje vil kunne spele på støtte frå nabokommunar og andre i same grad som ved andre uønska hendingar.

Årsaker

Til dømes virussjukdommar av influensatype som store delar av befolkninga ikkje er immune mot.

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Pandemiplan i smittevernplanen.
- God tid til å planlegge.
- Reisevaksine som førebyggjande tiltak.
- Barnevaksinasjonsprogrammet som førebyggjande tiltak.
- Plan for massevaksinasjon.
- Avtale inngått med hygieνεςjukepleiar.
- Vaksinasjon – tilsette, førebyggjande tiltak.
- Tilgjengeleg helsepersonell til massevaksinasjon – oversikt.
- Etablert smitterom på Skjåkheimen - moglegheit for å isolere pasientar.
- Beredskap sengeplass til ein viss grad ved å ta i bruk heile korttidsavdelinga.
- Sjukeheimen kan oppjusterast til sjukehus/mottak
- Smitteverntiltak vaskeriet – førebyggjande tiltak.
- Smitteverntiltak kjøken – førebyggjande tiltak.
- Kompetanse spreidd i organisasjonen - eksempel: sjukepleie, tryggingssalarm, legevakttelefon.
- Moglegheit til å omdefinere yrkesgrupper.
- Omprioritering av arbeidsoppgåver og personell.

Sannsynlighet

Ein gong i løpet av 50-100 år

A B C D E

X

Spanskesyken 1918-20, Asiasyken 1957-58, Hong Kong-syken 1968-70 og Svineinfluensa 2009 viser at det førekjem pandemiar regelmessig, men ingen i Noreg siste hundre år med eit omfang som i eksempla. Det kan likevel ikkje utelukkast. Stor reiseverksemd mellom land.

Vurdering av sårbarhet

Mangel på personale vil ha store konsekvensar. Færre til å ta seg av mange sjuke. Alle personalgrupper i viktige samfunnsfunksjonar vil bli berørte, også utanfor kommunen. Dreg ned den generelle beredskapen. Problem med å skaffe/motta varer og artiklar; medisinar, matvarer og husholdningsartiklar. Mangel på sekundære samfunnsfunksjonar; drivstoff, servicetilbod etc.

Vaskeri og kjøken – høgt sjukefråvær, konsekvensar for smittevern og naudsynte behov hjå pasientar.

Vaktmeistertjeneste redusert på grunn av sjukefråvær.

Alle beredskapsfunksjonar vil bli påverka.

Alle samfunnsfunksjonar vil bli påverka.

Tap av nøkkelpersonell.

Alle funksjonar kan bli ramma, samstundes som behovet aukar.

Kan ramme ujamnt – enkelte tenester kan bli spesielt hardt ramma.

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse

x

Natur og miljø

x

Materielle verdier

x

Stabilitet samfunn

x

Behov for befolkningsvarsling

Ja. Generell informasjon til befolkninga, spesifikk varsling til ein skilde grupper.

Behov for evakuering

Nei. Behov for flytting/omprioritering av pasientar

Forslag til tiltak

- God og lettfatteleg pandemiplan som er godt kjent blant kommunen sine tilsette. Rullering av planen etter at overordna beredskapsplan er ferdig.
- Sikre at smitterutinar på sjukeheimen og kommunale arbeidsplasser er gode nok.
- Sikre god informasjonsflyt til befolkninga
- Mat, medisinar, straum, vatnforsyning må være planlagt.
- Utarbeide/revidere planar for drift av sjukeheimen ved sjukefråvær opp mot 40 %
- Sende elevar/personar heim – akutt-tiltak.
- Styrke beredskapen på Skjåkheimen.
- Sikre at det er planlagt kva for lokale som er passande som midlertidig mottak for sjuke personar. Dersom det er færre enn 30 pasientar kan ein bruke kommunale bygg. Dersom det gjeld fleire enn 30 pasientar må ein kanskje nytte andre lokale. Forslag er Skjåk Turistheim, Skjåkhallen, Skjåk barne- og ungdomsskule.
- Er lageret av medisinsk forbruksmateriell stort nok? Kommunen bør ha prioritert liste over kva det er kritisk å ha lager av.
- Avtaler med nabokommunar – eksempel: influensalegevakt og bistand frå helsepersonell. Bør vurderast i samband med rullering av plan for helsemessig og sosial beredskap.

Overførbarheit

Andre smittsame sjukdomar

Nr 3 Smittsame sjukdomar, vatn- og matbårne sjukdomar med stort omfang

Stor spreiding av bakterie (t.d. Campylobacter, Salmonella, E-coli, Shigella, Yersinia), virus (t.d. Norovirus) eller parasittar (f.eks. Toxoplasmosel) gjennom mat og/eller vatn. Mange sjuke med diaré som krev sjukehusinnlegging. Enkelte alvorlegare sjukdomar og dødsfall – fyrst og fremst blant spesielt utsette grupper som små barn, skrøpeleg eldre, gravide, fostre og personar med nedsett immunforsvar. Ei stor gruppe helse- og pleiepersonell er blant dei smitta.

Årsaker

Sjå under Sannsynlegheit og vurdering av sårbarheit

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

Overvaking av omfanget av mat- og vatnbårne infeksjonssjukdomar i befolkninga og overvaking av tilfelle av smittestoff i husdyr, mat og vatn. Smittevernplanverk – regionalt samarbeid. Strengje retningslinjer for hygiene i verksemder som handterer mat. Rutinar for tilsyn frå Mattilsynet.

Sannsynlegheit

A B C D E

X

Norge har framleis ein av Europas lågaste tilfeller av smitte fra matvarer og dyr, men dette har auka. Auken skuldast for ein stor del at fleire blir smittai utlandet gjennom auka reiseverksemd til land med større smittepress. Internasjonal handel med matvarer har gjeve seg utslag i fleire enkelttilfeller og utbrot av slike sjukdomar.

Mangelfull kjøkenhygiene i helseinstitusjonar (Mattilsynet, 2009).

Meir økologisk produksjon, småskalaproduksjon og lokal mat, der det kan være problem med å oppretthalde ein stabil internkontroll.

Demografiske endringar: Fleire skrøpelege eldre, langtidssjuke og immunsvekka, som er mer mottagelege, og for kven sjukdomane kan få alvorlegare konsekvensar.

Kjelde: Folkehelseinstituttet

Vurdering av sårbarheit

Eit større utbrot vil medføre ei belastning på helsetenesta og behov for ekstra personell – samstundes som også helsepersonell er sjuke. Regional samarbeidsavtale sikrar moglegheita for å trekke inn helsepersonell på tvers av kommunegrenser. Sjukdom blant nøkkelpersonar i kommunen bidreg til svekka beredskap.

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse

X

Natur og miljø

X

Materielle verdiar

X

Stabilitet samfunn

X

Behov for befolkningsvarsling

Ja.

Behov for evakuering

Nei.

Forslag til tiltak

- Jf smittevernplan
- Opplæring i smittevern – årleg gjennomgang
- Vurdere utbetring av små vatnverk og oppgradere gamle og dårlege vatnleidningsnett
- Vurdere bruk av «informasjonskanal» med regelmessig informasjon frå smittevernlegen til innbyggjarane, ikkje minst til dei som driv med foredling av mat
- Etablere faste samarbeidsrutiner med Mattilsynet
- Gjennomføre kompetansehevande tiltak mht antibiotikaresistens
- Sjå også tiltak under ROS- pandemi.

Overførbarheit

Pandemi

Nr 4 Akutt smittsam sjukdom i kommunal verksemd

Akutt, nyoppdaga smittsam sjukdom i kommunal verksemd. Eksempel er skular, barnehagar og helseinstitusjonar. Sjukdommen kan være diare og oppkast/omgangssjuke, legionellautbrot, smittsam meningokokk, tuberkulose eller MRSA. Dei fleste tilfelle vil kunne handterast i lina og med ordinære rutinar. Det blir ein beredskapssituasjon dersom omfanget blir så stort at situasjonen ikkje kan handterast på ordinær måte.

Årsaker

Årsaker til ein slik uønska situasjon er oftast bakterie eller virus med høg alvorlegheitsgrad og/eller smittegrad. Manglande rutinar for førebygging av legionellasmitte i vaske-, bade- og dusjanlegg mm. Manglande hygienetiltak i slik situasjon vil forverre omfanget av den uønska hendinga.

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Vi følgjer Folkehelseinstituttet sine tilrådingar om handtering av sjukdom i barnehage og skule.
- Isolasjon av smitta/eksponerte barn/vaksne.
- Skilje barnegrupper.
- Stenge ned skule/barnehage/institusjon for vask.
- Vi har utarbeidd smittevernrutinar – med vedlegg og smittevernrutinar
- Rådgeving frå Folkehelseinstituttet.
- Daglege hygienetiltak.
- Tiltak for å kontrollere smitte mellom tilsette.

Sannsynlighet

A	B	C	D	E
				x

Grunngjeving for sannsynlegheit

Har skjedd tidlegare og vil skje igjen.

Vurdering av sårbarheit

- Skule og/eller barnehage kan måtte stenge, dette kan føre til mangel på personale i andre kommunale funksjonar/tenester.
- Kapasitet innan pleie kan bli redusert dersom ein må stenge avdelingar i helseinstitusjon.
- Regional samarbeidsavtale sikrar moglegheiten for å trekke inn helsepersonell på tvers av kommunegrensar. Frykt for å bli smitta kan påverke beredskapen negativt.

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse		x			
Natur og miljø	x				
Materielle verdiar	x				
Stabilitet samfunn	x				
Behov for befolkningsvarsling	Ja. Generell informasjon til befolkninga, spesifikk varsling til enkelte grupper.				
Behov for evakuering	Nei.				

Forslag til tiltak

- Nytte alternative lokale – ha ein plan for kva for lokale som bør brukast i ein slik situasjon.
- Halde ved like rutinar for hygiene og kontroll av risikogrupper nedfelt i smittevernplanen. Kontrollere at vi gjer det vi skal, og det vi har sagt at vi skal gjere.
- Bevisstheit i forhold til viktigheita av å oppdage årsak til utbrot – er dette sikra godt nok i interne rutinar og blir desse følgt?
- Rutinar for når ein skal halde seg heime dersom ein arbeidar i helseinstitusjon.
- Varslingsrutinar (Varsling24, varslingsystem i Visma, FB, kommunal heimeside) ved sjukdom tilsette i helseinstitusjon.
- Kjennskap og oppfølging av daglege rutinar for hygienetiltak.
- Gjennomføre kommunale tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern i aktuelle verksemder basert på risikovurdering

Overførbarheit

Nr.5 Store ulykker (trafikk, tunnel, fly) i kommunen

Trafikkulykke (utforkjøring i elv, kollisjon, skred) som involverer buss (inkludert skulebuss). Det verst tenkjelege scenariet er inntil 50 skadde eller døde. Ei rekke skolebussar kjører på til dels smale og dårlege vegar. Hastigheita er ofte høg på ekspress- og turistbussar.

Kollisjon eller utforkjøring som berører flere biler eller trailarar.

Ulykke i tunnel; Alle typar ulykker inkludert brann i periodar med stor trafikk. Verst tenkeleg scenarie: Skadde og omkomne i tunnelen.

Fly, helikopter som krasjar; Teknisk svikt. Menneskeleg feil. Dårleg vær. Fysiske hindringar.

Slike uønska hendingar, med meir enn 3 alvorlig skadde, overskrid kommunen sin beredskapskapasitet til handtering av skadde.

Årsaker

Dårlege veg- og/eller føreforhold, uvær, tekniske feil, t.d. bremsesvikt. Menneskeleg svikt (sjåfør som somnar, får akutt illebefinnande, er alkoholpåverka, for stor fart).

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreduserande tiltak

- Regelmessig øving nødetatane
- Oversikt over alt tilgjengeleg helsepersonell som kan kallast ut på kort varsel
- Tett samarbeid med NLA, Dombås og regional legevakt Otta

Sannsynlegheit

A B C D E

x

Vurdering av sårbarheit

Det kan være begrensa tilgang på helsepersonell med akuttmedisinsk erfaring i den enkelte kommune, men det er utarbeidd ei samarbeidsavtale for utkalling av helsepersonell på tvers av kommunegrenser. Tilgangen til helsepersonell kan bli mindre enn vanleg dersom det er skulebussulykke, da fleire kan ha nære relasjonar til sjåfør og passasjerar. Det er lange avstandar til sjukehus. Vanskeleg vær- og føreforhold kan m.a. påverke moglegheit for luftambulanse.

Ved tunnelulykke, kan det blir lang innsatstid, det er dårleg samband i tunnelane. Livbergande innsats i eit lukka miljø. Det er psykososialt kriseteam i kommunen..

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse			x		
Natur og miljø	x				
Materielle verdiar	x				
Stabilitet samfunn		x			(Forsterkast ved bussulykke)
Behov for befolkningsvarsling	Nei, berre varsling viss stengt tunnel.				
Behov for evakuering	Nei, berre viss tunnelulykke.				

Forslag til tiltak

- Etablere god nok beredskap for å sikre informasjonsbehovet.
- Arbeide for å betre dagens beredskap mhp ulykker med mange skadde.
- Legge til rette slik at ein får kalla inn helsepersonell og friviljuge organisasjonar, Røde Kors, Sivilforsvaret mm, effektivt.
- Sikre kunnskap/avtaler om prioriterte lokale til akuttmottak, krisemottak og pårørandemottak samt lokale til evakuerte.
- Deltaking på kurs i regi av prehospitala tenester.
- Arbeide politisk og administrativt for å fornye tunnelar på RV 15.

Overførbarheit

Nr 6 Langvarig bortfall av straumforsyning, data og/eller tele og mobilnett

Ved bortfall av straumforsyning over 8 - 12 timar blir naudnett, telefon og Regiondata berørt. Straumutkobling over lengre tid vil føre til svikt i datakommunikasjon på alle tenestnivå og gjev store utfordringar for all kommunal tenesteyting.

Handtering av tryggleiksalarmar vil kunne påverkast. Dette vil gå ut over heimebuande eldre og/eller funksjonshemma som ikkje vil klare å varsle at dei treng hjelp.

Skjåkheimen er svært sårbar fordi det er knutepunkt for svært mange funksjonar i helse og omsorg. Mange pasientar har tilknytning her. Andre funksjonar: mat, vaskeri, transport.

Det å ikkje kunne få kontakt med politi, brannvesen, sjukehuset, NGLMS og legevakt kan ha store konsekvensar for einskildpasientar.

Årsaker

- Langvarig brot på nett (f.eks. sabotasje)
- Naturkatastrofe
- Langvarig brot på fiber i fastnettet (sett både fast- og mobilnett ut av drift)
- Nasjonalt cyberangrep

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Straumaggregat Skjåkheimen
- Redundans i straumnettet
- Overvaking av nettet – beredskapsordningar
- Tele/mobiloperatørane har til dels utstyrt anlegga sine med batteribackup og reserveaggregat
- Fortløpande dokumentasjon på papir – for å sikre dokumentasjonsplikt.
- Sambandstelefonar som går over naudnettet tilgjengeleg på helsesenteret, Skjåkheimen og i heimetenesta.

Sannsynlighet

A B C D E

x

Grunngjeving for sannsynnlegheit

Det har tidlegare vore straumbrot og bortfall av telekommunikasjon/data, men av kortare varigheit.

Vurdering av sårbarheit

- Stor påverknad av hele lokalsamfunnet – varme, lys, handel mm
- Naudnett, telefonliner, mobilliner og internett ligg nede og/eller mister kontakt med server med pasientinformasjon.
- Kritisk for helse og omsorg i situasjonar der det å ha oversikt over relevante pasientopplysningar (medisin, sjukdomar og liknande) er avgjerande.
- Utfordringar med å få kontakt med beredskapspersonell / lege.

Konsekvensvurdering	1	2	3	4	1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store
Liv og helse		x			
Natur og miljø	x				
Materielle verdier	x				
Stabilitet samfunn	x				
Behov for befolkningsvarsling	Ja, dersom det påvirker legevakt og legekontor, tryggingsalarmer mm.				
Behov for evakuering	Nei, i liten grad, men mogleg behov for høgare omsorgsnivå for einskildpasientar.				
Forslag til tiltak					
<ul style="list-style-type: none"> • Etablere internt naudnett som berre fungerer som internsamband i kommunane Lom og Skjåk. Batteribackup kan ladast med aggregat • Øve kommunalt påtrykk for å bygge ut alternative energikjelder og betre redundans på overordna nett. • Øve kommunalt påtrykk for sikring av naudstraum for basestasjonar og samfunnsviktige funksjonar. • Øve kommunalt påtrykk for å betre redundans på nettet, f.eks. fiber mot Vestlandet • Øve kommunalt påtrykk for å få klarheit i robustheita i samband med forsyningsikkerheit IKT/ Telekom • Samarbeide med media i ulike situasjonar, spesielt bruk av lokalradio mm. • Kartlegge aktive radioamatørar • Bygge opp eldre nett for brannvesenet i Lom og Skjåk for å ha intern kommunikasjon med helse og kriseleing. Samt kommunikasjon mellom kommunane Lom og Skjåk. 					
Overførbarheit					
Cyberangrep/hacking					

Nr 7 Brann i institusjonar med heildøgns drift og omsorgsbustader

Brann i Skjåkheimen eller Prestgarden, omsorgsbustader i og rundt Skjåkheimen.

Skjåkheimen er svært sårbar fordi det er knutepunkt for svært mange funksjonar i helse og omsorg. Mange pasientar har tilknytning her. Andre funksjonar: mat, vaskeri, transport.

Årsaker

Feil ved /feil bruk av elektrisk anlegg LPG-anlegg og/eller elektrisk utstyr, levande varme/lys, røyking, tørrkoking, lynnedslag, eksplosjon oksygenflasker, tilsikta handling mm

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Skjåkheimen er definert som særskilte brannobjekt
- Digitale tryggingsalarmer med brannvarsling hjå heimebuande og bebuarar i omsorgsbustader
- Montert komfyrvakt
- Restriksjonar ved bruk av levande lys og røyking
- Kontroll av brannvarslingsanlegg og automatisk slokkeanlegg (automatisk sløkkjeanlegg i delar av Skjåkheimen)
- Utarbeidd internkontroll og evakueringsplan
- Døgnbemanna på Skjåkheimen og i Prestgarden (Ikkje direktevarsling til 110)
- Skjåkheimen er definert som særskilte brannobjekt, dei andre bygga blir vurdert saman med eigar, helse og brannvesen regelmessig.
- Digitale tryggingsalarmer med brannvarsling hjå heimebuande og bebuarar i omsorgsbustader
- Blir montert røykvarslar kopla til digitale tryggingsalarmer for dei som har dette i private bustadar med direktevarsling til LMS
- Montert komfyrvakt etter risikovurdering
- Restriksjonar ved bruk av levande lys og røyking
- Kontroll av brannvarslingsanlegg og automatisk slokkeanlegg
- Utplassert eit mobilt sprinkelanlegg i private heimar etter risikovurdering
- Utarbeidd internkontroll og evakueringsplan
- I omsorgsbustadene gjennomførast det regelmessige tilsyn av lokalt brannvesen
- Skjåkheimen/ heimebasert gjennomfører brannøving to gangar i året.
- Døgnbemanna på Skjåkheimen og i Prestgarden

Sannsynlighet

A B C D E

x

Grunngjeving for sannsynlegheit

Fire dødsbrannar på sjukeheimar i Noreg etter dei siste 60 åra. Ingen dødsbrannar i regionen, men Sel sjukeheim blei totalskadd i brann i juni 2019.

Vurdering av sårbarheit

Brann i sjukeheim er evakueringsmessig særleg krevjande. Låg grunnbemanning på natt stiller store

krav til kunnskap, ferdigheitar og riktige beslutningar ved ein brann. Evakueringsplanar sikrar ivaretaking av bebuarar sine behov dei fyrste døgna etter brannen. Kommunen vil trenge tid til å opprette varige sjukeheimsplassar i regionen. Dette vil krevje samarbeid på tvers av kommunegrensar.

Legekontora i Lom og/eller Vågå kan bistå med legehjelp. Legevaktfunksjonen blir ivareteken av NGLMS.

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse

x

Natur og miljø

x

Materielle verdiar

x

Stabilitet samfunn

x

Behov for befolkningsvarsling

Ja.

Behov for evakuering

Ja, det er krevjande å handtere ei evakuering, ikkje minst på natt, rask tilgang på personell og transport er heilt sentralt

Forslag til tiltak

- Vurdere om tilsyn og førebyggjande dialog, øvingar, internkontroll er godt nok
- I omsorgsbustadene bør det gjennomførast det regelmessige tilsyn av lokalt brannvesen
- Sørge for informasjon og opplæring av tilsette i pleie- og omsorgssektoren
- Utarbeide rutinar for overføring av pasientar til tilgrensande kommunar
- Dersom stor brann og/eller stor røykutvikling og behov for evakuering, sjå evakueringsplan
- Sikre tilgang på godkjent kjøkken, Skjåk turistheim
- Matsservering – avtale med Skjåk turistheim ev. andre leverandørar
- Samarbeid med friviljuge organisasjonar for å sikre nok personell i alternative lokale.
- Tilgang på medisinar – formalisere avtale med apotek om medisinlevering.
- Tilgang på medisinsk materiell – sikre løysing på korleis dette skal gjerast.
- Plan for å sikre varme, vatn, klede, sengetøy, utstyr til evakuerte.
- Handtering av pårørande. System for å sikre forsvarligheita til dei som flytter heim til pårørande.
- Sikre at beredskapen i heimetenesta vil kunne handtere ei større belastning på heimesjukepleia.
- Ev. inngå avtale om leige av personell frå andre kommunar.

Overførbarheit

Nr 8 Terrorangrep

Angrep på menneske i samband med større arrangement og besøk av VIP, men også angrep på spesielt viktige objekt eller ordinære verksemder (skule, barnehage, kommunehus, asylmottak, kafe- og overnattingsstader). Eks. skyting, bombe, brannstifting, ABC (atom, biologisk, kjemisk trussel). Mange skadde og døde.

Årsaker

Politisk motivert, psykotiske personar, hevnaksjonar.

Eksisterende sannsynlighets eller konsekvensreducerende tiltak

Planleggingsprosesser og ROS analyser i forkant av spesielt store arrangement og VIP-besøk.

Strengt regelverk for sprengstoff og våpen i Norge.

Arbeid m. psykososialt miljø barnehage/skule - førebygging og håndtering av krenkende adferd, jf Regional plan mot radikaliserings og ekstremisme.

Godt utbygd helseteneste og barnevern som fangar opp psykiske lidningar på et tidleg stadium.

Samarbeid politi og kommunale/private verksemder

Sannsynlighet

A	B	C	D	E
	X			

Ingen tilfelle i Skjåk, men fleire bekymringsmeldingar i regionen. Få, men alvorlige hendingar på landsbasis. Fleire innbyggjarar med mange traumatiske opplevingar. Samfunnet har blitt meir førebudd på terrorangrep etter Utøya, men Noreg – inkludert kommunane i NG - er eit ope samfunn.

Vurdering av sårbarhet

Lang avstand til spesialeiningar og politi. Vanskeleg å forutse – uforutsigbarheit.

Konsekvenser

1	2	3	4	1: Små, 2. Middeis, 3: Store og 4: Svært store
---	---	---	---	--

Liv og helse

X

Natur og miljø

X

Materielle verdier

X

Stabilitet samfunn

X

Behov for befolkningsvarslings

Ja

Behov for evakuering

Ja, stiller store krav til ivaretaking av dei evakuerte

Forslag til nye tiltak

- Framleis ha stort fokus på arbeid med psykososialt miljø, inkludering og toleranse
- Implementere tiltak mot radikaliserings og valdelig ekstremisme i alle aktuelle handlingsplanar
- Kompetanseheving av personale i barnehage/skule med tanke på tidleg innsats
- Delta på øvingar - initiert av politiet - på situasjonar som omfattar terrorangrep
- Arbeide politisk og administrativt for å øve kommunalt påtrykk på nærleik til lensmannskontor / vaktpersonell og gjennomføring av ROS-analyser i sentrale verksemder

Overførbarhet

Overgrep/vald/alvorleg trussel utført av brukar/pasient/pårørande

Nr 9 Cyberangrep og hacking

Angrep på Telenor sitt landsdekkende transportnett for elektronisk kommunikasjon. Konsekvensen er at sentrale tele- og datanett fell ut i flere døgn. Fasttelefon, mobiltelefon og internett vil ikkje fungere eller være svært ustabil i heile landet. Etersom Broadnet og Telenor har ein del felles infrastruktur i sine transportnett, fell også Broadnet ut i flere døgn.

Dette vil i stor grad påverke kritiske funksjonar i samfunnet, som helse og omsorg, transport, finans og evna til å handtere krisa. Både ambulanseteneste, politi og brannvesen vil være utilgjengeleg på telefon. Alle radio- og tv-sendingar vil opphøre, med unntak av sendingar frå utlandet over satellitt. Krisehandteringa på alle nivå blir svært vanskeleg på grunn av manglande kommunikasjon og mangelfull koordinering mellom aktørane, samt manglande informasjonskanalar til befolkninga. Reserveløysingar som radio- og satellittelefonar vil ha begrensarekkevidde og kapasitet

Årsaker

Sabotasje

Eksisterende sannsynlighets eller konsekvensreducerende tiltak

Sikkerheitssystem

Moglegheiter for støtte frå forsvaret (kompetanse, utstyr)

Sannsynlighet

A	B	C	D	E
	X			

Sannsynlegheita for eit så komplisert angrep vurderast som låg, men at det likevel er mogleg å gjennomføre. Sannsynlegheita for mindre angrep er høgare

Vurdering av sårbarhet

Sjå over

Konsekvenser 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse

x

Natur og miljø

x

Materielle verdier

x

Stabilitet samfunn

x

Behov for befolkningsvarsling

Ja

Behov for evakuering

Nei

Forslag til nye tiltak

- Utarbeide rutiner for handtering av cyberangrep og hacking
- Sikre gjennom anbudsprosessar til dataleverandørar at forsvar mot datakriminalitet er ivareteke

Overførbarhet

Langvarig bortfall av straumforsyning, data og/eller tele

Nr 10 Overgrep/vald/alvorlig trussel utført av brukar/pasient/pårørende

Pasient/brukar/pårørende som går til angrep på tilsette på legekantor, NAV, barnevern, heimetenesta, psykisk helsearbeid eller flyktingtenesta.

Det kan oppstå situasjonar der brukarar/pasientar i helse og sosial utfører overgrep/vald/alvorleg trussel mot andre brukarar/pasientar og/eller mot tilsette i kommunen. Dette kan gjelde truande og ustabile pasientar, personar med rus-/psykiatriproblem, sinte pårørende.

Situasjonen kan oppstå når personale prøver å gje hjelp, men den det gjeld, føler seg trua eller misforstår situasjonen.

Årsaker

- Samansette – misnøye med teneste/tilbod/oppfølging.
- For barnevern – spesielt omsorgsovertakingssaker. Kulturelle skilnader.
- Psykisk sykdom – paranoid psykose.
- Rusmisbruk. Konflikter i rusmiljøet.
- Utviklingshemming.
- Utagerande atferd frå utviklingshemma
- Bilkøyring med brukar i bil – uroe sjåføren

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Rutinar for førebygging og handtering av truslar og vald.
- Rutinar for risikovurdering.
- Rutinar for å kontakte politi ved mistanke om farlege situasjonar.
- Kompetanse i psykisk helseteneste
- Helsestasjonen sitt fokus på førebyggjande psykisk helsearbeid blant barn og unge. Ungdata
- Samarbeid med spesialisthelsetenesta ved identifisering av fare – psykisk helse og rusvern.
- Bruk av ambulante team
- Kollegastøtte i situasjonar som kan være truande. Aldri heimebesøk aleine.
- Fokus på handtering av farlege situasjonar.
- Politi – aktiv bruk av politi i truande situasjonar.
- «Stille varslings» som ligg i journalsystemet Infodoc
- To utdanna vergetrenarar i spes.ped-teamet
- Aktiv bruk av avvikssystemet Compilo
- Følge innstruks for bilkøyring med brukar i bil (bruke hette/ buff på langt hår, plassere brukar i bilbelte i baksete, nok personale ev. melde avvik
-
-
- Skademeldingsskjema og rutinar i forhold til truslar og vald - i etterkant av situasjonar.
- Aktiv bruk av avvikmeldingssystemet Compilo
- Systematisk kursing av tilsette for å avverge valdssituasjonar i samarbeid med bedriftshelsetenesta.
- Etablert rømningsveger og sikkerheitsforanstaltningar for tilsette i barneverntenesta, NAV-kantor og psykisk helseteneste.

Sannsynlighet

A B C D E

										X
Grunngeving for sannsynnlegheit										
Helserelaterte yrker som vernepleiarar, miljøpersonale, pleie- og omsorgsarbeidarar og sjukepleiarar er av dei yrkesgruppene som oftast vert utsett for vald og truslar. Heimetenesten er den sektoren som oftast vert ramma. Dette ifylgje statistikk frå arbeidstilsynet.										
Det har vore fleire hendingar i regionen dei siste åra bl.a. NAV, flyktingeteneste og barnevern. Tilsette i desse tenestene er tett på klientar – både fysisk og psykisk. Ofte einslege i tenesta.										
Vurdering av sårbarheit										
Det er relativt få personar som blir involvert, slik at sårbarheiten knytt til ulike funksjonar i utgangspunktet er låg, men nærleik til tenestene og små samfunn aukar sårbarheiten.										
Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store										
Liv og helse			X							
Natur og miljø	X									
Materielle verdiar	X									
Stabilitet samfunn	X									
Behov for befolkningsvarsling					Ja.					
Behov for evakuering					Ja, frå aktuelt kommunalt bygg.					
Forslag til tiltak										
<ul style="list-style-type: none"> • Støtte i situasjonar der ein føler seg utrygg, varsle leiar og ev. politi om behov for det • Opplæring i vergetrenig for alle tilsette • Fokus på god dokumentering i journal, registrere og evaluere hendingar, oppfølging med leiar • Bemanning som overlappar i vaktskifte for å sikre god informasjonsflyt. Gjev rom for kollegabasert erfaringsoverføring • Ha ein årleg gjennomgang av eksisterande rutinar - beredskapskoordinator er pådrivar • Årleg kurs i samarbeid med politi for å jobbe førebyggjande • Utarbeide rutinar for førebygging og handtering der det manglar • Analysere hendingar med tanke på førebyggingspotensial for andre hendingar • Sikre at alle tilsette det er aktuelt for har kunnskap om førebyggjande kommunikasjon og adferd • Vurdere alarmsystem for tilsette på heimebesøk • Informasjonsutveksling mellom ulike tenester dersom brukar/pasient blir opplevd som farleg. 										
Overførbarheit										
Gisselsituasjon/kidnapping										

Nr 11 Gisselsituasjon/kidnapping

Pasient/brukar psykisk helse og rusvern eller busett flyktning tek gissel eller kidnappar ein person for å oppnå noko. Vedkomande kan forsøke å sikre seg pengar, medikament/rusmidlar, familiegjenforeining. Handlinga er eit verkemiddel for å oppnå noko. Forelder/føresett som er involvert i ein barnevernssak og/eller barnefordelingssak, gisseltaking/kidnapping barn og/eller tidlegare partner. Utsette stader kan være barnehage/skule, NAV, legekontor, avdelingar i institusjonar med medisinrom, fosterheim. Ei slik hending vil forårsake stor frykt i befolkninga, og er difor teke med som uønska hending.

Årsaker

- Psykisk ustabile personar
- Rusa personar
- Konfliktfylte barnefordelingssaker
- Økonomiske og sosiale forhold
- Politiske motiv
- Busette flyktningar – familiegjenforeining, traume, økonomi
- Utvisningssaker

Eksisterende sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Nasjonal prosedyre (PLIVO): Samverke ved pågåande livstruande vald
- Rutinar for samarbeid mellom politi og NAV, barnevern
- Strengte rutinar for henting av barn i barnehagen og 1. trinn
- Politiet har informert barnehager og skuler om tilsikta hendingar
- Etablert politiråd i kommunen
- Klare retningslinjer i psykisk helse og rusvern - personal skal ikkje gå inn i slike situasjonar, men ringe etter hjelp
- Oversikt over barn i barnehage/skule
- Førebyggjande – innhente informasjon, kjenner pasientar
- Ordinære rutinar for handtering av høyrisikosaker

Sannsynlighet

A B C D E

x

Grunngjeving for sannsynlegheit

Politiet får kjennskap til fleire truslar no enn tidligare. Det har ikkje vore hendingar i kommunen.

Vurdering av sårbarheit

Drift av enkelte kommunale tenester må ev. stanses for ein periode pga lokale som er beleira eller evakuert, dvs. lågare beredskap politi, ambulanse, legevakt. Beredskapspersonell har lite erfaring med slike hendingar.

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse

x

Natur og miljø

x

Materielle verdier	x					
Stabilitet samfunn		x				
Behov for befolkningsvarsling	Ja.					
Behov for evakuering	Ja.					
Forslag til tiltak						
<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide rutinar for samarbeid mellom politi og alle aktuelle tenester i kommunen (barnehagar, skuler, helsetenester, barnevern, NAV) • Utarbeide rutinar for handtering av situasjonar der «hatkriminalitet» blir observert eller rapportert • Vurdere alarmsystem i aktuelle verksemdar • Gje informasjon og ha fokus på temaet i relevante fora • Fokus på handtering av saker med høg risiko – korleis blir informasjonen delt og korleis forhold vi oss til dette? • Bygge avvikskultur på uønska hendingar 						
Overførbarheit						
Overgrep/vald/alvorleg trussel utført av brukar/pasient/pårørande						

Nr 12 Forsvunne pasient

- Forvirra pasient har forsvunne frå Skjåkheimen. Er ikkje i stand til å ta vare på seg sjølv.
- Bebuar på heildøgns bustad for funksjonshemma har forsvunne. Er ikkje i stand til å ta vare på seg sjølv eller gjere greie for kven vedkomande er eller bur.
- Unge på avlastningsopphald forsvinn frå Prestgarden.

Årsaker

- Demens
- Psykisk utviklingshemming
- Rus
- Psykiatri

Eksisterande sannsynlegheits- eller konsekvensreducerande tiltak

- Transportmidlar tilgjengeleg
- Dør- og vindusalarm installert på Skjåkheimen
- Personell som kan være med på leiting
- Naudsynte tvangsvedtak
- Varsling pårørande
- Koble inn politiet ved behov
- God miljøterapi
- Låste dører der det er lov og naudsynt
- God kjennskap til kvar einskild pasient og risiko knytt til desse
- God kompetanse blant personalet
- Godt tilrettelagte bygg for dei aktuelle gruppene dette gjeld

Sannsynlighet

A	B	C	D	E
				X

Grunngjeving for sannsynnlegheit

Erfaringsbasert

Vurdering av sårbarheit

Relativt liten

Konsekvensvurdering 1 2 3 4 1: Små, 2: Middels, 3: Store og 4: Svært store

Liv og helse

X

Natur og miljø

X

Materielle verdiar

X

Stabilitet samfunn

X

Behov for befolkningsvarsling

Ja, dersom pasienten er til fare for omgjevnadene og/eller seg sjølv.

Behov for evakuering

Nei

Forslag til tiltak

- Bruk av GPS-sporing for demente og/eller psykisk utviklingshemma.
- Sikre at rutinar knytt til vurdering og enkeltvedtak er gode nok.
- Vurdere behov for å ha GPS-alarmer tilgjengeleg i kommunen.
- Kompetanse på nødvendige tvangsvedtak, ulike typar, identifisering av kven som bør ha vedtak.
- Sikre alle omsorgsbygg og -bustader med dør- og vindusalarm

Overførbarheit



Skjåk kommune

Arkivsak: 2019/814-1

Arkiv: X20

Saksbehandlar: Inga Gudrun Hyrve

Dato: 02.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
59/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Plan for miljøretta helsevern i Skjåk kommune

Saksdokument

Vedlegg

- 1 Beredskapsplan for miljøretta helsevern i Skjåk kommune 2019-22
- 2 ROS-analyser for helse- og sosialsektoren i Skjåk kommune 2019

Saksutgreiing

Fylkesmannen i Innlandet har varsla at dei vil halde samordna tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Skjåk kommune i oktober 2019.

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivil beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret §29, forskrift om kommunal beredskapsplikt §10, Lov om statlige tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. §2,2, jf. Lov om helsemessig og sosial beredskap §2-1.

Tema for tilsynet er Skjåk kommune si oppfylging av pliktene etter §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelsesloven, forskrift om kommunal beredskapsplikt, samt helseberedskapsloven § 2-2, 1.

ledd, jf. lov om folkehelsearbeid § 28, 2. ledd, forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. §§ 1 til 9, folkehelseloven § 27 og smittevernloven § 7-1 og § 7-2.

I arbeidet med å førebu tilsynet ser vi at *Beredskapsplan for miljøretta helsevern* i Skjåk kommune er utdatert og må vedtakast på nytt.

Beredskapsplan for miljøretta helsevern kan nyttast ved hendingar som kan gje helseskadeleg miljømessig påverknad på befolkninga i Skjåk kommune. Siktemålet med planen er å skissere tiltak som kan avgrense skadeverknadane så godt som råd.

Utifrå regionen si heilheitlege ROS-analyse er det av kommunen sin helseadministrasjon gjort ei risikovurdering av moglege uønska hendingar i befolkninga sitt miljø. Miljøretta risikofaktorar / tiltak som ikkje fell inn under kommunal beredskap vert ikkje omtala i planen. Planen gjennomgår dei fem hendingstypene som vart vurdert til å ha høgast risiko (utifrå sannsyn og skadepotensiale) og der tiltak må settast innan kort tid.

- Radioaktivt utslepp frå reaktorulykke i naboland eller frå skip/ubåt i nærliggande farvatn
- Vassboren sjukdom grunna kontaminert vatn i kommunal vassforsyning
- Langvarig bortfall av straumforsyning

- Naturhendingar med behov for evakuering; flaum, skred, etc.
- Legionellautbrot – 'legionærsjuka'.

Vurdering

Det er viktig at vi jobbar førebyggjande for å ha ein god beredskap i Skjåk kommune. Det er viktig at ein har tenkt gjennom kvar ein er sårbar, slik at ein på denne måten kan redusere risikoen for at innbyggerane vert utsett for krisesituasjonar. Ved å ha eit godt planverk, som alle er kjent med, kan ein syte for at lokalsamfunnet er attende til normalsituasjon så raskt som mogleg om krisa skulle koma.

Kommunedirektøren si innstilling

Beredskapsplan for miljøretta helsevern i Skjåk kommune 2019-22 blir vedteke.



BEREDSKAPSPLAN FOR MILJØRETTA HELSEVERN SKJÅK KOMMUNE 2019-2022

Planutgåve 2019-2022: Leggast fram til handsaming i kommunestyret hausten 2019

Planen rullerast etter fire år. Mindre justeringar og oppdateringar av planen vert gjort ved behov. Planen skal leggast fram for beredskapsansvarleg før politisk behandling. Ansvar: Kommuneoverlegen og beredskapsansvarleg.

Planen arkiverast i CIM. Ansvar: Kommuneoverlegen og beredskapsansvarleg.

INNHALD

Formål	2
Samordning med anna planverk	2
Ressursar og ansvar	2
1 - Reaktorulykke	3
2 - Vassboren sjukdom	4
3 - Langvarig bortfall av straumforsyning	4
4 - Naturhendingar med behov for evakuering	5
5 - Legionellasmitte	6

Formål

Beredskapsplan for miljøretta helsearbeid kan nyttast ved hendingar som kan gje helseskadeleg miljømessig påverknad på befolkninga i Skjåk kommune. Siktemålet med planen er å skissere tiltak som kan avgrense skadeverknadane så godt som råd.

Utifrå regionen si heilheitlege ROS-analyse er det av kommuna sin helseadministrasjon gjort ei risikovurdering av moglege uønska hendingar i befolkninga sitt miljø. Miljøretta risikofaktorar / tiltak som ikkje fell inn under kommunal beredskap vert ikkje omtala i planen. Planen gjennomgår dei fem hendingstypene som vart vurdert til å ha høgast risiko (utifrå sannsyn og skadepotensiale) og der tiltak må settast innan kort tid.

- Radioaktivt utslepp frå reaktorulykke i naboland eller frå skip/ubåt i nærliggande farvatn
- Vassboren sjukdom grunna kontaminert vatn i kommunal vassforsyning
- Langvarig bortfall av straumforsyning
- Naturhendingar med behov for evakuering; flaum, skred, etc.
- Legionellautbrot – 'legionærsjuka'.

Samordning med anna planverk

Fleire av punkta vil verta handsama i andre delar av kommuna sitt planverket mtp beredskap. I desse tilfella vil hendingane og moglege tiltak i denne planen kun skisserast på overordna nivå. I hovudsak gjeld dette:

- Plan for evakuering er sett opp i Overordna beredskapsplan for Skjåk kommune
- Plan for varsling av befolkninga i kommuna er sett opp i Overordna beredskapsplan for Skjåk kommune
- Plan for tilkalling av personell er sett opp i Overordna beredskapsplan for Skjåk kommune
- Ved vassboren smitte inneheld Smittevernplan for Skjåk kommune prosedyre for handtering av dette
- Plan for øvingar innan beredskap er sett opp i Årshjul for beredskapsarbeid i overordna beredskapsplan.

Ressursar og ansvar

Dersom nokon av dei ovanfor nemde hendingane skulle inntreffe vil mogleg skadeomfang vera så stort at kommunal krisestab vil verta sett. Prosedyre for dette og kven som har ansvaret for dette vert gjennomgått i Overordna beredskapsplan for Skjåk kommune.

Tilgjengelege ressursar og utkalling av desse er sett opp i Overordna beredskapsplan for Skjåk kommune.

Kommuneoverlege har ansvar for miljøretta helsearbeid i kommuna og har fagansvaret for planen. Beredskapssjef har ansvar for at planen vert politisk behandla og for at nyaste utgåve av planen vert gjort tilgjengeleg på CIM.

1 - Reaktorulykke

Bakgrunn:

Ved ulykker i kjernefysiske reaktorar vil det kunne sleppast ut radioaktivt jod som kan spreiaast over store avstandar. Ved eksponering for radioaktivt jod vil dette kunne verta teke opp i kroppen og auke risikoen for kreft i skjoldbruskkjertelen. Ved ei slik hending vil raskt inntak av ikkje-radioaktivt jod vil blokkere kroppen sitt opptak av det radioaktive materialet og slik minske risikoen for helseskade.

Ved ei reaktorulykke med spreining av radioaktivt materiale til Skjåk kommune bør difor befolkninga raskt få tilbod om jod-tabletter. Kroppen sitt jodlager er hjå vaksne personar i hovudsak fullt og dei vil i liten grad ta opp radioaktivt jod ved eksponering. Dei vil difor ha liten gevinst av innta ekstra jod og vaksne personar som ikkje er gravide eller ammande vil difor ikkje få tilbod om jod-tabletter. Skjåk kommune har vald å oppbevare sitt lager av jod-tablett på Skjåk Helsesenter.

Hendingar:

Ulykke i kjerneraktor i naboland eller ulykke i reaktor i skip / ubåt med moglegheit for spreining av radioaktivitet til Skjåk.

Tiltak:

- Sette kommunal krisestab
- Tilkalle personell utifrå plan for overordna beredskap
- Varsle befolkninga utifrå plan for overordna beredskap
- Skjåk kommune har sitt lager av jod-tablett på Skjåk Helsesenter og utdelinga vil i hovudsak føregå på kommunehuset
- Dersom ei ulykke skulle skje innanfor skule og barnehagar si opningstid skal tabletter køyrast ut til desse for utlevering der
- Tiltak med utdeling av jodtabletter iverksettast saman med ei anbefaling om å halde seg innanfor i opptil 2 døgn
- Utdelinga skal følge administrasjonregimet utarbeidd av Statens Strålevern:

Aldersgruppe	Dose kaliumjodid	Antall tabletter kaliumjodid 65 mg
Barn under 1 måned	16 mg	¼ tablett
Barn 1 måned - 3 år	32,5 mg	½ tablett
Barn 3 - 12 år	65 mg	1 tablett
Barn 12-18 år	130 mg	2 tabletter
Gravide kvinner	130 mg	2 tabletter
Ammande kvinner	130 mg	2 tabletter

Referanser:

Helsedirektoratet og Statens strålevern sitt informasjonsskriv angående jod-tabletter ved atomhendingar: <https://www.dsa.no/filer/f4941494a9.pdf>.

2 - Vassboren sjukdom

Bakgrunn:

Kommunen er med i REKOMP (Regional ordning for kompetanseutvikling) Regional ordning skal medverke til at barnehagane utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Den er eit av fleire tiltak som skal sikre at alle barn får eit likeverdig

barnehage tilbud av høg kvalitet. «Regional» i denne samanheng er fylkesvis satsing. I arbeidet er høgskulen i Innlandet (HINN) sentralt i vårt fylke.

I tillegg er vi med i nasjonal satsing på Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM) saman med skulen. Dette er ei satsing for barnehagar og skular som ynskjer støtte i arbeidet med trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Dei som deltek er med på samlingar nasjonalt og regionalt, utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass, lærande nettverk og dei får støtte til ein lokal ressursperson.

Skjåk er, saman med Lom, Dovre og Sel med i Pulje 3 i denne satsinga. Lesja og Vågå var med i Pulje 1.

Barnehagane er og involverte i «Sei det!» -samarbeidsprosjektet mellom oppvekst og helse i Skjåk, Lom og Dovre. I denne samanheng vil det bli arbeid med COS-P. Dette er eit program som er basert på «Tryggleikssirkelen».

Tema her ligg tett opp til innhaldet i IBSM.

Til begge desse satsingane får kommunen tildelt tilskot til gjennomføring.

Vurdering

Skjåk kommune har gode barnehagar som er i utvikling. Viser elles til styrarane sine vurderingar av arbeidet i eigen barnehage.

Modulbygget er nødvendig for å oppnå full barnehagedekning ut frå behov. Sjølv om bygget er funksjonelt og fungerer godt som barnehage, er det utfordrande å drive barnehage i to bygg, sjølv om dei ligg nær kvarandre.

Behovet for å gjennomføre barnehagestrukturvedtaket basert på oppdaterte analysar og vurderingar av behov er nødvendig.

Modulbygget er ikkje ei fullgod løysing på sikt.

Tiltak for å utbetre Dønness naturbarnehage hastar. Det er openbart at situasjonen ikkje er god nok slik den er.

Ynskjet er å få gjennomført planlagde ombyggingar og eventuell påbygging så raskt råd er. Dersom det tek tid å få gjennomført dette, må det gjennomførast midlertidige tiltak for å betre arbeidssituasjonen for dei tilsette og legge betre til rette for ungane i barnehagen.

Barnehagane arbeider godt med det pedagogiske tilbodet i barnehagen. Det er ei oppleving av at ressursrammene er for tronge. Det er utfordrande å sikre «god nok» bemanning gjennom opningstida.

Her er det ikkje berre omsynet til «forsvarleg» tilsyn med ungane, men tilstrekkeleg bemanning for å drive eit godt fagleg pedagogisk arbeid.

Barnehagane si deltaking i regionale nettverk (REKOMP) og nasjonal satsing (IBSM) gjev verdifulle innspel og stimulerer til lokalt utviklingsarbeid i den enkelte barnehage.

Kommunedirektøren si innstilling

Tilstandsrapporten blir teke til etterretning.

Vedtak i Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg - 10.09.2019

Tilstandsrapporten blir teke til etterretning.

Samrøystes.

TILSTANDSRAPPORT 2018/19

Barnehagane i Skjåk




Innholdsliste

Bismo barnehage.....	2
Status Bismo barnehage:.....	3
Holemork barnehage.....	5
Status Holemork barnehage:.....	6
Dønfoss naturbarnehage.....	7
Status Dønfoss naturbarnehage:.....	8
Barnehagestatistikk for Skjåk:	9
Satsingsområder:.....	12

Bismo barnehage

(<https://www.barnehagefakta.no/barnehage/1017609/bismo-barnehage/>)



Status Bismo barnehage:

Døme som indikerer kvalitet i barnehagen:

- Friskusbarnehage:** Fokus på fysisk aktivitet og kosthald. Kvar veke har vi ein turdag for alle barn og ei økt med hallaktivitetar. Måltida i barnehagen inneheld sunn ernæringsmessig god mat med mykje frukt og grønt. Vi vektlegg måltid i smågrupper og at måltida skal vere rolege og trivelege stunder i løpet av dagen. Frå haust 2019 deltek Skjåk på eit felles folkehelseprosjekt saman med Lom og Dovre, og det vil i samband med det bli enda større fokus på livsmestring og psykisk helse.

- **Språkarena**: Fokus på systematisk språkstimulering gjennom tilrettelagte språklærings- situasjonar kvar dag. Spesielt med tanke på fleirkulturelle barn, elles noko alle barn dreg nytte av i si språkutvikling.
- **Fagleg utvikling i organisasjonen**: Vi har faste personalmøte der heile personalet arbeider med å utvikle seg fagleg gjennom relevant litteratur, vegleiing og refleksjon. Sterk prioritet på fagleg utvikling av heile personalet, medarbeidersamtaler med alle kvart år og systematisk arbeid med arbeidsmiljøet gjennom heile året. Påfallande lågt sjukefråvær over fleire år.
- **Trivsel og gode relasjonar** mellom barn, barn – personale og personale – foreldre. Indikatorar: trygge barn som gjerne vil vere i barnehagen, gode attendemeldingar frå foreldre gjennom to foreldresamtaler i året og gode resultat på medarbeidarundersøkingar.
- **Gode planar og prosedyrer**; (Årsplan, månadsplan, plan for språkarbeid, fysisk aktivitet, møteplanar, realfag , mobbeplan, HMS, osv.)

Døme på utfordringar:

- o **Språk og fleirkulturelle**: Å kunne gjere fleirkulturelle barn så språkleg sterke at dei mellom anna kan ta del i leiken og vere ein del av fellesskapet på lik linje med etnisk norske barn, samt at dei seinare kan henge med fagleg gjennom heile utdanningsløpet.
For å lykkast i dette er det fleire faktorar som må vere på plass. Tilstreккеleg og stabilt personale, personale med kompetanse, eit godt samarbeid med heimen og tid til å arbeide fagleg med planlegging, tilrettelegging, samtale med foreldre o.s.v. Har pr. i dag 40 % ekstraressurs til dette arbeidet.
- o **Utforminga av barnehagen**: Barnehagen er slik utforma at personalet må gå gjennom ei avdeling (Søre) for å komme inn på den andre avdelinga (Nørdre). Dette medfører at vi uroar kvarandre unødige mykje ved at det må bli noko gjennomgang frå personalinngang og inn til Nørdre avdeling.
Det er og utfordrande med to bygg. Det hadde vore enklare å fått full utnytting av personalressurs om alle hadde vore samla under same tak. Dette vart drøfta og vurdert som vanskeleg da vi sette opp modulbygget. Dette vil bli betre når den nye bygget er på plass, det er ynskjeleg at dette får prioritet snarast. Ein ny barnehage kan medføre mindre driftskostnader og større forutsetningar til å nytte personalet på ein meir hensiktsmessig måte.

Døme på satsingar/ tiltak:

- o **Inkluderande barnehage- og skulemiljø**: Alle barnehagar og skulen i Skjåk deltek på ny nasjonal satsing. Tilbodet er for barnehagar og skular som ynskjer støtte i arbeidet med trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Dei som deltek er med på felles

samlingar, utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass, lærande nettverk og har to lokale ressurspersonar.

- Folkehelseprosjekt saman med Lom og Dovre, der målet er å styrke barn og unge si psykiske helse. Oppstartsamling august 2019 samt kursing av heile personalet i cos-p på personalmøte haust 2019.
- Kompetanseutvikling: Fire pedagogar har kompetanse på «Språkarbeid i barnehagen» og «Barnehagen som språkarena for barn med norsk som andrespråk».
- Musikk, song, dans og drama: Vi har i året som har gått arbeidd med å ivareta gamle songar og songtradisjonar, og gjev i samband med dette ut eit lite songhefte til alle heimar. Songheftet inneheld alle gamle songar vi har lært oss dette året. Haust 2020 «trappar vi opp» denne satsinga, og vi vil i enda større grad bruke musikk, dans og drama som ein metode i arbeid med barna.

Som eksempel kan nemnast at musikk er ein fin måte å møte kvarandre på når ein har forskjellig språk, musikk frigjer endorfiner, aukar trivsel og kjensle av velvære samt er nyttig i det metodiske arbeidet ved innlæring av eit 2. språk. Tanken er å kople på ressursar frå kulturskulen og frå nærmiljøet vårt elles. Vi har allereie hatt inne Oddrun Kvalheim på to personalmøte, og ho skal og vere med oss på foreldremøtet haust 2019.

Bismo 23.8.19

Mogunn Synstnes

Styrar i Bismo barnehage

Holemork barnehage

(<https://www.barnehagefakta.no/barnehage/1015863/holemork-barnehage>)

Holemork barnehage

DINE BARNEHAGER

- Holemorkvegen 42, 2890 Sjøen
- Eierform: Kommunal
- 26 barn
- 1 - 5 år
- Ordinær barnehage
- Send e-post
Tlf: 61 21 70 00
- Høytidsside
- 07.00 - 16.30
- Kostnader: 250 kr

Om nøkkeltallene


Hvordan søke barnehageplass?

Du søker om barnehageplass via kommunens nettsider. Via kommunens nettsider

Se barnehage i større kart



Barnehagen oppfyller pedagognormen per 15.02.2018



Barnehagefaglig utdanning Annen pedagogisk utdanning Barne- og ungdomsarbeider Annen høyere utdanning Annen fagbakerutdanning Annen bakgrunn



Barnehage

Status Holemork barnehage:

Eksemplar på kvalitet i Holemork.

- Holemork har ei tomt som gjev mykje ly for ver og vind. Vi er mykje ute. Trygt nærområde til å gå på småturar, faste utedagar med tursekk frå heime.
- Bevisstgjeriing i samband med kompostering og avfallssortering.
- Vektlegging på leik i samband med utvikling og læring – på alle utviklingsområde.
- Vektlegging på psykososialt miljø – tryggleik, trivsel tilhøyring. Leikegrupper, deling i smågrupper ved måltid. Liten barnehage – barna vert godt kjende og går ofte om kvarandre på tvers av avdelingar.
- Stabilt og godt kvalifisert personale.

Utfordringar.

- Økonomiske rammer.
- Fastlegging av bemanning etter hovudopptak. Det gjev lite fleksibilitet i samband med nye søkjarar som kjem i tida mellom hovudopptak og oppstart av nytt barnehageår.
- Med ei lita eining kan tilstrekkeleg bemanning bli ei utfordring dersom ein ikkje har full dekning med 36 plassar. Opningstida er 9,5 timar pr. dag, Er det forsvarleg med ei fast bemanning på 5 vaksne pr. dag når det er 15 barn over 3 år, og 8 barn under 3 år?
- Det kan vere vanskeleg å få tak i kvalifiserte, og nok vikarar i ferieavviklinga til fast tilsette.
- Fysiske tilhøve – både ute og inne. Lite rom for vedlikehald, slitasje byrjar å merkast.
 - o Det er påvist taklekkasje, men utbetringar er ikkje gjort.
 - o Pauserom for tilsette må og fungere som møterom og «kontor»/arbeidsrom (ein arbeidsplass). Er arbeidsplassen oppteken må datamaskin i garderoben eller på avdeling nyttast.
 - o Slitasje på uteleikeplassen, klatrestativ med sklie må vurderast å rivast p.g.a. roteskade.

Tiltak.

- I samband med inkluderande barnehage- og skulemiljø er/vert det arbeidd med:
 - o Ståstedsanalyse – vennskap og fellesskap
 - o Psykososialt arbeidsmiljø. «Hvordan ta vare på hverandre i tid med uro og endring?» Kristine Guttormsen frå Friskhms var med på eit personalmøte.
 - o Cos-p opplæring med Eli Skjåk Teigum.
 - o Relasjonssirkelen – «kvar er du i forhold til det enkelte barn?»
 - o Refleksjonsspørsmål utarbeidd av ressurspersonane (Suna og Kari Anne) på personalmøte.
- Kompetanseutvikling
 - o Ein pedagog har gjennomført studiet «Årsenhet i psykisk helse i barnehagen».

Holemork 01.09.2019

Dønfoss naturbarnehage

(<https://www.barnehagefakta.no/barnehage/1014716/donfoss-naturbarnehage>)



Dønfoss Naturbarnehage

1 DØNFOS BARNEHAGER

Brattåregan 8, 2593 Nordberg, Sigdal

Barform: Kommune

27 barn

1 - 5 år

Ordnet barnehage

Friluftbarnehage

Sende-e-post

Tlf: 01 21 70 00

Via hjemmesida


[Barnehagefakta](#)

Om nøkkeltallene

Hvordan søke barnehageplass?

Du søker om barnehageplass via kommunens nettsider. Via kommunens nettsider

Se barnehage i store kart



NBI Ved innsending av rapportering var det rapportert for lite pedagogers utdanning. Dette vart retta opp etter at vi fekk tilbakemelding om dette.

Status Dønfoss naturbarnehage:

Døme på kvalitet:

- Vi arbeider systematisk og målretta med psykisk helse, relasjonsbygging, førebygging av mobbing og krenkande åtferd. Vi tek del i satsinga IBSM.
- Vi har kvalifisert og stabil bemanning, dei tilsette i pedagogstillingane er utdanna førskulelærarar/barnehagelærar. Personalet elles er utdanna fagarbeidarar. Personalet held seg fagleg oppdatert ved å setja seg inn i fagstoff knytt til arbeidet, vi brukar personalmøta til refleksjon/diskusjon knytt opp mot enkeltbarn og barnegruppa. Heile personalet deltek på Østlandske lærerstevne kvart år.
- Lita eining; oversiktleg for barna som treng sine trygge omsorgs- og tilknytingspersonar. Enklare for personalet å sjå alle barna og kjenne til dei ulike behova dei har. Dette er noko av kjernen i å arbeide med psykisk helse og førebygging.
- Vi legg vekt på eit godt samarbeid med foreldra. Samarbeidet byrjar før barnet tek til i barnehagen, vi har møte med nye foreldre før tilvenninga byrjar. Dette for at vi skal treffe foreldra og utveksle informasjon før fyrste dagen i barnehagen. To obligatoriske foreldresamtaler i løpet av barnehageåret, elles samtaler ved behov. Terskelen for å be om samtale skal vera låg, både for foreldre og personale. Foreldremøte om hausten, om våren ved behov. Utveksling av informasjon ved henting og bringing. Infotavle i gangen der vi skriv «dagen i dag». Samarbeidsutvalsmøter.
- Vi har eit utfordrande og helsefremmande utemiljø som gjev inspirasjon til allsidig leik til alle årstider.
- Inne har vi mange rom å fordele oss på i små grupper, med ulike aktivitetar.
- Konseptet naturbarnehage. Vi legg vekt på leik, læring og opplevingar i nær kontakt med naturen. Dette m.a. for å fremje forståing for eigenarten til naturen, det biologiske mangfaldet og verne om naturen. Få kjennskap til jakt, fiske, dyrehold og matauk.

Utfordringar:


- Kvaliteten på det pedagogiske arbeidet har vorte svekka etter nedbemanninga i 2017. Dette særleg med tanke på barns medverknad/deltaking. Kvardagen er i større grad vaksenstyrt, noko som går seg utover leiken; som er den viktigaste læringsarenaen for barna. Leiken skal vera på barna sine premisser, med vaksne til stades og påkople for å observere og sjå kvart enkelt barn og relasjonane barna i mellom. Dette let seg vanskeleg gjera med færre vaksne tilgjengeleg i løpet av dagen.


- Vi er mindre tilgjengelege for foreldra ved henting og bringing; som er ein viktig arena for utveksling av informasjon om barnet, fordi vi har lang opningstid og må «tøye» personalet morgon og kveld. Dei fleste barna byrjar som 1åringar. Barna er i dag meir til stades heile opningstida. Vi har sjeldan tid til å skrive «dagen i dag» på tavla i gangen.
- Uteområdet/leikeapparata treng i høgste grad ei oppgradering.
- Innemiljøet er ikkje tilfredstillande. Småbarnsavdelinga har ikkje tilgang på vatn og eigna stellerom, og det er golvkaldt. Tilhøva for personalet er langt i frå optimale med tanke på garderobetilhøva og arbeidsplassar for pedagogane. HVO og kommuneoverlege har vurdert etter synfaring at det er heilt klare brot på arbeidsplassforskrifta, og at det er avvik frå forskrift om miljøretta helsevern for skular og barnehagar.

Dønfoss barnehage

3.9.2019

Barnehagestatistikk for Skjåk:





Barn korrigert for alder per årsvær: til helseundersøkt (antall)

	2015	2016	2017	2018
0511 Dava				
Kommune	6,2	6,1	5,8	6,6
0512 Skjei				
Kommune	5,8	5,2	4,8	5,0
0514 Lora				
Kommune	4,6	4,7	5,0	5,6
0515 Vegg				
Kommune	6,4	6,3	6,0	6,8
0517 Sei				
Kommune	5,9	5,3	5,1	4,5
EKANS Oppland				
Kommune	6,0	5,7	5,5	6,0
EK003 KOSTRA-gruppe 3				
Kommune	6,1	6,0	6,0	5,8
0512 Leip				
Kommune	5,5	5,5	5,4	5,3


Følgende

12216: Barn i barnehage korrigert for alder, og korrigerte oppholdstimer, per årsverk til basisvirksomhet, etter region, eierforhold, statistikkvariabel og år

+ Lagre spørringen

			2015	2016	2017	2018
0511 Dovre	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	11 269	10 849	10 784	12 642
0512 Lesja	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	10 855	10 079	9 574	10 233
0513 Sjølk	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	9 715	9 536	11 811	11 406
0514 Lom	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	12 133	12 208	11 992	11 164
0515 Vågå	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	12 340	10 876	10 744	10 555
0517 Sel	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	11 694	11 468	12 197	12 131
EKS05 Oppland	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	12 349	12 234	12 273	11 988
EKS03 KOSTRA-gruppe 2	Kommune	Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet (antall)	11 257	11 359	11 306	11 072

Fotnoter



Satsingsområde:

Rekomp (Regional kompetanseutvikling)

Regional ordning gjennom Utdanningsdirektoratet, som skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Den er eit av fleire tiltak som skal sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

Satsinga i Oppland blir leia gjennom HINN (Høgskulen i Innlandet).

Styrarane, og til dels pedagogar, deltek på regionale samlingar og nettverk saman med dei andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Barnehagane og Skjåk barne- og ungdomsskule deltek i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Deltakarane skal jobbe med trygge og gode barnehage- og skulemiljø, regelverk, organisasjon og leiing og lære meir om førebygging, avdekking og handtering av mobbing.

Vi deltek på nasjonale og regionale samlingar med førelesningar og gruppearbeid. Mellom samlingane arbeider vi lokalt med aktuelle problemstillingar i eigen praksis.

Utbetringar i Dønfoss naturbarnehage

«Rapportar frå styrar og tilsyn gjennomført av kommuneoverlegen mars 2019 synleggjer behov for utbetringar i Dønfoss naturbarnehage med omsyn til tilhøve både for ungane og for dei tilsette. Samtidig er det vedteke at det skal gjerast utbetringar og tilpassingar i Dønfoss Naturbarnehage mellom anna som følgjer av vedtak om barnehagestruktur. Rådmannen vil derfor få utgreidd nødvendige planar for gjennomføring av desse utbetringane som grunnlag for vedtak om gjennomføring i løpet av 2019.»

Det er utarbeidd plandokument for to alternativ til gjennomføring som blir lagt fram til avgjerd i samband med økonomiplan 2020-24.

Modulbygg i Bismo barnehage.

Modulbygg kom på plass frå årsskifte 2018/19 ved Bismo barnehage. Dette har ført til at alle som har ynskt barnehageplass har fått plass. Vi fekk plassar til alle som ynskte plass frå årsskiftet, og til alle som søkte plass ved hovudopptaket.

Slik det ser ut, kan vi bli avhengige av modulbygget for å dekke barnehagebehovet inntil vi får på plass permanent utviding av barnehagekapasiteten.



Skjåk kommune

Arkivsak: 2018/224-12

Arkiv: 150

Saksbehandlar: O.G. Aamodt

Dato: 05.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
49/19	Formannskapet	17.09.2019
64/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Tertialrapport haust 2019

Saksdokument

Økonomiplan og budsjett. Ikkje vedlagt.

Saksutgreiing

Denne saka er rapport for 2. tertial 2019. Leiarane for ansvarsområda har gått i gjennom sine budsjett og vurdert forventa resultat ved utgangen av året. Forventa resultat, avvik og tiltak er vurderte og kommenterte av kommunedirektøren og kommunalsjefane.

Vurdering

Overordna vurdering

Det er rapportert at forventa resultat skal være i balanse ved slutten av året, men dette inkluderer ikkje ei mogleg underdekning på nettokostnader til flaum, prosjekt 850. Vi mottek årleg reguleringspremie på pensjon seint i september og denne har historisk variert svært mykje, men vi har eiga avsetting til ein mogleg meirkostnad på pensjon.

Det kan bli lagt fram egne saker knytt til flaum og på reguleringspremie pensjon seinare i haust, avhengig av finansiell inndeckning på flaumprosjektet, herunder skjønnsmidlar, og kva vi får i faktisk reguleringspremie på pensjon i september.

I 1 tertial ble det rapportert eit meirforbruk på 1.380.000 kroner, men dette og avvik på heimetenester er dekt inn med meirinntekter op rammoverføring/skatt, egedomskatteinntekter og attendeføring frå premiefond KLP, dersom ein der alle ansvar samla.

Fleire av budsjettområda er usikre og krev stor merksemd og kontinuerleg oppfølging. Det er i utgangspunktet avdekt vesentleg kostnadsauke på institusjon og heimetenester, men det blir arbeidet med tiltak som saman med meirinntekter skal bringe forventa resultat nær rammene, men det vil truleg blir eit meirforbruk på heimetenester.

Tidligare er det konstatert meirforbruk på barnehagane i og med at vi har full barnehagedekning og har teke i bruk modulbygg. Meirinntekter sentralt må dekke aktuelt meirforbruk.

Vi har tidligare justert budsjettet på tilbakeføring frå KLP frå 2,9 millionar kroner til 1,3 millionar kroner, etter oppstilling frå KLP. Attendeføringa ser no ut til å bli vel 2,4 millionar kroner. Vi ventar og noko meirinntekt på skatt og rammeoverføringar samla, ut i frå blant anna auka innbyggjartal. Skjåk Energi må betale eigedomskatt for andre halvår da selskapet har vorte eit AS. Vi har og sendt etterkrav til eigarar av kraftanlegg som er med å auke eigedomsskatten.

Finansforvaltninga er i tråd med finansreglementet, og det er forventa at samla finansresultat ligg nær budsjett, og at eventuelle avvik langt på veg vil utlikne kvarandre.

Historisk har vi ofte kome ofte betre ut i ved årslutt, enn rapportert undervegs, men meirforbruk som leiarane for ansvarsområda rapporterer er utfordrande. Nokre få gonger har vi også kome litt dårlegare ut ein rapportert, så det er viktig at kvar enkelt leiar styrer godt og er nøktern i bruk av kommunen sine midlar.

Kraftavalen knytt opp mot Skjåk Energi AS er justerte, jamfør tidligare vedtak i Skjåk kommunestyre.

Skjåk kommune har mange utfordringar inn mot neste økonomiplan. Det er planar om gjennomføre større investeringar, samtidig som gjeldsgraden nærmar seg «taket» på handlingsregel. Netto driftsresultat korrigert for momskompensasjon skal gradvis byggjast opp mot 3 %. Det var fleire tilleggsøyvingar i første kvartal, som reduserer netto driftsresultat.

Skjåk kommune har mange og gode funksjonelle anlegg. Vi har god likviditet gjennom tidligare avsettingar og ligg nær opp til handlingsregel. Konsesjonsavgiftene inneber at vi kontinuerlig kan satse på næringsutvikling. Vidare er det viktig at vi får ut effektar av omstillingar og investeringar, og samtidig arbeidar for å betre handlingsrommet i økonomien, for finansiere framtidige investeringar. Endringsvilje og effektivisering er viktig for å kontinuerleg optimalisere og tilpasse tenesteytinga.

Kommentarar i høve til resultatoppstilling

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Regulert bud	Opphavleg	Rekneskap
Økonomisk oversikt - drift	hittil 2019 per 5/9	etter 1 halvår	budsjett	2018
Driftsinntekter				
Brukerbetalingar	5 602 418	10 149 000	10 107 000	5 942 537
Andre salgs- og leieinntekter	11 901 699	18 416 000	18 410 000	13 153 552
Overføringer med krav til motytelse	16 203 325	29 286 000	29 285 000	14 908 280
Rammetilskudd	51 094 360	78 775 000	78 775 000	57 133 798
Andre statlige overføringer	6 988 565	9 622 000	9 622 000	10 730 401
Andre overføringer	3 870 857	4 987 000	4 987 000	3 821 581
Skatt på inntekt og formue	41 519 211	47 917 000	47 917 000	40 637 371
Eiendomsskatt	7 547 845	14 000 000	14 000 000	7 530 756
Andre direkte og indirekte skatter	157 015	19 370 000	19 370 000	0
Sum driftsinntekter	144 885 295	232 522 000	232 473 000	153 858 276
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	87 274 367	133 047 000	132 361 000	99 779 159
Sosiale utgifter	16 227 730	29 343 000	27 612 000	17 689 060
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	17 974 021	30 658 000	27 857 000	19 475 060
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	12 713 044	21 679 000	21 754 000	15 297 122
Overføringer	8 744 091	12 257 000	13 070 000	9 061 808
Avskrivningar	13 921 881	13 903 000	13 109 000	0
Fordeelte utgifter	0	-1 868 000	-1 788 000	0
Sum driftsutgifter	156 855 134	239 019 000	233 975 000	161 302 209
Brutto driftsresultat	-11 969 840	-6 497 000	-1 502 000	-7 443 932
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	2 327 114	5 248 000	7 868 000	5 549 664
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	5 272 798	5 305 000	80 000	93 010
Sum eksterne finansinntekter	7 599 912	10 553 000	7 948 000	5 642 674
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar	2 605 067	5 532 000	5 532 000	2 794 344
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	5 126 191	10 610 000	10 610 000	5 403 690
Utlån	27 639	100 000	100 000	83 000
Sum eksterne finansutgifter	7 758 897	16 242 000	16 242 000	8 281 034
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-158 985	-5 689 000	-8 294 000	-2 638 360
Motpost avskrivningar	13 921 881	13 903 000	13 109 000	0
Netto driftsresultat	1 793 056	1 717 000	3 313 000	-10 082 292
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidlige års regnsk.m. mindreforbruk	3 119 572	3 119 000	0	2 359 642
Bruk av disposisjonsfond	1 435 560	3 298 000	253 000	1 307 335
Bruk av bundne fond	2 951 044	11 988 000	13 037 000	4 354 550
Sum bruk av avsetningar	7 506 176	18 405 000	13 290 000	8 021 528
Overført til investeringsregnskapet	2 489 969	2 970 000	770 000	3 935 065
Dekning av tidlige års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	1 446 033	1 494 000	175 000	1 846 325
Avsatt til bundne fond	148 336	15 658 000	15 658 000	1 390 697
Sum avsetningar	4 084 338	20 122 000	16 603 000	7 172 087
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	5 214 894	0	0	-9 232 851

Budsjett er regulerte etter politiske vedtak. Det er ikkje gjennomført budsjettjustering i høve til avvik.

Differanse mellom opphavleg budsjett og regulert budsjett er politiske vedtak hittil i år. Løvingar frå næringsfondet vil redusere netto driftsresultat utover året.

Vi har ikkje føreslege budsjettjusteringar. Dette kan lett skjule avvik i høve til opphavleg budsjett, og det kan og svekke styringa, dersom ei teneste får tilleggsloyving på grunn av meirforbruk. Vi synleggjer og avvik på faktisk resultat i høve til opphavlege planar på ein god måte, dersom vi ikkje justerer budsjettet undervegs. Isolert sett er det gode argument for å justere budsjetta på barnehagane, da dei har teke inn fleire born, enn føresett i planane og ligg på norma for bemanning.

Det viktige, framfor å regulere dei ulike budsjetta, er å ha kontroll på at forventta resultat samla, er i god nok balanse, med tanke på å unngå netto meirforbruk.

Skatt og rammeoverføringar

Skatteinntekter og rammeoverføringar må ein sjå på samla, da rammeoverføringane blir utjamna mot skatteinntekter.

Skjåk kommune brukar KS sin prognose, når vi set opp budsjettet for neste år, hausten forut, og vurderer resultatet undervegs. Etter at budsjettføresetnadene var lagt hausten 2018, har folketalet auka. Vi har fått ny prognose i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett. Vi forventar meirinntekter med knapt 800.000 kroner.

Kraftinntekter

Det er underskreve nye avtalar som regulerer overføringane melom Skjåk Energi AS og Skjåk kommune. Dette har vore handsama i eige kommunestyresaker og budsjettpostar er tidligare justerte i høve til vedtak og avtalar. Eigedomsskatt forventast å gje meirinntekt på om lag 1 million kroner, der hovudårsaken er eigedomsskatt frå kraftlinjene til Skjåk Energi AS. Det er og sendt ut krav om justert e-skatt til fleire kraftverk. Naturressursskatten er alltid noko usikker, men endringar her blir delvis regulert mot inntektsutjamning i rammeoverføringane.

Andre inntektsposter

Flyktningbudsjettet blir bokført på fleire ansvar og tenester. Det ligg an til at intergreringstilskotet blir lågare enn budsjettert, da vi ikkje har hatt familiegjennforeningar. Truleg må vi bruke over 1,3 millionar kroner av tidligare avsette flyktningmidlar for at prosjekt 900 skal balansere. Dette vil isolert sett svekke korrigerert netto driftsresultat, men ikkje påverke overskot / underskot. Avvikling av ei teneste kostar, men vi har avsett midlar til dette.

Det ser ut til at vi får knapt vel 2,4 millionar kroner i overføring frå KLP, som er lågare enn opphavleg budsjett, men likevel høgare enn det KLP varsla i vår. Årsaken er at avregning av 2018 har slått positivt ut, og at dette kjem i tillegg til avkastning. Historisk er attendeføring frå KLP vore svært variabel. Inntektspostane på legetenestane og institusjon er noko usikre og svingar over tid. Vi går større tilskot og overføringar enn budsjettert, men dette skal dekke reelle kostnader.

Løn og sosiale kostnader

Enkelte leiarar rapporterer meirforbruk, men det blir arbeidd med å halde kostnadene nede. Det ser også ut til at lønsoppgjeret blir litt høgare enn budsjettert, truleg rundt 3,2% mot budsjettert 2,5%. Eit høgare lønsoppgjere vil normalt også betre skatteinngangen. Det vises forøvrig til kommunalsjefane si omtale av forventa resultat og tiltak.

Budsjettpostar for oppdekking av langtidsfråvær og refusjonar frå Rikstrygdeverket er lagt på overordna nivå i opphavleg budsjett. Postane blir fordelte i eigne justeringar etter faktiske fråvær, ettersom det blir klart kor vi får fråvær.

Reguleringspremie pensjon blir klar i september, og denne er viktig for årsresultatet, da det er snakk om ein stor post som tradisjonelt svingar mykje.

Premieavvik er store «tekniske» postar som ikkje medfører kontanttransaksjonar, men går alltid i 0 over 2 år. Dei påverkar netto driftsresultat det einkilde år. Premieavviket er vanlegvis ei inntekt og blir normalt regulert mot fond, og vil da ikkje påverke overskot eller underskot.

Utgifter

Det er ikkje avdekt store avvik på øvrige «vanlege» utgifter, men det knyter seg alltid litt usikkerheit til regionale kostnader på samarbeid og om det oppstår uførutsette kostnader.

Kommunen har hatt svært høge kostnader til flaum i 2018 og i 2019. Bruttokostnadene er vel 7,7 millionar kroner ved utgangen av 2 tertial. Bokførte kostnadar er for ein stor del dekt med momskompensasjon, tilleggsøyvingar og erstatningsutbetaling hittil i 2019. Det er uavklart i kva grad vi har tilstrekkeleg finansiering på prosjekt 850 ved slutten av året. Det er søkt om skjønsmildar i fleire omgangar, men vi har ikkje fått overføring frå Fylkesmannen. I 2018 var netto meirkostnad på vel 1 million kroner, som ikkje vart inndeckt.

Skjåk kommune har ikkje inndekning kostnadar relatert til flaumsikring.

Finansposter

Forvaltning er i samsvar med finansreglement.

Rentenivået er fortsatt lågt, og er litt lågare enn budsjettføresetnadene. I mars blei det gjort vedtak om å kjøpe tomt i Bellingsdalen med finansiering via lån. Det var ikkje angitt dekning for nye avdrag og renter i kommunestyresak 28. Det er forventa avvik mindre avvik på ulike finanspostar, men at disse vil oppvege kvarandre.

Interne finanstransaksjonar

Resultatet for 2018 er disponert i politisk sak våren 2019. Det er først og fremst eventuelle politiske enkeltvedtak som endrar interne transaksjonar for resten av 2019, det vil seie vedtak finansiert med bruk av fond.

Fond

Politiske løyvingar til og med mars er etterførte på fond. Tilleggsøyvingar vil isolert sett svekke korrigert netto driftsresultat framover. Disposisjonsfondet er oppbrukt, men det står igjenn over 1,4 millionar kroner på næringsfondet, i tillegg til grunnfondet på vel 3,3 millionar kroner.

Vi har langt på veg midlar til småinvesteringar i 2020, dersom det blir vedtak om å avsette tippemidlar og bustadsal til ubunde kapitalfond. Det kjem eiga sak om dette til kommunestyret i september. Kommune har godt med fondsmidlar, men det meste er disponert.

Personal

Ved utgangen av juli er fråværet totalt i kommunen på 6,8 %. Vi har frå hausten 2019 totalt 7 lærlingar fordelt på 4 fag.

Investeringar

HFF-bustader

Lom Bygg AS er totalentreprenør for prosjektet. Bruttokostand på ca. 35 millionar kroner. Det er vedtak på investeringstilskot frå Husbanken på 13,2 millionar kroner. Prosjektet er i rute etter framdriftsplan og

sluttdato er sett til 3 desember 2019. Det er kome krav frå nabo om skjermvegg mellom eigedomane. Skjermveggen har ein tilleggskostnad på ca. 230.000 kroner, og det kan bli nødvendig med tilleggsløyving for finansiering. Elles er det berre mindre avvik på kostnadane i forhold til budsjettet.

Carport omsorgsbustad, Moavegen

Det blir sett i gang bygging av carport for ein bil ved omsorgsbustadane i Moavegen. SEBB AS er bestilt til å utføre oppdraget og skal være ferdig i løpet av 2019. Prosjektet blir finansiert frå ubunde kapitalfond.

Øyberget vassverk

Skjåk kommunestyre vedtok i sak 23/19 å overføre løyving frå 2018 på kr. 900.000 til Øyberget vassverk. Det er gjennomført prøveboring etter ny vasskjelde ved Dønfoss reinseanlegg. Prøveboringa viser overbevisande resultat på mengde. Brønnen vert no prøve pumpa og det vert teke vassprøvar kvar mnd. Prøvane i summar syner at det er stor verdi av fluorid og det er pr. i dag noko usikkert om vi treng eit reinse trinn for å redusere mengde fluorid på reint vatn. Tilbygg for vasskjelde kan være klart summaren 2020.

Utsifting av gateljosarmaturar

I 2019 blir det skifta armatur i av resten i Moavegen og Aurmo bustadområde. Planlagt utsifting av gateljosarmaturar i Dønfossområdet og det som står att i Bismo i 2020.

Skei tomteområde

Entreprise er tildelt lokal entreprenør og anleggsarbeidet i Skei 3 bustadområde starta 1. august. Arbeidet er no godt i gang og etter framdriftsplan skal VA være ferdig 15 desember 2019, rasvoll 1. april 2020 og ferdig vegdekke 1. juli 2020.

Kommentarar i høve til ansvarsområda

	1	2	3	5	6	7
	Avvik	Avvik	Vurdering	Buds(end)	Rekneskap	Rekneskap
	2. tertial	1. tertial	komm.sjef	2019	2019	2018
			rådmann		hittil 5/9	
100 RÅDMANN	300 000	130 000	7 685 000	7 385 000	5 947 264	7 534 275
101 KULTUR	0	0	1 392 000	1 392 000	784 617	1 549 610
102 PLAN, MILJØ OG BEREDSKAP	0	0	4 987 000	4 987 000	2 648 864	4 753 896
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING	0	0	2 087 000	2 087 000	1 218 290	1 676 016
104 ØKONOMI	-50 000	-50 000	3 623 000	3 673 000	1 934 138	3 187 846
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR	0	0	10 571 000	10 571 000	5 293 292	10 792 244
200 OPPVEKST OG UTDANNING	0	0	5 124 000	5 124 000	2 755 785	5 323 166
201 FLYKTNINGAR	0	0	4 582 000	4 582 000	2 909 093	5 464 780
211 DØNFLOSS BARNEHAGE	400 000	400 000	4 336 000	3 936 000	2 839 970	3 989 805
212 HOLEMORK BARNEHAGE	50 000	0	3 915 000	3 865 000	2 376 968	3 694 863
213 BISMO BARNEHAGE	1 100 000	900 000	5 128 000	4 028 000	3 415 103	4 471 269
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	0	0	24 050 000	24 050 000	15 401 538	25 558 826
240 KULTURSKULE	0	0	1 805 000	1 805 000	968 313	1 959 689
300 HELSE OG OMSORG	0	0	2 099 000	2 099 000	1 189 130	1 941 010
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	0	0	22 680 000	22 680 000	15 431 995	23 562 507
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	500 000	0	27 876 000	27 376 000	21 537 145	28 674 875
330 HELSETASJON	0	0	2 442 000	2 442 000	2 023 239	2 549 890
331 NAV	0	0	2 127 000	2 127 000	995 046	2 238 994
332 BARNEVERN	0	0	2 482 000	2 482 000	693 582	2 855 698
350 HELSETENESTER	0	0	5 939 000	5 939 000	4 315 653	7 071 204
420 TEKNISK VAR	0	0	4 394 000	4 394 000	2 503 689	3 738 736
430 TEKNISK DRIFT	0	0	23 720 000	23 720 000	17 434 758	22 900 705
450 LANDBRUK OG NÆRING	0	0	166 000	166 000	1 257 137	141 450
600 FINANS OG OVERFØRINGAR	-2 300 000	0	-173 210 000	-170 910 000	-121 089 501	-175 631 352
TOTALT	0	1 380 000	0	0	-5 214 894	0
Samandrag						
Rådmann ansvar 100 - 150, 430, 450	250 000	80 000	58 625 000	58 375 000	39 022 049	56 274 778
Oppvekst og utdanning ansvar 200 - 299	1 550 000	1 300 000	48 940 000	47 390 000	30 666 769	50 462 398
Helse og omsorg ansvar 300 - 399	500 000	0	65 645 000	65 145 000	46 185 789	68 894 178
Finans og overførningar ansvar 600	-2 300 000	0	-173 210 000	-170 910 000	-121 089 501	-175 631 352
TOTALT	0	1 380 000	0	0	-5 214 894	0

Merk; netto framkostnader er ikkje inndekt og rapportert som avvik, da vi ikkje har fått avklaring på søknad om skjønnsmidlar.

Generelt

Oppdekking av frávær og refusjon frå Rikstrygdeverket ligg i utgangspunktet på fellestenester. Avsette lønsmidlar er fordelte på ansvarsområda og sentral pott til oppdekking og refusjonar relatert til frávær blir fordelte på ulike tidspunkt siste halvår, når det er klart kor vi får frávær.

Fakturaer for reguleringspremie pensjon får vi i september og denne posten kan endre resultatet begge vegar, men vi har avsette midlar til å dekke eventuelle auka kostnader.

Finans og overførningar

Området inneheld premieavvik pensjon, eigenkapitalinnskott KLP, premiefond pensjon, lønsavsetningar, kraftinntekter, rammeoverførningar og skatt, finanspostar, tilskott flyktingar og interne finanstransaksjonar.

Skatt og rammeoverførningar, attendeføring frå KLP og eigedomskatt er omtala i eige punkt tidligare i rapporten. Vi får truleg om lag 100.000 kroner i meirkostnader for å dekke 50% eigendel AFP.

Administrative funksjonar

De fleste administrative einingane, kultur, plan, personal, økonomi, teknisk og næring rapporterer at dei forventar å kome ut på om lag budsjettert nivå. Det er forventna meirforbruk på Kommunedirektøren sitt område, der hovudårsaka er endra lønsvilkår. Ansvar 150 Assisterande rådmann vil eksistere ut året og vi har fått vurdert området i begrensa grad, på grunn av fråvær. Dette gjeld også ansvar 102 Plan, samfunn og miljø og samarbeid med Lom kommune. Vi har heller ikkje få faktura på samarbeidet, men heller ikkje informasjon om avvik.

Oppvekst og utdanning – kommentarar frå kommunalsjef

Som tidlegare rapportert skuldast meirforbruk i barnehagen at det er teke inn fleire ungar enn det som var grunnlaget for budsjettet 2019 og bemanninga i modulbygget. I tillegg er inntekter frå foreldrebetalinga venta bli noko lågare enn budsjettert. Auken i maksprisen frå 01.08. ser ut til å få mindre verknad enn venta. Reduserte inntekter på grunn av redusert barnehagebetaling får og merkbare utslag i Bismo barnehage.

I 1 tertialrapport vart det vist til utfordringar skulen må løyse innfor rama av budsjettet. Dette er utfordringar det, i utgangspunktet, ikkje var teke høgde for i budsjettet:

- 1) At it-kostnadane ved satsinga på iPad, som i hovudsak var forventna å kunne belastast 2018 , i langt større grad vart belasta 2019.
- 2) At tilleggskostnadar som kjem som følgje av 5-dagars veke ikkje var teke med i budsjettet.
- 3) Og at driftskostnadar til Kantina må løysast innfor rama.

Dette gjer at skulen må omprioritere og spare inn på andre områder, eventuelt utsette tiltak som har vore ynskt gjennomført i 2019.

Skulen har gjennomført reduksjonar og nedbemanning etter dei målsettingar som var sett. Dette er gjennomført ved at oppsagt fast stilling ikkje er erstatta, mellombelse stillingar er redusert og permisjonar ikkje er erstatta av vikar.

Samla sett er situasjonen for skulen likevel utfordrande og det er krevjande å kome inn under rama for 2019. Men det er framleis tru på at det skal gå.

Usikkerheita er knytt til eventuelt nye utfordringar som måtte dukke opp, og som skulen ikkje greier å deke opp ved å flytte på eksisterande ressursar.

Felles kulturskule vart etabler frå hausten 2018. I 2019 skal økonomifordelinga harmoniserast inn mot standardavtala. I vertskommuneavtala mellom Lom og Skjåk står det at utgiftene til tenesta blir fordelt ut frå folketal 1.1. i det enkelte budsjettår. Dette betyr at Lom dekker 52% av kostnadane og Skjåk 48% av kostnadane i 2019.

Lom og Skjåk kulturskule har ein samla kostnad på ca 3,5 mill i 2019.

Med det utgangspunktet er kostnaden til Lom kr 1,820 mill og Skjåk kr 1,680 mill.

Helse og omsorg – kommentarar frå kommunalsjef

Kommunalsjef for helse og omsorg, ansvar 300, vil gå i balanse slik det ser ut per 2. tertial. Ifølge liggedøgnstatistikk for intermediære- og KAD- senger på NGLMS, ligg Skjåk kommune innfor budsjettert i bruk per august 2019.

I første tertial rapporterte institusjon om eit mogleg overforbruk, fyrst og fremst pga mindre inntekter enn budsjettert som følgje av lågare pasientbelegg. Gjennomsnittleg beleggsprosent ligg på ca. 85 %, som har vore relativt stabilt dei siste åra, og behovet for korttids- og rehabiliteringsplassar har vist seg å være lågare enn stipulert.

Etter at Sel sjukeheim blei utsett for brann i juni, har vi bistått kommunen ved å ta i mot to sjukeheimsbebuarar, og har nyleg fått stadfesta at Sel har behov for kjøpe desse plassane fram til 31.12. Dette genererer relativt store inntekter til kommunen, noko som bidreg til å redusere det varsla overforbruket betydeleg.

Det er eit kontinuerleg fokus på å tilpasse bemanninga og redusere det generelle kostnadsnivået i forhold til det lågare pasientbelegget, og det er no teke ytterlegare grep ved å redusere grunnbemanninga både på dag og kveld. Innsparinga skjer ved at det ikkje blir leigd inn vikarar ved sjuke- og anna fråvær. Det er etter kommunalsjefen si vurdering grunn til å anslå at institusjon vil gå i balanse så sant tiltaka blir følgt opp og gjennomført.

For heimebaserte tenester held utfordringar knytt til ressurskrevjande tenester fram også i 2. tertial, og det er meldt om overforbruk i forhold til budsjett. Det er utfordrande å vurdere storleiken på eit ev. overforbruk, ikkje minst pga usikkerheit knytt til nivået på tilskottet vi vil få for ressurskrevjande brukarar. Det har også vore stort press på heimesjukepleia i 2. tertial, noko som har generert ekstra kostnader knytt til overtid og bruk av ekstrahjelp.

Det er sett i verk ulike tiltak for å minske overforbruket, bl.a. gjennom å redusere grunnbemanninga på helg. Stillingar blir halden vakante og det blir ikkje leigd inn vikarar eller sett inn ekstrahjelp så sant det ikkje er tvingande nødvendig. Vi har inngått avtale om auka sal av ergoterapitenester til Lom kommune og med Vågå kommune om sal av avlastningsplass i Prestgarden ut året. Vi finansierer delar av avdelingsleiar si løn gjennom prosjektmidlar knytt til innovasjonsprosjektet i avlastning og bufellesskap i fem månader.

Vedtak vil bli gjennomgått for å få vurdert om omfanget av tenester innan miljøarbeidartenesta er på rett nivå for om mogleg å redusere desse noko.

Det blei i budsjett for 2019 lagt inn relativt store innsparingar i pleie og omsorgssektoren som ein effekt av dei nye arbeidstidsordningane, men så langt har ikkje omlegginga ført til ei slik gevinstrealisering. Ein må imidlertid sjå dette nybrottsarbeidet i eit lengre perspektiv og akseptere at det vil ta noko tid før ein oppnår full effekt gjennom evaluering og justering undervegs.

Slik kommunalsjefen vurderer det på noverande tidspunkt, kan det bli eit overforbruk på +/- kr 500 000 totalt sett i heimebaserte tenester så sant tiltaka blir følgt opp og gjennomført.

Helsestasjonen ser ut til å gå i balanse. Miljøterapeutstillinga blir dekt av øyremerka statlege midlar og nye tilskott til vidareføring av pågåande prosjekt. Prosjektstillinga innan førebyggjande helsearbeid er forlenga ut 2019 og er fullt ut finansiert via offentlege tilskott og fondsmidlar.

NAV ser ut til å gå i balanse i 2019, primært pga sjukefråvær som ikkje fullt ut er dekt inn med vikarar, men det skuldast også ytterlegare reduksjon i sosialhjelpsutbetalingane.

Barnevern er frå 1.5. del av den interkommunale barneverntenesta i Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Tenesteleiar i Sel rapporterer om noko auka kostnader i samband med auke i meldingar og iverksetting av tiltak, men at det etter all sannsynlegheit ikkje vil overskride budsjetttrammene for Skjåk kommune sin del.

Legetenesta rapporterer om eit meirforbruk på løn og avslag på budsjettert statleg tilskott, men meirinntekter både i forhold til brukarbetaling og refusjonar frå Helfo, bidreg til å redusere eit eventuelt

overforbruk. Sjukepleieheimelen som er knytt til legekantoret blir finansiert dels frå heimetenester, dels frå vakanse blant helsepersonalet ved legekantoret.

Fysioterapitenesta har eit underforbruk på grunn av etterbetaling av fastlønstilskott frå 2018 som blei godskriven i 2019. Dette bidreg til at helsetenester vil gå i balanse totalt sett, slik kommunalsjefen vurderer det per 2. tertial.

Det er ikkje rapportert om overforbruk i den regionale legevaktvarslinga eller legevaktordninga.

Kommunedirektøren si innstilling

1. Tertialrapporten blir teken til etterretning.
2. Flyktningrekneskapen, prosjekt 900, blir regulert med bruk av fond og avsetting til fond, slik at den går i 0 ved årsavslutning.
3. Kommunedirektøren har fullmakt til å fordele avsette midlar på teneste 1809, som gjeld vikarutgifter og refusjon frå Rikstrygdeverket. Postane blir fordelt ut på dei ansvarsområda som har fråvær, som ikkje er budsjettert.
4. Overførte løyvingar og ubrukte midlar frå 2018 knytt til investeringar, referert i note 14 i rekneskapen, kan justerast inn i kvart enkelt investeringsprosjekt, dersom det er behov for dette ved årsavslutning 2019.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2019

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 17.09.2019

5. Tertialrapporten blir teken til etterretning.
6. Flyktningrekneskapen, prosjekt 900, blir regulert med bruk av fond og avsetting til fond, slik at den går i 0 ved årsavslutning.
7. Kommunedirektøren har fullmakt til å fordele avsette midlar på teneste 1809, som gjeld vikarutgifter og refusjon frå Rikstrygdeverket. Postane blir fordelt ut på dei ansvarsområda som har fråvær, som ikkje er budsjettert.
8. Overførte løyvingar og ubrukte midlar frå 2018 knytt til investeringar, referert i note 14 i rekneskapen, kan justerast inn i kvart enkelt investeringsprosjekt, dersom det er behov for dette ved årsavslutning 2019.



Skjåk kommune

Arkivsak: 2019/683-2
Arkiv: 040
Saksbehandlar: Ivar Bø
Dato: 11.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
51/19	Formannskapet	17.09.2019
65/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Oppseiing av avtale - Personvernombud

Saksdokument

Brev frå Vågå kommune, 28.06.2019

Saksutgreiing

Vågå kommune har sagt opp vertskommuneavtale mellom Lom, Vågå og Skjåk kommunar vedkomande felles personvernombod, datert 1.5/13.6.2018, frå og med 1. september 2019.

Personvernombodet skal sørge for at kommunen behandlar personopplysningar i tråd med regelverk og god praksis. Ombodet skal hjelpe tilsette og innbyggjarar med personvernspørsmål. Personopplysningar er all informasjon eller vurderingar som ein kan knyte til enkeltpersonar. All behandling av personopplysningar er regulert av personopplysningslova. Denne lova skal ivareta personvernet, gjennom å setja krav til korleis slike opplysningar skal bli behandla.

Personvernombodet skal:

- Informere og gje råd til behandlingsansvarleg og dei tilsette
- Overvake etterleving av forordninga og interne retningslinjer
- Gje råd om GDPR (personvernkonsekvensar), og kontrollere gjennomføringa av desse
- Samarbeide med Datatilsynet, og vera kontaktpunkt for Datatilsynet
- Vera kontaktpunkt for dei registrerte

Vurdering

Stortinget vedtok i mai 2018 ei ny personopplysningslov som gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR- General Data Protection Regulation) i Norge.

Når behandlinga av personopplysningar vert utført av ei offentleg myndigheit eller eit offentleg organ pliktar ein å opprette ordninga med personvernombod.

Kommunedirektører tilrår å søke samarbeid med andre kommunar kring felles personvernombod. På møte i Rådmannsutvalet 30.08.2019 vart utfordringa kring felles personvernombod behandla (sak.44/19). Lesja kommune har kompetanse innan arbeid med personvernombod og vil komme med eit tilbod om sal av tenester til kommunane i 6K.

Kommunedirektøren si innstilling

Formannskapet tilrår Skjåk kommunestyre å fatte følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek oppseiing av vertskommuneavtale – personvernombod til etterretning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med ein eller fleire kommunar i 6K om å forhandle fram eit grunnlag for avtale om eit interkommunalt samarbeid kring personvernombod.
3. Om ei vertskommuneavtale kring samarbeid om personvernombod ser ut til å være hensiktsmessig vert utkast til avtale lagt fram for behandling i kommunestyret.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2019

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 17.09.2019

Formannskapet tilrår Skjåk kommunestyre å fatte følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek oppseiing av vertskommuneavtale – personvernombod til etterretning.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med ein eller fleire kommunar i 6K om å forhandle fram eit grunnlag for avtale om eit interkommunalt samarbeid kring personvernombod.
3. Om ei vertskommuneavtale kring samarbeid om personvernombod ser ut til å være hensiktsmessig vert utkast til avtale lagt fram for behandling i kommunestyret.



Vågå Kommune
Rådmannen

LOM KOMMUNE
Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Vår ref.
2018/332-5

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Jan Egil Fossmo
Tlf. 91 13 23 35
jan-egil.fossmo@vaga.kommune.no

Dato
28.06.2019

Oppseiing av avtale - Personvernombod

Syner til vertskommuneavtale mellom Lom, Vågå og Skjåk kommunar vedkomande felles personvernombod, datert 1.5/13.6.2018.

Avtala blir med dette sagt opp frå og med 1. september 2019.

Med helsing

Jan Egil Fossmo
Rådmann

Kopi til:
SKJÅK KOMMUNE Moavegen 30 2690 SKJÅK



Skjåk kommune

Arkivsak: 2018/885-7

Arkiv: J47

Saksbehandlar: Eli Johanne
Lundemo

Dato: 11.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
52/19	Formannskapet	17.09.2019
66/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Nytt treningssenter i Skjåk

Saksutgreiing

Skjåk kommunestyre gjorde 21.02.2019 slikt vedtak:

«Skjåk kommune inngår avtale med Skjåk Industriutleigebygg AS om å leige lokale i Gamle snekkeriet «Hall F», Industrivegen 60, G nr 126, b.nr 153 i ei periode på 12 år, jf. vedlagte forslag til leigekontrakt.

2. Utgiftene første året blir dekt av tidlegare løyvde skjønnsmidlar til frisklivssentral, konto 25 112 15.
3. Utgifter til lokalleige dei neste åra blir innarbeidd i kommunens driftsbudsjett, kompensert med ein inntektspost dekt av brukargebyr/medlemskontigentar.
4. Det blir søkt om eksterne midlar til innkjøp av utstyr frå statlege styresmakter, fylkeskommune og privat næringsliv.
5. Fastsetjing av kontingent/brukarbetaling, der det blir vurdert reduserte prisar for ungdom/studentar og andre grupper, blir lagt fram som eiga sak.»

Ombygging av industrihallen til treningssenter har teke ein del tid, men nå er det i ferd med å bli ferdigstilt. Senteret har universell utforming både av treningsområda og garderobane, slik at det kan nyttast av alle, uansett funksjonsnivå. Dette har vore eitt av hovudargumenta for å etablere det.

Kommunen har søkt om og fått inn eksterne midlar til innkjøp av utstyr, mv. Dette gjer det muleg å starte senteret med nytt utstyr. Men det vil i tillegg vere nødvendig å nytte delar av utstyret som er i Skjåkhallen i dag. Utstyr det er snakk om er spinningssyklar, tredemølle og ev vektutstyr. Vidare må det takast stilling til om dagens styrketreningsrom i Skjåkhallen skal vidareførast eller om det vil vere mest fornuftig å stenge rommet.

Vurdering

I saka 21.02.19 var det presentert alternative betalingssatsar knytt til treningssenterabonnement. Det var eit ønske om graderte satsar til låginntektsgrupper, ungdom og folk med ulike funksjonsnedsettingar.

Nytt forslag til satsar

Det er laga eit nytt forslag til satsar, der det er forsøkt å ta omsyn til desse føringane. Ved fastsetjing av pris for bruk av dei nye treningslokala er det fleire omsyn å ta. Pris skal ikkje vera til hinder for nokon som ynskjer å trene, samstundes må drift av lokala kunne dekkes inn av medlemsbetaling. I tråd med dei føringane som var lagt av kommunestyret, er det hensiktsmessig å gje rabatterte prisar for grupper med spesielt stort utbytte av trening. Prisen bør òg

sjåast i samanheng med prisnivået på samanliknbare aktivitetar i området da dette påverkar betalingsvilja til folk. Dette vil også måtte vurderast opp mot dagens prisar. Dagens pris for å bruke treningsrommet i Skjåkhallen er:

Vaksne:

12 mnd. 625,-

6 mnd. 400,-

Ungdom/student:

12 mnd. 424,-

6 mnd. 250,-

Det vart seld ca 130 adgangskort til styrkerommet 2018.

Satsar for trening i treningscenteret i Utgard i Lom

* Løpende månedlig trekk - Kr. 350,-. For ungdom/ senior mm. - Kr. 200,-.

* Halvårsavtale - Kr. 1.800,-/ Månadleg kr. 300,-. For ungdom/ seniorar - Kr. 990,-/

Månadleg kr. 165,-.

* Årsavtale - Kr. 3.200,-/ Månadleg kr. 266,67 For ungdom/ senior mm. - Kr. 1.800,-/

Månadlig kr. 150,-.

På Dombås treningscenter brukar ein slike satsar:

Eingongssum: 150,- kroner.

Eitt års binding: 325,- kroner per måned.

Utan binding: 430,- kroner per måned.

Vekekort: 250,- kroner.

Elixia/SATS Lillehammer:

Uten tilgang til gruppetimer 499,- pr mnd

Med tilgang til gruppetimer 649,- pr mnd

Samanlikna med andre treningstilbod er tilbodet i styrketreningsrommet i Skjåkhallen svært rimeleg. Det kan også visast til at det er eit gratis tilbod om spinning i andre etasje i hallen. Ei av hovudutfordringane med både styrketreningsrommet og spinningrommet er at det er trapper som må forserast for å kome dit, noko som diskvalifiserar mange med helseutfordringar, men som vil ha stor treningsnytte å bruke tilbodet. I praksis har Skjåk eit sterkt rabattert tilbod til funksjonsfriske, og manglande tilbod til folk med behov for tilrettelegging av ulikt slag.

Under er forslag til prisar i det nye treningscenteret:

	Månadspris	Halvår	År
Vaksen	300,-	1500,-	2800,-
Ungdom/senior*	130,-	700,-	1300,-
Uførepensjonistar**	130,-	700,-	1300,-

*Senior: frå fylt 62 år. Ungdom: Fylgje same retningslinjer som for styrkerommet i dag. Tillete bruk frå 10. kl. med samtykke frå foreldre.

**formannskapet ønskjer ei differensiering slik at låginntektsgrupper også kan bruke tilbodet utan at det kjennest som ei altfor stor utgift. Her er det muleg å differensiere meir, men i utgangspunktet prøver i oss på same pris som ungdom og seniorar generelt må betala.

Vi må også finne fram til ein eigna drop-in-pris. Betaler ein 50 kr gongen så vil det vere muleg for dei som er på besøk eller heime i helgane å bruke tilbodet utan å kjøpe månadskort. Om du går ein gong i veka vil du betale det same som eit månadskort. Det vil kunne gje incitament til å kjøpe månadskort og kanskje trene oftare.

Det vil vere aktuelt for skulen å nytte treningscenteret. Det må lagast eit bookingssystem som gjer at skuleklassene kan nytte treningstilbode i skuletida utan at kommunen skal fakturerast for denne bruken. Opplegget for tinging av treningstid skal det jobbast vidare med i lag med skulen.

Overgangsordningar

For at dei som har betalt halvårs- eller årskort i styrketreningsrommet i idrettshallen ikkje skal oppleve at dei har betalt for eit tilbod som ikkje lenger eksisterer, vil det kunne vere ei overgangsordning der dei nyttar det nye tilbodet innanfor ramma av det dei allereie har betalt for. Når nåverande kort går ut, må dei kjøpe nytt medlemskap på lik line med andre.

I starten vil det også kunne etablerast starttilbodspakker, som gratis personelg trenar eller gruppetreningar som ein normalt må betale for.

Gruppeaktivitet og utleie av lokalet

Lokalet er lagt til rette for gruppeaktivitet med ein sal på om lag 100m². Det er ynskjeleg og positivt å få eit breitt og godt aktivitetstilbod inn i salen. Tilboda bør kunne driftas av både privat og friviljuge. Det er gjort vurderingar i forhold til korleis ein skal få til dette og eit forslag er at private som ynskjer å etablere aktivitetstilbod og ta betaling for tilbodet sitt, betaler ei leige 350 kr timen. For å stimulere til mest mogleg aktivitet og brukarstyrte lågterskel tilbod er det forslag om at friviljuge som ynskjer å etablere tilbod (t.d. spinning) kan gjera det utan å betale leie. Føresetnad her må vera at tilbodet er tilgjengeleg for alle som betaler medlemskap i treningslokala. Merk at betalt adgangskort er ein føresetnad for å delta på tilbodet. Dette bør ligge til grunn for å sikre finansiering av lokalet.

Kommunedirektøren si innstilling

1. Satsane for bruk av treningscenteret i Bismo blir fastsett slik tabellen under viser.

	Månadspris	Halvår	År
Vaksen	300,-	1500,-	2800,-
Ungdom/senior*	200,-	1000,-	2000,-
Uførepensjonistar**	200,-	1000,-	2000,-

2. Utstyr i dagens styrketreningsrom som kan nyttast, blir flytta over til treningscenteret. Styrketreningsrommet i Skjåkhallen blir stengt. Alternativt at det blir vidareført med noko redusert utstyr.
3. Dei som har gyldig halvårs- eller årskort i hallen/styrketreningsrommet, kan nytte dette i treningsrommet fram til det går ut. Etter dette må dei betale dei satsane som gjeld for andre brukarar.
4. Det blir kjøpt inn eit dørkontrollsystem frå certego, som er same selskapet som kommunen nyttar i dag. Dette er innanfor rammene som er sett av til drift av treningscenteret.
5. Kommunen er i gong med å innføre eit administrasjonssystem for dei kommunale idrettsanlegga, administreringa av treningscenteret må om muleg koplast opp mot dette.
6. Det blir kjøpt inn utstyr for å bygge ut utstyrsparken etter kvart som budsjettet tillet det.

7. Drift av treningscenteret blir innarbeidd i budsjettet for 2020.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2019

Tillegg frå formannskapet.

- Nytt pkt: Deltaking på spinningtimar i regi av treningscenteret skal inngå i månadsprisen, halvårspris og årspris.
- Tillegg i pkt. 2. Det er berre utstyr som er eigd av kommunen som skal flyttast frå styrketreningsrommet til treningscenteret.

Kommunedirektøren si innstilling med tillegg frå formannskapet er samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 17.09.2019

Innstilling til kommunestyret:

1. Satsane for bruk av treningscenteret i Bismo blir fastsett slik tabellen under viser.

	Månadspris	Halvår	År
Vaksen	300,-	1500,-	2800,-
Ungdom/senior*	200,-	1000,-	2000,-
Uførepensjonistar**	200,-	1000,-	2000,-

2. Utstyr i dagens styrketreningsrom som kan nyttast, blir flytta over til treningscenteret. Styrketreningsrommet i Skjåkhallen blir stengt. Alternativt at det blir vidareført med noko redusert utstyr. Det er berre utstyr som er eigd av kommunen som skal flyttast frå styrketreningsrommet til treningscenteret.
3. Dei som har gyldig halvårs- eller årskort i hallen/styrketreningsrommet, kan nytte dette i treningsrommet fram til det går ut. Etter dette må dei betale dei satsane som gjeld for andre brukarar.
4. Det blir kjøpt inn eit dørkontrollsystem frå certego, som er same selskapet som kommunen nyttar i dag. Dette er innanfor rammene som er sett av til drift av treningscenteret.
5. Kommunen er i gong med å innføre eit administrasjonssystem for dei kommunale idrettsanlegga, administreringa av treningscenteret må om muleg koplust opp mot dette.
6. Det blir kjøpt inn utstyr for å bygge ut utstyrsparken etter kvart som budsjettet tillet det.
7. Drift av treningscenteret blir innarbeidd i budsjettet for 2020.
8. Deltaking på spinningtimar i regi av treningscenteret skal inngå i månadsprisen, halvårspris og årspris.

Nordberg 11. september 2019

ANG. STYRKEROMMET I SKJÅKHALLEN

Eg ber om at Skjåk kommune informerer om kva som skal skje med styrkerommet i Skjåkhallen.

Dette styrkerommet har i mange år vore eit lågterskeltilbod til mange – både yngre og eldre.

Mange nyttar det i kombinasjon med Skjåkhallen, symjehall og badstu.

Prisen har vore overkommeleg og har nok vore grunnen til at det har vorte så mykje brukt.

Blir styrkerommet nedlagt når det nye treningssenteret står ferdig ?

Kva skjer i så fall med utstyret i styrkerommet i Skjåkhallen ?

Har treningsavgifta vi har betalt i styrkerommet vorte øymerka til nytt utstyr ?

Dersom styrkerommet i Skjåkhallen vert nedlagt så vil eit lågterskeltilbod bli borte.

Korleis vil Skjåk kompensere dette med evt andre lågterskeltilbod ?

Med helsing

Jarleif Ellingbø

J.B.

18/885

Til formannskapet

16/9 - 19

Brukarane av syklane
på spinninggruppane er sterkt
i mot at syklane skal flyttast
Vi ynsker framleis å ha eit
lågterakttilbod. Vi fekk høyrer i
kveld at det skal opp i
formannskapet i morgon utan at
brukarane har vorte rådført.

Eldrid Grande Skjåk,
Barbro Aas

Ragnild Tjodalmsrud
Hålljillig Skarvåen

Toroddne Storringer

Tine Sævi

Siv E.K. Skarvåen

Olga Skarvåen

Åstjagans Gjerdet

(noke hadde gått + det er (andré) fleire
grupper)

F.B.

18/885

Spinningsyklane, historikk mm.

Spinningsyklane har i alle år vore nytta til eit lågterskeltilbod til folk i kommuna (og Lom) der bruken har vore gratis og instruktørane har vore ubetalte friviljuge.

Dei oransje syklane vart kjøpt inn (omlag 12) for fysakmidler av kommuna og plasserte i eit rom på Skjåkheimen. Mange var med og trente.

På grunn av at Skjåkheimen trong rommet vart syklane flytta ned i kjellaren. Rommet i kjellaren eigna seg dårleg slik at syklane vart flytta til eit treningsrom på Interfil. Da starta den eine spinninggruppa òg med styrketrening. Rommet på Interfil var litt for langt unna Skjåkhallen og inne i ei bedrift. Da ungdomsskulen var ferdig og rommet i andre etasjen på Skjåkhallen vart ledig vart syklane flytta dit. Det var meir sentralt slik at fleire kunne nytte syklane. Det vart stor auke av interessa for bruk av syklane og det vart ofte fullt på spinninggruppene. Spinnerne med Sissel Lassemo i spissen søkte da Lom og Skjåk Sparebank om midlar til fleire sykklar der det vart poengtert at dei skulle nyttast til eit logterskeltilbod med friviljuge ubetalte instruktørar. Spinnerne fekk midlar til å kjøpe sykklar av Lom og Skjåk Sparebank. I tillegg hadde spinnerne kronerulling og loddsalg blant brukarane. Sissel Lassemo fekk kjøpt seks nye sykklar. Spinnerne fekk i tillegg ein sykkel av Eidefoss.

Spinnerne spelte musikk frå ein bærbar CD-spelar og ville etter kvart ha eit betre anlegg. Sissel Lassemo innhenta tilbod av Stein Arne Melby og søkte Lom og Skjåk Sparebank om midlar. Med ny kronerulling, meir loddsalg og midlar frå Lom og Skjåk Sparebank vart det kjøpt musikkanlegg som spinnarane eig. Ved hjelp av loddsalg er det òg kjøpt inn flaskehaldarar til spinningsyklane. Instruktørane har sjølv kjøpt inn ledningar for å kunne nytte eigen mobil til å spele musikk gjennom anlegget. Dei lagar òg treningsopplegg og spelar inn musikk.

Kommuna har fått overta dei sju syklane som spinnarane har skaffa mot at dei skal halde dei vedlike og vidareføre eit gratis lågterskeltilbod.

Det har kvart år vore fleire spinninggruppar, skulen og idrettslaget nyttar òg syklane. Måndagskveldane er det gratis styrketrening etter spinningen som mellom anna nyttar vekter som dametrimmen eig og mattane til kampsporten.

Det er mange som nyttar tilbodet. Det finst skrytebøker der dei fleste som nyttar spinningsyklane skriv seg inn. Det er ein stor fordel at syklane er i hallen slik at ulike grupper frå idrettslaget, skulen og spinnerne kan nytte dei. Mange spinner når ungane/barnebarna deira er på turn eller liknande. Spinning er ein aktivitet som mange med forskjellige plager kan vere med på slik at det nyttast òg til rehabilitering for å kome tilbake til yrkeslivet og å halde seg i arbeid. Syklane er ikkje tilpassa folk som har så store helseutfordringar at dei ikkje kjem seg opp til syklane. Det er svært viktig at dette gratistilbodet vert vidareført. Blir det betaling for å nytte syklane vil dei aller fleste falle frå. Folk i kommuna treng dette logterskeltilbodet.

Eldrid Grande Skjaak og Sissel Lassemo

Sissel Lassemo

Kjære politikarar i Skjåk kommune.

Innspel til sak om treningscenter .

Ca år 2006 mottok Skjåk kommune FYSAK-midlar. Dette var øymerka lavterskeltilbod for innbyggjarane i Skjåk kommune.

Det vart innkjøpt spinningssyklar, som har vore plassert både på Skjåkheimen og på Interfil, før dei vart plasserte på 2.et. i Skjåkhallen. Lokala i 2.et. er ikkje i konflikt med anna bruk av Skjåkhallen. Adkomsten er ikkje tilpassa universell utforming, men ein må ansjå dette som eit minimalt problem, da treningsforma heller ikkje er særleg tilpassa bevegelseshemma. Dei bevegelseshemma har tilbod om sykkeltraining hjå fysioterapien. Dette gjev eit tilbod til alle i kommuna.

Spinning er ein treningsform som er skånsom mot rygg, kne og hofter, og eit flott supplement til uteaktivitetar, da særleg på vinterstid. Tilbodet har vore gjennomført med frivillige instruktørar, og er eit lavterskeltilbod i ordets rette forstand. Tilbodet er gratis, og ope for alle, uansett alder eller fysisk form. Her er ingen form for utstyrshysteri, her kan du koma i den gamle T-skjorta, og joggebuksa, eller i spinningantrekk om du ynskjer det. Tilbodet er kjørt med «fysste mann til mølla» prinsippet. Og det er ikkje krav til antall oppmøte.

Vi har ført loggbøker over antall oppmøtt på kvar trening, og i snitt er vi vel 10-12 på kvar trening. Treninga foregår opp til 5 gonger i veka. Ingen tvil om at dette har vore , og er, eit populært tiltak. At dette er gratis, og uforpliktande, har gjort dette til eit unikt tilbod til Skjåk sine innbyggjarar.

Mange av «spinnarane» har barn i turngruppa. Medan barna er på turn, kan foreldra spinne, og barna kan gå på turntreninga frå 2.et. , og koma attande til 2.et. etter turn. Om sykane blir flytta til Snikkeriet, blir det vanskelig for foreldra å delta på spinning.

Det står 17 spinningssyklar på 2.et. 11 av desse er eigd av kommunen, dei resterande 6 er innkjøpt av midlar spinninggruppa har skaffa sjøve. Spinninggruppa eig også musikkanlegg og høgtalarar. Eit par gonger i veka blir det også kjørt styrketrening i etterkant av spinning, dette blir utført i same lokalet, med bruk av vekter/manualar eigd av dametrimmen, der vi brukar mattene som er eigd av Skjåk IL kampsport.

Ser av saksutgreiing at treningscenteret på Snikkeriet er eit lokale på 100m².

Er meininga at spinning og gruppetrening skal vera i same sal? Spinninga utførast med høg musikk, med tilrop av instruktør, og fleire aktivitetar samtidig i same sal fører til at vi forstyrrar kvarandre.

Mange føler det ubekvemst å trene i saman med andre , derfor er det viktig å ha eit lite lokale der alle føler seg vel . Derfor anser vi i spinninggruppa at 2.et på Skjåkhallen er passande i så måte også.

I saksutgreiinga er det også foreslått ein pris av kr. 2.800,- pr år.

Dette vil gjera slutt på eit lavterskeltilbod for innbyggjarane i Skjåk kommune. Det er lettare å «droppe inn» på eit gratistilbod ein gong i blant, enn å måtte betale ein så høg inngangsbillett, og kanskje ikkje nytte seg av tilbodet . Vi er mange som ikkje er nokon typisk treningscenter- kandidat, og konsekvensen av at dette gode treningsmiljøet blir ødelagt, er at folk sluttar med trening.

Vi som er brukarar av spinningssyklane og lokala i 2. etasje, ber om at vi blir høyrde i denne saka, og at spinningssyklane fortsatt kan stå i 2. et. i Skjåkhallen som eit gratistilbod.

*På vegne av spinnarane i 2.etasje:
Ose Fagerus Gjerdet*

Bismo 16.09.19

Til saksbehandlar Eli Johanne Lundemo

Viser til Arkivsak: 2018/885-7. Saksframlegg om nytt treningscenter i Skjåk.

Vi saknar informasjon om det nye treningscenteret og ståa til styrketreningsrommet og allaktivitetsrommet i 2. etasje på Skjåkhallen.

Slik det er i dag nyttar vi både styrketreningsrommet og spinningsyklane i kroppsøvingstimane både i ordinær undervisning og i tilpassa undervisning. Der utstyret og romma ligg no er dei lett tilgjengeleg for å gjennomføre tilpassa undervisning ved skadar, sjukdom og liknande. Samt at ein kan nytte dei i ordinær undervisning utan at det tek av undervisningstida å koma seg dit.

Frå vår ståstad som skule ynskjer vi fylgjande:

Vi beheld rommet i 2. etasje som eit allaktivitetsrom, der vi har tilgang på treningssyklar, spinningsyklar, romaskin, elipsemaskin, sandsekkar, medisinalballar, spegel og enkelt vektutstyr.

Med helsing Anna Krogstad, Trine Sanden og Elisabeth Jevnheim
Skjåk barne- og ungdomsskule

Hei!

Melding om dårleg branntryggleik frå styrketreningsrommet i Skjåkhallen.

Visar til Forskrift om brannforebygging § 9. Sjå vedlagt bilde, som dykk ser er dette alvorleg brot på forskriftkrav. Rømmingsveg er sperra med utstyr, elles er rommet overfylt med utstyr. Dette kan ved eventuell røykutvikling/brann kunne føre til alvorlege konsekvensar for brukar.

Dette må utbetrast med før vidare bruk. Brannvesenet ber om tilbakemelding når dette er utført.


Med helsing

**Atle Festervoll
Brannsjef | atle.festervoll@skjaak.kommune.no
Mob. 9598 9941**



LOM OG SKJÅK BRANNVESEN

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2019/844-1
		Arkiv: Q21
		Saksbehandlar: Eli Johanne Lundemo
		Dato: 11.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
53/19	Formannskapet	17.09.2019
67/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

El-sykelstig Dønfoss - Langvatn

Saksdokument

Div saker 2013/932 om sykkelstig Dønfoss-Langevatn.

Saksutgreiing

Samferdselsdepartementet løyvde i 2012 2 mill.kr. til sykkelstig Dønfoss-Langevatn. Kostnaden for heile strekninga var utrekna til om lag 7 mill.kr. Prosjektet var eit økonomisk og driftsmessig samarbeid mellom Skjåk kommune og Skjåk Almanning. Ein stor del av prosjektet er nå gjennomført. Men det står att om lag 3,7 kilometer før ein har ein samanhengande sykkelveg utan å måtte inn på fylkes- eller riksveg.

Etter at sykkelstigsprosjektet vart initiert og i stor grad gjennomført, har det vorte eit nytt tilskot til sykkelfamilien, nemleg el-syklar. Dette er ei sykkeltype som breier meir og meir om seg, og som fleire nyttar sykkel som framkomstmiddel også i fritida. Sykkelstigen frå Dønfoss til Langevatn vil kunne vere eit godt tilbod til turistar og andre som gjerne vil kome seg ut i naturen, og som treng ei viss tilrettelegging.

Skjåk kommune tek difor initiativ til å få bygd ferdig sykkelstig frå Dønfoss til Geirangerkrysset i Breidalen. Tanken er at det skal etablerast ladestasjonar for el-sykel langs strekninga. Dette vil bli landets fyrste sykkelstig med ladestasjonar bygd i skogs- og høgfjellsterreng, godt skjerma frå bilvegar med stor trafikk. Det står att ein strekning på rundt 3,7 kilometer for å få heile strekninga samanhengande utan å måtte inn på fylkes- eller riksveg. Total veglengde vel 40 km, med ein høgdeforskjell på 500 m. Som ein del av prosjektet må sykkelstigen merkast godt der den tek at frå fylkes- og riksveg, og den må marknadsførast godt. Den kan nyttast heilt eller strekningsvis.

I arbeidet med revisjon av kommuneplan for Skjåk kommune i 2010, var ein av hovudstrategiane å skape sikre forhold for gåande og syklande langs Rv15 gjennom Skjåk. Med unntak av strekninga Vollungsbru-Bismo, mindre strekningar ved Ånstad og Dønfoss-Furuly camping er det ikkje bygd fleire gang- og sykkelvegar gjennom Skjåk. Strekninga Bukkodden bru-Furuly camping er regulert til formålet og låg i 2016 inne i NTP for gjennomføring, men vart teke att ut og står framleis på vent. I samband med kommuneplanarbeidet vart det i 2010 laga ein prosjektplan for bygging av sykkelstig frå Dønfoss til Langvatn (Geirangerkrysset). For å få fullført prosjektet, er ein avhengig av meir pengar. Det kan elles leggjast til at det i 2009 vart laga ei konsekvensutgreiing for gang- og sykkelveg langs Rv 15 Lom grense til Furuly camping/Dønfoss

Strekninga Dønfoss til Stuttgongen/Nysætra som er bygd på eksisterande og nye skogsbilvegar i regi Skjåk Almenning, er omtrent ferdig. På denne strekninga er det bygd ein ca 2,5 km lang asfaltert trase til rettelt for funksjonshemma. Frå stuttgongen til litt aust for Grotli Fjellstugu står det altså att ein ubygd strekning på 3,7 kilometer. Derfrå vil sykkelstigen fylgje den gamle bilvegen til Grotli Hotell. Frå hotellet og vestover vil den gamle Geirangervegen bli nytta. Etter at heilårsvegen Skjåk-Stryn vart opna i 1978, vart vegtraseen Grotli Fjellstugu-Langvatn lagt ut til privat bruk av Statens vegvesen. Vegen er vegesenet sin eigedom. I samband med Øvre Otta-utbygginga var strekninga Grotli-Langvatn oppgrusa, men den treng nå ein del vedlikehald. Om vinteren blir traseen nytta til skiløyper. Den største utfordringa er å få bygd strekningane der det i dag ikkje er veg. Dette finst det ikkje midlar til.

Får ein denne på plass, har ein faktisk samanhengande sykkelveg frå Dønfoss til Geirangerkrysset. Noko som betyr tryggleig for brukarane, vegen som oppleving og ikkje minst tilrettelagt for el-syklar og funksjonshemma. Det resterande arbeidet var i 2010 rekna til 2 millionar kroner. Kostnaden i dag er så langt ukjent, men det trengs ny oppgrusing og mindre reparasjonar enkelte stadar. Kommunen vil med bakgrunn i ny gjennomgang av prosjektet og i dialog med grunneigarar og beitebrukarar arbeide med finansiering for å få fullført prosjektet.

Vurdering

Det er lagt ned stor innsats i å få ein samanhengande sykkeltrasé mellom Dønfoss og Langevatn. I dag er det likevel slik at syklistane må ut på Rv15 for å kunne sykle heile distansen. I sommarhalvåret er dette ein sterkt trafikkert veg, og det er eit stort innslag av tungtransport heile året. Dette gjer det krevjande for urøynde syklistar å ta seg fram på heile ruta. Med e-syklar vil ein kunne nå nye målgrupper for sykling langs turstigar. Som det går fram av saksutgreiinga, vil det vere eit unikt høve for Skjåk å kunne tilby ei så lang og samanhengande sykkelløype. Dette vil kunne dra til seg fleire turistar, noko som igjen vil vere positivt for reiselivsverksemdene i Skjåk.

Tilrådinga er at det blir sett i gong eit arbeid med å finne ei løysing for den delen av sykkeltraséen som står att før ein har ei samanhengande sykkelløype mellom Dønfoss og Langevatn. Dette må vere eit samarbeid med Skjåk Almenning, og det må inkludere sæterinteressene i området.

Kommunedirektøren si innstilling

1. Det blir sett i gong eit arbeid med å slutføre prosjektet sykkelstig Dønfoss-Langevatn. Dette utgjer om lag 3,7 km. Arbeidet skjer i tett samarbeid med Skjåk Almenning.
2. Arbeidet blir sett i gong oktober 2019 og det skal liggje føre eit framlegg til finansiering og gjennomføring av prosjektet innan april 2020.

Behandling i Formannskapet - 17.09.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 17.09.2019

Innstilling til kommunestyret:

1. Det blir sett i gong eit arbeid med å slutføre prosjektet sykkelstig Dønfoss-Langevatn. Dette utgjer om lag 3,7 km. Arbeidet skjer i tett samarbeid med Skjåk Almenning.
2. Arbeidet blir sett i gong oktober 2019 og det skal liggje føre eit framlegg til finansiering og gjennomføring av prosjektet innan april 2020.



Skjåk kommune

Arkivsak: 2019/604-3

Arkiv: 082

Saksbehandlar: Unnvald Bakke

Dato: 09.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
54/19	Formannskapet	17.09.2019
68/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Revisjon av reglar for folkevalde 2019

Vedlegg

1 Forslag til revisjon 2019

Saksdokument

Forslag til reglement

Saksutgreiing

Viser til kommunelova kapittel 7, §§41, 42 og 43 (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107>)

§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerede tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring.

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

§ 43. Pensjonsordning.

Kommunestyret og fylkestinget kan selv vedta å opprette eller slutte seg til en pensjonsordning for folkevalgte i kommunen eller fylkeskommunen.

Kongen kan i forskrift fastsette nærmere bestemmelser om slike pensjonsordninger.

Formannskapet vedtok 11.06.2019 at «Reglar for godtgjersle til folkevalde» skal reviderast. Samtidig oppnemnde formannskapet ei nemnd som skulle drøfte og legge fram forslag til revidert reglement.

Reglane bør reviderast med jamne mellomrom. Formannskapet peikar ut ei nemnd som skal kome med innspel til rådmannen i arbeidet med revidering av reglar for godtgjersle til folkevalde i Skjåk kommune.

Vedtak i Formannskapet - 11.06.2019

Formannskapet vel følgjande nemnd som skal gå gjennom gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde. Nemnda kan ha intill 2 møter, der dei kjem med innspel i arbeidet med utforming av reglar for godtgjersle for folkevalde. Administrasjonen kallar inn, leier og refererer frå møta:

1. Per Lars Lien
2. Odd Joar Ramstad
3. Heidi Banken Fallingen

«Reglar for godtgjersle til folkevalde» vart sist revidert i 2014 (Skjåk kommunestyre sak 51/14), og seinare presisert og justert i kommunestyrevedtak sakene 63/14 og 113/15. I tillegg vedtok formannskapet som klagenemnd i F-sak 113/15 ein foreldingsfrist for krav om godtgjersle.

Nemnda har hatt to møter der forslaget har vort drøfta (21.08 og 05.09).

Vurdering

Endringar:

1. Alle satsar er oppdatert etter prisindeks frå sist revisjon i 2014.
2. Endringar som er vedtekne etter 2014 er innarbeidd.
3. Alle satsar er no knytt til ordførarløn, slik at alle satsane vil bli justert årleg saaman med ordførarløna.
4. I punkt 5) er det teke ut :

Legitimert krav: ved stell og pass av sjuke og eldre med inntil kr. 150 - pr time, maks kr 1150 - pr dag.

Ulegitimert krav: med kr. 250. pr møte

Grunngjeving: - dette er eit punkt som ikkje blir nytta i denne samanheng.

Nemnda legg fram vedlagde forslag til revidert reglement.

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret vedtek revidert reglement for godtgjersle til folkevalde

Behandling i Formannskapet - 17.09.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 17.09.2019

Kommunestyret vedtek revidert reglement for godtgjersle til folkevalde

Forslag til «Reglar for godtgjersle til folkevalde» 2019.

1. Bakgrunn.....	1
2.0 Forslag til revidering av reglement.....	2

1. Bakgrunn

Viser til kommunelova kapittel 7, §§41, 42 og 43 (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107>)

§ 41. *Dekning av utgifter og økonomisk tap.*

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.
2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerede tap.

§ 42. *Arbeidsgodtgjøring.*

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

§ 43. *Pensjonsordning.*

Kommunestyret og fylkestinget kan selv vedta å opprette eller slutte seg til en pensjonsordning for folkevalgte i kommunen eller fylkeskommunen.

Kongen kan i forskrift fastsette nærmere bestemmelser om slike pensjonsordninger.

Revisjon

Formannskapet vedtok 11.06.2019 at «Reglar for godtgjersle til folkevalde» skal reviderast. Samtidig oppnemnde formannskapet ei nemnd som skulle drøfte og legge fram forslag til revidert reglement.

Reglane bør reviderast med jamne mellomrom. Formannskapet peikar ut ei nemnd som skal kome med innspel til rådmannen i arbeidet med revidering av reglar for godtgjersle til folkevalde i Skjåk kommune.

Vedtak i Formannskapet - 11.06.2019

Formannskapet vel følgjande nemnd som skal gå gjennom gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde. Nemnda kan ha intill 2 møter, der dei kjem med innspel i arbeidet med utforming av reglar for godtgjersle for folkevalde. Administrasjonen kallar inn, leier og refererer frå møta:

1. Per Lars Lien
2. Odd Joar Ramstad
3. Heidi Banken Fallingen

«Reglar for godtgjersle til folkevalde» vart sist revidert i 2014 (Skjåk kommunestyre sak 51/14), og seinare presisert og jusstert i kommunestyrevedtak sakene 63/14 og 113/15. I tillegg vedtok formannskapet som klagenemnd i F-sak 113/15 ein foreldingsfrist for krav om godtgjersle.

2.0 Forslag til revidering av reglement

Gjeldande frå 01.01.2020.

Det er i dette forslaget ikkje gjort andre endringar i reglementet enn at satsane er oppjustert etter årleg prisindeks (**raud skrift**).

I tillegg er alle satsane utrekna som prosentar av ordførar si løn. (Prosentatsen er tydeleggjort i parentes.)

Alle satsane blir da regulert årleg og ikkje berre kvart 4. år.

Reglar for godtgjersle til folkevalde.

1. Definisjonar.

Møte:

Møte med skriftleg innkalling og sakliste/saksutgreiing som medfører arbeid til førebuing. Skriftleg innkalling til representasjon eller synfaring som har betydning for sak som skal handsamast i politisk organ.

Formannskapet kan godkjenne drøftingsmøter/arbeidsmøter som ordinære møter når medlemmane er forventa å skulle førebu seg ut frå utsendte møtedokument som til eit ordinært møte.

Møtegodtgjersle:

Godtgjersle for politisk arbeid i tilknytning til politiske møter, jfr. punkt møte.

Tapt arbeidsforteneste: Det økonomiske tap eit medlem har grunna deltaking i politisk verksemd t.d. møte eller anna oppdrag.

Erstatning for slikt tap skal utbetalast for den tida eit medlem er borte frå ordinært arbeid etter fastsette satsar som inkluderer feriepengar samt eventuelle tillegg for ubekvem arbeidstid

Personar med omsorgsansvar: Personar med omsorgsansvar for mindreårige (u.16 år) eller for sjuke/uføre som ikkje kan klare seg sjølv. Godtgjersle fastsatt i eige punkt legitimert eller ulegitimert krav.

Deltidstilsette: Personer med mindre enn 100 % stilling eller personar med arbeid som må takast att etter brukt møtetid, kan ved å legitimere at ein ikkje har anledning til å utføre førespurt arbeid eller har arbeid som må utsetjast kome under ulegitimert sats for tapt arbeidsforteneste.

Legitimert tap: trekkerklæring frå arbeidsgjevar v/ utskrift av lønsrekning.

Leigd hjelp: Dokumenterte utgifter for leigd hjelp ved frávær grunna politisk arbeid. Dokumentasjon med kvittering frå motteke løn.

Ordførargodtgjersle: ordføraren si godtgjersle er basert på 100% stilling og utgjer 80 % av løn til ein stortingsrepresentant. Løna vert regulert kvar 01.01.kvart år. Innsending til økonomikontor av denne regulering/justering ligg under rådmannens ansvarsområde.

Medlemmer: Deltakare i møte med alle rettar og plikter i medhald av kommunelova eller særlover.

Frikjøp: Etablering av ordinært lønsforhold etter prinsipp som for ordførar. Godtgjersla skal utgjere samla vederlag for politisk arbeid etter omfang fastsatt særskild.

Sekretærarbeid: Der kommunen ikkje stiller med eigen sekretær, men har godkjent annan protokollførar, mottar denne same godtgjersla som for leiaren av utvalet.

2. Møtegodtgjersle:

a. For alle møter i kommunale styrer, råd, utval, nemnder, og møter i tidsavgrensa emneorienterte utval og kyrkja sine organ, skal det utbetalast møtegodtgjersle pr. møte med satsar som fastsett nedanfor i dette punkt.

For leiar i styre råd og utval vert det utbetalt godtgjersle pr. møte etter eigne satsar for leiaren. Dette gjeld også fungerande møteleiar der leiaren har forfall.

Møtegodtgjersla vert fastsatt etter satsar i gruppe 1, 2, og 3 på fyljande måte:

Gruppe 1. Medlemmer og møtande varamedlemmer i formannskap unnateke ordføraren:

Medlemmer: 0,167 % av ordførarløn pr. møte.

Leiar: 0,224 % av ordførarløn pr. møte.

Gruppe 2. Medlemmer og møtande varamedlemmer i hovudutvala, kommunestyret, kontrollutval, forliksråd og overformynderiet:

Medlemmer: 0,123 % av ordførarløn pr. møte

Leiar: 0,159 % av ordførarløn pr. møte

Gruppe 3. Medlemmer og møtande varamedlemmer i underutval (eks. brukarråd, elderråd, ungdomsstyre) og i alle andre styrer, råd og utval som har rett til møtegodtgjersle.

Medlemmer: 0,069 % av ordførarløn pr. møte

Leiar: 0,112 % av ordførarløn pr. møte

Varamedlemmer som møter i enkeltsaker/deler av møte får utbetalt møtegodtgjersle med halv sats av ordinær godtgjersle.

Dei tilsette sine representantar i administrasjonsutval får utbetalt møtegodtgjersle pr. møte etter sats i gruppe 3.

b. For organ som i fylje lov eller kommunalt vedtak er tillagt ulike funksjoner, og/eller dersom same saksdokument vert behandla i to møter same dag, vert det ikkje ytt dobbel møtegodtgjersle, men det skal utbetalast i den gruppa med høgaste sats.

c. Dersom det er møte på same dag for eit eller fleire organ med ulike saksdokument, skal det utbetalast godtgjersle for dei ulike organa.

d. Møtegodtgjersle skal ikkje utbetalast til kommunale tenestemenn/kvinner med mindre vedkommande møter som vald medlem.

3. Fast årleg godtgjersle.

a. Ordførar får utbetalt fast årleg godtgjersle for vervet. Løna er 80 % av ein stortingsrepresentant si løn i 100 % stilling. Løna vert regulert pr.01.01. kvart år. Godtgjersla er fastsatt som samla kompensasjon for alt politisk arbeid som vervet medfører og skal og dekke tapt arbeidsforteneste.

Ordførar i meir enn 50 % stilling har rett til pensjonsmedlemskap på line med tilsette i kommunen, samt høve til å ta ut venteløn i 3 mnd.

b. Fyljande får utbetalt fast årleg godtgjersle for politiske verv med prosentdel av ordførargodtgjersla pr.1. januar i budsjettåret.

- varaordførar 10 % av ordførarløn

- leiar av sektorstyra 5 % av ordførarløn

- formannskapsmedlemmer 5 % av ordførarløn

Desse får i tillegg møtegodtgjersle for formannskapsmøter, representasjon og andre oppdrag der det er skriftleg innkalling frå ordførar.

c. Varaordførar som går inn som vikar for ordførar ved langvarig fråvær, skal få utbetalt godtgjersle som ordførar i fungeringsperioden.

4. Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste.

Godtgjersle for tapt arbeidsforteneste kan ytast i tillegg til møtegodtgjersla med unntak av ordførargodtgjersla jfr.pkt.3 a og for fri-kjøpte politikarar jfr.pkt.6 Som hovudregel skal det leggst til grunn den tid som går med til å utføre vervet, med eventuelt 1 time før og etter møte. (førebuing, transport m.v.) inntil 7,5 time.

4.1 Arbeidstakarar.

Ytinga skal vere erstatning for reelt tap av arbeidsinntekt for arbeidstakarar. Tap i arbeidsinntekt skal dokumenterast, jfr. pkt 1.

4.2 Sjølvstendig næringsdrivande

For sjølvstendig næringsdrivande kan det ystast godtgjersle for ulegitimert tapt arbeidsforteneste etter rekning på dagtid. For næringsdrivande som har naturleg arbeidstid på kveldstid kan det også ystast godtgjersle denne tida (t.d. innan landbruket).

4.3. Maks godtgjersle

For pkt 4.1 og 4.2 blir det sett ei øvre grense for tapt arbeidsforteneste med inntil **kr. 310,-** pr. time (0,039% av ordførarløn) og maks **kr. 2250,-** pr. dag (0,285% av ordførar løn).

Merknad: Formannskapet vedtok, som klagenemnd i (F-sak 113/15) at foreldingsfristen er 3 år frå dagen ev krav blir motteke.

5. Refusjon av utgifter til stedfortreder og omsorgsarbeid.

personar med omsorgsansvar (jfr.pkt.1) har rett til å få dekt legitimert ekstrautgifter ved utføring av offentlege verv slik:

Legitimert krav: ved barnepass med inntil **kr. 790,-** pr. dag (0,100% av ordførarløn).

Ulegitimert krav: med **kr 282,-** pr. møte (0,036% av ordførarløn).

6. Frikjøp av tid.

Folkevalde med særleg omfattande arbeidsoppgåver kan få godtgjort frikjøp av tid. Slik frikjøp av tid kan innebere plikt å vere tilstades i kontortid når det fysisk er lagt til rette for det.

Varaordførar og leiarar i sektorstyra kan få frikjøp av tid med inntil 20 % av full stilling (tilsvarande 1 dag pr. veke.) Personar med mange verv, eller særleg arbeidskrevjande verv, kan få frikjøp til mellom 20 og 30 % av full stilling. Ordførar avgjer slike saker.

Frikjøp av tid vert godtgjort med fastsett prosentsats av ordførargodtgjersla.

7. Godtgjersle folkevald for enkeltoppdrag.

Godtgjersla til folkevalde for enkelt oppdrag/representasjon blir utbetalt med **kr 1 295,-** pr. dag (0,164% av ordførarløn).

Dette gjeld ikkje dei som ligg under pkt.3 b, varaordførar, formannskapsmedlemmer og leiarar for sektorstyra. (Sjå egne satsar for godtgjersle)

8. Reise og kostgodtgjersle.


For reise og kostgodtgjersle gjeld satsane i det kommunale reiseregulativ.

9. Regulering.

Godtgjersle og satsar i "Reglar for godtgjersle for folkevalde" vert fastsatt pr. 01.01. i budsjettåret i gruppe 1,2,3, jfr.pkt.2a. Godtgjersle og satsar skal kvart år justerast frå 01.01. i tråd med retningslinene, med mindre det vert foreslått og vedteke endringar i reglementet.

10. Unnatak.

Ordførar kan gjere unnatak frå desse reglane i særlege høver, og tek avgjer om tolking av desse reglane.

	Skjåk kommune	Arkivsak: 2019/856-4
		Arkiv: X53
		Saksbehandlar: Ove John Plassen
		Dato: 17.09.2019

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
	Miljø- og næringsutvalet	
	Formannskapet	
69/19	Skjåk kommunestyre	26.09.2019

Vurdering av skredfare frå Bosmeberget

Saksutgreiing

Det gjekk eit steinsprang frå Bosmeberget søndag 14. juli 2019. Det meste av steinen stoppa i urda nedunder berget, men ei forholdsvis stor blokk på ca 3,5 m³ trilla vidare og stoppa ved ei tilfeldigheit ca. 150 m frå bebyggelsen. Bebuarane i området var bekymra både for steinen som hadde kome nedover skogen og for at det skal kome nye skred.

Skjåk kommune engasjerte maskinentreprenør til å sikre steinen slik at den ikkje skulle trille vidare. NGI er og engasjert til å gjennomføre skredfarevurdering etter TEK 17 for eigedomane Gnr. 80/1, 80/4, 80/5, 80/8, 81/1 og 82/1. Kostnad for skredfarevurderinga er stipulert til kr. 120.000

Vurdering

Aktsemdkart for steinsprang utarbeida av NVE viser potensielle utløysings- og utløpsområder for steinsprang. Karta seier ikkje noko om sannsynet for steinsprang. Karta er først og fremst eit grunnlag for vidare vurdering av skredfare og for fastsetting av omsynssoner i arealplanar på kommuneplannivå. Området som det er bestilt skredfarevurdering på ligg innafør farenivået for steinsprang på aktsemdkartet.

Det har vore vurdert både administrert i Skjåk kommune og saman med med KS-advokatane om skredfarevurdering av eit bestemt område er ei kommunal oppgåve. Det som er spesielt i dette tilfellet er at det faktisk har gått eit skred og det må vurderast om det er fare for fleire skred. Skulle det skje fleire hendingar utan at kommunen kan dokumentere at faren har vore vurdert, kan det fort bli eit spørsmål om kven som har ansvaret for at det ikkje har skjedd noko. Konklusjonen ein har kome fram til er at kommunen i dette tilfellet dekkjer kostandane med skredfarevurdering.

Skulle det etter skredfarevurderinga vise seg at det må setjast inn tiltak eller sikring for at det skal være trygt å bu i området, må NVE koplust på.

Kommunedirektøren si innstilling

Det blir løyv inntil 140.000 kroner frå næringsfond til skredfarevurdering av Bosmeberget over konto 1270.430.1901

